

# Ing-ord sin semantikk

Ein kvalitativ og kvantitativ studie  
av tydingar og tydingsutvikling hjå ing-ord  
i russiske aviser og i ordbøker (2000-2011)

Benedikte Fjellanger Vardøy



Masteroppgåve i russisk  
Institutt for framandspråk  
Hausten 2012  
Rettleiar: Margje Post, UiB  
Birettleiar: Atle Grønn, UiO





# Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	7
1.1 Definisjonar.....	7
1.2 Problemstillingar og metode.....	8
1.3 Tidlegare litteratur.....	10
2.0 Semantikk hjå lånord.....	11
2.1 Semantikk.....	11
2.1.1 Innhaldet i den språklege eininga.....	11
2.1.2 Den språklege eininga i kontekst.....	12
2.1.3 Semantisk endring.....	13
2.2 Lånord til russisk.....	14
2.2.1 Ulike typar lånord.....	14
2.2.2 Vilkår for lån til russisk etter perestrojka.....	18
2.2.3 Grunnar til lån til russisk etter perestrojka.....	19
2.3 Lånord sine semantiske eigenskapar i russisk.....	22
2.3.1 Semantiske særtrekk hjå lånordet ved lånetidspunktet.....	22
2.3.2 Semantisk endring etter lånetidspunktet.....	24
3.0 Ing-ord.....	26
3.1 Ing-ord i russisk.....	26
3.1.1 Ing-ord og andre substantiv på -ing.....	26
3.1.2 Ordklasse og deklinasjon.....	29
3.1.3 Ortografi og lydbilete.....	29
3.1.4 Trykkplassering.....	30
3.1.5 Orddanning med ing-ord.....	30
3.1.6 Tematisk fordeling av ing-ord.....	31
3.1.7 Verbalsubstantiv og ing-ord.....	32
3.1.8 Ing-ord i eintalsform og fleirtalsform.....	34
3.2 Den språklege eininga -ing.....	35
3.2.1 -ing i engelsk.....	35
3.2.2 Eininga -ing i russisk.....	37
3.2.3 Russiske nydanningar på -ing.....	40
3.3 Mi vurdering av ing-ord og eininga -ing.....	41
4.0 To undersøkingar av digitaliserte tekstsamlingar med avisspråk.....	43
4.1 Språket i massemedia.....	43
4.2 Tekstsamlingar i undersøkinga mi.....	45
4.2.1 Korpus.....	45
4.2.2 NKRJa: Det nasjonale korpuset over russisk språk.....	49
4.2.3 Integrum.....	51
4.2.4 Ordbøker.....	53
4.3 Mi undersøking av ing-ord.....	56
4.3.1 Undersøkinga av data frå korpus.....	56
4.3.2 Undersøking av relativ frekvens.....	62
4.3.3 Undersøkinga av Integrum og ordbøker.....	65
4.3.4 NKRJa-ak, Integrum og ordbøker som utfyllande ressursar i undersøkinga.....	66
5.0 Presentasjon av lista over ing-ord.....	67
5.1 Orda i lista.....	67
5.1.1 Tal på førekomstar.....	68
5.1.2 Tilknytning til engelske verb.....	68
5.2 Atterhald.....	70

6.0 Ein kvalitativ analyse av semantisk innhald og utvikling hjå somme ing-ord.....	71
6.1 Rating.....	73
6.1.1 Rejting i russiske ordbøker over lå nord.....	73
6.1.2 Rating i engelske ordbøker.....	74
6.1.3 Rejting i aviser frå 2000.....	75
6.1.4 Rejting i aviser frå 2011.....	78
6.1.5 Rejting i 2000 og 2011.....	81
6.2 Kasting.....	82
6.2.1 Kasting i russiske ordbøker over lå nord.....	82
6.2.2 Casting i engelske ordbøker.....	83
6.2.3 Kasting i aviser frå 2000.....	84
6.2.4 Kasting i aviser frå 2011.....	87
6.2.5 Kasting i 2000 og 2011.....	89
6.3 Trening.....	90
6.3.1 Trening i russiske ordbøker over lå nord.....	90
6.3.2 Training i engelske ordbøker.....	91
6.3.3 Trening i aviser frå 2000.....	92
6.3.4 Trening i aviser frå 2011.....	96
6.3.5 Trening i 2000 og 2011.....	99
6.4 Bodibilding.....	100
6.4.1 Bodibilding i russiske ordbøker over lå nord.....	100
6.4.2 Bodybuilding i engelske ordbøker.....	101
6.4.3 Bodibilding i aviser frå 2000.....	101
6.4.4 Bodibilding i aviser frå 2011.....	105
6.4.5 Bodibilding i 2000 og 2011.....	107
6.5 Lifting.....	108
6.5.1 Lifting i russiske ordbøker over lå nord.....	108
6.5.2 Lifting i engelske ordbøker.....	109
6.5.3 Lifting i aviser frå 2000.....	111
6.5.4 Lifting i aviser frå 2011.....	114
6.5.5 Lifting i 2000 og 2011.....	118
6.6 Samanfating av resultat frå kapittel 6.....	119
7.0 Konklusjonar.....	124
Kjelder.....	128
Liste over døme, med referansar.....	134

# Takk

Bak denne masteroppgåva ligg det grubleri, openberringar, frustrasjon og glede. Det er mange som må takkast for at oppgåva til slutt har blitt som den er.

Fyrst og fremst vil eg retta ei stor takk til rettleiaren min Margje Post for alle gode råd undervegs. Det meste av rettleiinga har gått over e-post, ei oppgåve Post tok på strak arm. Eg har drege stor nytte av alle dei tallause kommentarane hennar. Eg vil òg takka birettleiaren min Atle Grønn ved UiO for konstruktive innspel, nye perspektiv og forklaringar. Takk til Brita Lotsberg Bryn for å ha vore med og peila meg inn på desse ing-orda i juni 2011, og for å ha vore med på å redde meg då eg trong hjelp mot slutten av arbeidet.

Takk til tilsette ved Det norske universitetscenteret for både praktisk hjelp og varm omsorg gjennom mange månader, og til kjære Galina Aleksandrovna Pimenova ved St. Peterburgs statlege skogtekniske universitet (SPBGLTU) for fagleg assistanse og varme smil.

Takk til Anne Brautaset og Audun Johannes Mørch for mitt livs mest lærerike 17. mai-feiring. Min tidlegare lærar i lingvistisk metode Koenraad de Smedt og tilsette ved Det nasjonale korpuset over russisk språk, særleg Mikhail A. Daniel' og Aleksej Zobnin, har vore til stor hjelp når eg har hatt spørsmål om korpus. Takk òg til tilsette ved Språkrådet for hjelp med omsetjing av terminologi til norsk.

Takk til mamma og pappa, som har uttrykt at dei er glade i meg uansett korleis det måtte gå. Takk til vener og studiekameratar for lufteturar, og både strenge og venlege ord, og til borna i familien, som jamnt har mint meg på kor viktig det er å leika. Ein stor takk til Kristina Espeseth og kjærasten min, Gunnstein Husa, for gjennomlesing. Oppgåva kunne ikkje blitt til utan Gunnstein, som har retta skrivefeil, tørka tårer, laga middag og hatt trua på meg.

Eg er sjølv sagt sjølv åleine ansvarleg for eventuelle feil og manglar i oppgåva.

*Today is a good day for the study of language.*

*- John Sinclair*

# Abstract

Recently, many English *-ing* form words have entered the Russian language, like for example *miting, konsalting* (*meeting, consulting*). I have examined this group of borrowed words, which I call *-ing-words*. In Russian, such words are sometimes associated with a verbal belonging. My aim has been to reveal whether *-ing-words* have common semantic meanings and connotations, and whether the words show signs of any common semantic development from 2000 to 2011. The data I have used consists of data from the Russian National Corpus (RNC), the database Integrum, as well as dictionary entries from English and Russian dictionaries.

To get an overview of *-ing-words* in Russian, I have composed a list of 272 *-ing-words* from the RNC Newspaper corpus, which shows how the different *-ing-words* are distributed in the corpus. The list makes it clear that many English nouns that correspond to *-ing-words* already have a meaning different from verbal nouns. Therefore, *-ing-words* do not necessarily origin directly from verb forms or verbal nouns (*gerunds*). The words in the list are heterogeneous when it comes to thematic distribution.

The semantics of *-ing-words* is a field which has been given little attention until now. I have compared word usage in specific contexts in both 2000 and 2011 with dictionary entries from the same period, firstly, to see whether the entries show how the words actually are used, and, secondly, to look for a development in word usage and description. I looked for changes in the semantics of *-ing-words*, both from English into Russian and between 2000 and 2011. The examination of semantic characteristics of five *ing-words* shows that some properties of verbal nouns can be attributed to the words, although sometimes the meaning of verbal act is distant.

I have found that the *ing-words* can show verbal properties in several ways: process, event, result of a process, and they can be count or mass nouns. Four out of five words occur as plural nouns. There seems to be a common understanding of the *ing-words*, or the realia described, as *modern*, but all five *ing-words* can also be used without connotations.

The frequency list can be used as a basis for investigations of *ing-words* or words which contain other Russian or foreign suffixes.

## Forkortingar og translitterasjon

### 1. Forkortingar

Chambers	<i>Chambers 21<sup>st</sup> Century Dictionary</i>
NKRJa	<i>Det nasjonale korpuset over russisk språk</i> <i>(Nacional'nyj korpus russkogo jazyka)</i>
NKRJa-hk	<i>Nasjonalt korpus over russisk språk – hovudkorpuset</i>
NKRJa-ak	<i>Nasjonalt korpus over russisk språk – aviskorpuset</i>
OED	<i>The Oxford English Dictionary</i>
AG-80	<i>Russkaja grammatika (Akademičeskaja grammatika),</i> 1980
RG-05	<i>Russkaja grammatika, 2005</i>
BISIS	<i>Bol'šoj illjustrirovannyj slovar' inostrannykh slov<sup>1</sup></i>

For fulle referansar, sjå litteraturlista.

### 2. Translitterasjon

Eg translittererer kyrilliske bokstavar ved hjelp av det vitenskaplege systemet, jf. Lunde (2002).

---

<sup>1</sup> Forkortinga er teken i bruk fordi det ikkje var mogleg å identifisera forfattar for ordboka. Det er elles nytta referanse til forfattar i omtale av ordbøker.





## 1.0 Innleiing

I den store mengda lånord som har kome inn i russisk i tida etter perestrojka finst det ord som skil seg ut gjennom visse fellestrekk, blant anna ei gruppe lånord som sluttar på *-ing*. Eg vart fyrst merksam på *-ing* i russisk etter å ha lese foredraget med tittelen *Den ljose framtida til ing-former i det poetiske språket* (Grigor'ev 2005).<sup>2</sup> Her eksperimenterer Viktor Grigor'ev med å kombinera russiske røter med *-ing*, og viser ord som til dømes *vining – drukkenskap* og *khuliganing – hooliganisme*. Eg fekk lyst til å finna ut meir om *-ing* i russisk, og utførte difor eit søk i Det nasjonale korpuset over russisk språk (*Nacional'nyj korpus russkogo jazyka*, NKJRJa). Eit kjapt overblikk over resultatata frå søket gjorde det klårt at det finst mange ord på *-ing* i russisk, og mange er lånte frå engelsk. Men korleis blir desse orda forstått i russisk?

## 1.1 Definisjonar

Eg har skild ut *ing-ord* som ei gruppe med fylgjande karakteristika:

Substantiv som i russisk sluttar på *-ing*, og som stammer frå ei engelsk form av verbet som sluttar på *-ing*, gjennom å ha blitt lånt frå denne forma av verbet eller gjennom å ha blitt lånt frå eit engelsk substantiv som er danna av ei engelsk form av verbet.

Orda som kvalifiserer som *ing-ord* er relaterte gjennom å ha engelsk som kjeldespråk, og ved at det finst ei form av verbet i engelsk som svarer til *ing-ordet*. Samstundes er det eigenskapar ved orda i gruppa som skil dei frå kvarandre. Definisjonen gjev ikkje tematiske avgrensingar for kva ord som kan kvalifisera som *ing-ord*.

Det finst òg andre måtar å omtala *ing-ord* på, som *substantiv på -ing* (Bobrova 1980, Marinova 2008) og *ing-former* (Grigor'ev 2005, Krongauz 2007). *Substantiv på -ing* er hovudsakleg vald bort til fordel for ein kortare term.<sup>3</sup> *Substantiv på -ing* kan dessutan forståast som alle typar substantiv på *-ing*, ikkje berre dei der ein ekvivalent i engelsk kan vera ei form av verbet. Termen *ing-form* er vald bort fordi den kan oppfattast som misvisande: i russisk er ikkje *ing-ord* noko form av eit ord, slik ord på *-ing* kan vera i engelsk. Ved å bruka nemninga *ing-ord* om russiske ord og *ing-form* om tilsvarande ord i engelsk viser eg at ord på *-ing* har ulike funksjonar i dei to språka. I omtale av *-ing* i russisk vil eg bruka nemninga *eining*, utan at eg med dette tek stilling til *-ing* sin status i russisk.

---

<sup>2</sup> *Svetloe buduščee ingovykh form* (Grigor'ev 2005).

<sup>3</sup> Bindestreken i *-ing* er fjerna i samansetjinga *ing-ord* einast for å ikkje ha to bindestrekar i ordet. For å klårare gje att at det er snakk om ei *eining -ing* kan ein velja å notera nemninga med bindestrek i starten: *-ing-ord*.

Grunnen til at eg har avgrensa ing-ord til å femna om ord som kan relaterast til *engelske former av verbet* er basert på definisjonar av substantiv på *-ing* og av eininga *-ing* i russisk. Som eg vil visa i kapittel tre, har *-ing* ulike funksjonar i engelsk, og ulike tydingar. Somme definisjonar i russisk knyt ord på *-ing* til verb eller verballhandling, til dømes grammatikkane *Russkaja grammatika* (*Akademičeskaja grammatika*, AG-80) og *Russkaja grammatika* (RG-05).

## 1.2 Problemstillingar og metode

Problemstillingane eg har teke utgangspunkt i har vore som følgjer:

Finst det teikn til felles tydingar blant ing-ord i russisk presse i perioden etter år 2000?

Finst det teikn til endringar i tyding blant ing-ord i russisk presse frå 2000 til 2011, og er dette endringar i felles retning?

Tidlegare har tydingane til ing-ord og substantiv på *-ing* blitt utforska gjennom at orda har blitt delte i tematiske grupper. Det har òg blitt gjort forsøk på å skilja ut eit suffiks *-ing*, med bakgrunn i stammen til ordet sin motivasjon, men ingen har gjort forsøk på å skildra ei eventuell felles tyding for eininga *-ing* i russisk. Det einaste som har blitt nemnd på dette området er at dei har felles opphav i verb, men dette gjeld berre engelske ing-former og engelske verb, noko som ikkje treng å tyda at orda har tilknytning til verballhandlingar i russisk, eller at dei har noko anna semantisk til felles i russisk. Eg har difor prøvd å finna ut om dei eventuelt har noko felles tyding, og om dei har band til verbale eigenskapar.

Undersøkinga mi skil seg altså frå tidlegare undersøkingar ved at eg har undersøkt om ing-orda har noko til felles i semantikken. Det har eg gjort ved å undersøkje om ing-orda har verbale eigenskapar igjen i russisk, og kva for nokre verbale eigenskapar det eventuelt er. Eg har undersøkt for nokre einskildord om semantikken har utvikla seg frå engelsk til russisk, og eventuelt vidare i russisk, noko få har gjort før meg.

For å få svar på problemstillingane har eg teke utgangspunkt i fylgjande konkrete spørsmål:

Kva for nokre ing-ord finst i russisk presse, og kva for nokre av dei er mest frekvente?

Stemmer definisjonar i engelske ordbøker overeins med definisjonar i russiske ordbøker?

Stemmer definisjonar i russiske ordbøker overeins med dei konkrete døma eg har samla?

Kan ein sjå teikn til utvikling av somme av ing-orda si tyding i russisk frå 2000 til 2011?

Eg har hatt som mål å få utfyllande svar på problemstillingane og dei konkrete spørsmåla gjennom to undersøkingar, høvesvis av korpus, og av ordbøker og avistekst frå ei database. Den fyrste undersøkinga var av kvantitativ art. Eg nytta data frå aviskorpuset til NKRJa (NKRJa-ak) til å laga ei liste over dei mest brukte ing-orda i russisk avisspråk frå 2000-2008, fordi ei liknande liste ikkje fanst frå før. Lista viser alle førekomstar av ing-ord i aviskorpuset til NKRJa (NKRJa-ak) som er ikkje er titlar eller namn. Målet med å laga ei slik liste var å visa ulike ing-ord som finst i russisk, og kva for nokre sfærar orda opptre i. Ved hjelp av lista skulle det òg vera mogleg å vurdere om ekvivalenten til orda i kjeldespråket var ei form av eit verb, eller om den òg kunne ha ei anna tyding, allereie i engelsk. Den andre undersøkinga eg gjorde var kvalitativ, og hadde som siktemål å undersøkje semantikken til fem ing-ord meir grundig. Her samanlikna eg definisjonar av orda i engelsk og russisk; og tydingar som ordet har i isolasjon og kontekst, høvesvis i ordbøker og i tekst frå databasen Integrum. Eg undersøkte spesielt om det var uttrykt felles verbale eigenskapar for ing-ord, slik det mellom anna blir ymta om i AG-80 og RG-05.

Som bakgrunn for undersøkinga gjekk eg ut frå at ing-ord kan ha semantiske særtrekk basert på ulike tilhøyre:

- ordet tek del i generelle semantiske prosessar i russisk
- ordet er eit lånord
- ordet er eit ing-ord

Som teoretisk bakgrunn for undersøkinga vil eg i kapittel to gå gjennom omgrep innan semantikk og semantisk utvikling, og sjå på ein del særtrekk som lånord kan ha. Målet med dette kapittelet er å få eit bilete av kva semantiske særtrekk eit ord kan ha i kvalitet av å vera eit lånord. Kapittel tre vil ta føre seg det som tidlegare er skrive om ing-ord, og, som oppsummering, vurdere kva mi eiga undersøking kan bidra med. I kapittel fire vil eg visa korleis eg har arbeidd for å finna informasjon om ing-ord si tyding, gjennom å undersøkje korpus, database og ordbøker. Resultat frå undersøkinga av korpuset blir presenterte i kapittel fem. Vidare vil eg i kapittel seks visa resultat frå undersøkinga av databasen og ordbøkene. Samstundes som eg leitar etter felles tydingar for ing-ord ser eg på det som mogleg at semantikken til ing-ord fylgjer mønster som er typiske for lånord eller for den språklege utviklinga generelt. Med tanke på dette vil eg i kapittel sju summera opp dei viktigaste funna i undersøkingane mine.

### 1.3 Tidlegare litteratur

I arbeidet med å analysere ing-ord i russisk og i russisk presse har eg hatt nytte av forskinga til ei rekkje lingvistar. Eg vil presentera dei mest sentrale. Leonid P. Krysin har lånord som eitt av sine hovudfelt, og hans studium har vore ein viktig ressurs både som bakgrunnsstoff og for å kunna setja mitt eige bidrag i kontekst. Lingvistane Ryazanova-Clarke og Wade har teke føre seg den språklege situasjonen i Russland etter perestrojka, og gjeve nyttige innsikter om utviklingstrekk i russisk i dag. Når det gjeld forskning på semantikk har eg særleg drege nytte av arbeida til engelske John I. Saeed og russiske Elena V. Marinova. Marinova er òg ei av dei som har arbeidd spesielt med ing-ord. Dokumentasjon av ing-ord i det russiske språket er henta frå hennar arbeider, så vel som undersøkingar som mellom andre Bobrova og Sešan har utført. Data frå Det russiske nasjonalkorpuset, Nacional'nyj korpus russkogo jazyka (NKRJa), særleg aviskorpuset (NKRJa-ak) og databasen Integrum har vore mine viktigaste ressursar for å finna informasjon om ing-ord i kontekst. Eit utval engelske og russiske ordbøker har gjeve døme på korleis orda blir definerte i dei to språka. Imellom har eg drege nytte av Norsk ordbok (Guttu 2005) for å få gitt tilfredsstillande definisjonar av ord i norsk. Erlend Hagan si masteroppgåve (2003) har gjeve faglege innspel, og dessutan fungert som ei rettesnor til oppsettet av mi eiga oppgåve.

## 2.0 Semantikk hjå lånord

Som ei ramme for undersøkinga av tydingar hjå ing-ord har eg vald å fyrst gje ein generell introduksjon til ord si tyding og endringar i tyding, i kapittel 2.1. Mange ing-ord er lånte til russisk i perioden etter perestrojka. Det er mogleg at forståinga av orda er påverka av det at dei er lånord, og i kapittel 2.2 utforskar eg kva særtrekk lånord har som kan påverka tydinga deira. I avsnitt 2.3 stiller eg spørsmålet om kva for nokre semantiske eigenskapar og utviklingstrekk som kjem til syne nettopp hjå lånord. Etter mi vurdering kunne det gjerne ha vore skrive meir om utviklinga av lånord sin semantikk, og analysen min er eit ledd i dokumentasjonen av emnet.

## 2.1 Semantikk

Innan lingvistikk er det fyrst og fremst *semantikk* som tek føre seg korleis tyding får sitt uttrykk gjennom språket (Saeed 2009:3, Endresen m.fl. 2000:44). Min analyse av tyding hjå ing-ord er konsentrert kring semantikk på ordnivå, ein del av semantikken som kan kallast *leksikalsk semantikk* (sjå til dømes Krysin 2007:30, Saeed 2009:53). Kapittelet er ikkje meint å vera ein utfyllande introduksjon til emnet, og eg vil fokusera på det eg har vurdert som interessant for mi eiga undersøking.

### 2.1.1 Innhaldet i den språklege eininga

Ei vanleg forståing av den språklege eininga er at den består av tre delar: eit språkleg fonologisk og ortografisk uttrykk; tydinga bak dette uttrykket, gjerne kjend som eit konsept; og noko som finst i den verkelege verda, ein referent. *Hest* er eit språkleg fonologisk og ortografisk uttrykk som syner til konseptet bak «dyr i slekten Equus» (Guttu 2005), og eit dyr av denne typen som ein kan sansa i verda, referenten. Tydinga bak ei nemning er ikkje i alle tilfelle sterkt knytt til ein referent: Beatrice Warren viser at nemningar som til dømes eigennamn kan ha ein referent utan å ha tyding, og at lingvistiske uttrykk som blir skildra av verb og adjektiv kan ha ei tyding sjølv om dei ikkje har eit objekt på lik linje med det eit substantiv har (1999:217).

Warren skil mellom ulike typar tyding: (1) evaluativ-attributiv tyding, som har ikkje-avgjerande tydingstrekk, og (2) tyding som bestemmer referanse og som kan kategoriserast, som har avgjerande tydingstrekk. Ikkje-avgjerande tydingstrekk kjem fram gjennom ord som *bra*, *dårleg*, *rettferd*, *vanskeleg*, *tryggleik*. Dette er tydingstrekk som ikkje kan kategoriserast, men som evaluerer den typen tyding som bestemmer referanse. Ein hest har avgjerande tydingstrekk og kan difor grupperast, til dømes saman med andre dyr. Avgjerande og ikkje-avgjerande tydingstrekk er

grunnleggjande ulike. Warren peiker på at evalueringar må vera like viktig i språket som å forma kategoriar: «For survival it is often no use knowing what kind of thing we are faced with, if we do not also know whether this thing is bad or good or indifferent» (1999:218). Evalueringar er hjå meg omtalte som *konnotasjonar*, og under konnotasjon forstår eg det som gjev ekstra tyding til den tydinga som bestemmer referanse.

Saeed (2009:38f.) viser at kunnskap om omgrep er *relasjonell*. Ein kan såleis forstå meir om tydinga til den leksikalske eininga gjennom å setja den i system med andre einingar. Synonymi er døme på ein slik relasjon. Synonym kan definerast som ulike ord som har same tyding, sjølv om det sjeldan er slik at ulike språklege einingar tyder *akkurat* det same (Saeed 2009:65). Ord som blir rekna som synonym kan ha ulik distribusjon i språket; Saeed peiker på at val av eitt av fleire synonym kan vera med på å uttrykkja positive eller negative haldningar hjå den som taler, formalitet eller det kan vera vald på grunn av avgrensingar som kollokasjonar gjev.

### **2.1.2 Den språklege eininga i kontekst**

I min analyse av ing-ord sin semantikk vil eg forholde meg både til ord som står i ein kontekst i tekst frå aviser, og ord i ordbøker som står isolert frå kontekst. Dette kan oppfattast som to grunnleggjande ulike typar ord, men ikkje naudsynleg. Warren (1999:219) peiker på at ulike forskarar har utfordra tanken om at ord har ei stabil tyding. Sjølv meiner Warren at ein må skilja mellom tydinga til eit ord *utan* kontekst (ordboktyding) og tydinga *i* kontekst (kontekstuell tyding), men viser at nettopp kontekstar på sikt kan påverka korleis ord blir forstått utan kontekst. I kommunikasjonssituasjonar tilpassar ein ifylgje Warren ei ordboktyding til konteksten, og dette er del av ei fortolking av ordet. Denne prosessen har ein motpart, nemlig ein prosess med de-kontekstualisering: nye meiningar som har oppstått i kommunikasjonen blir anten generaliserte eller forkasta. Warren skil mellom nye tydingar i kontekst, som er del av *parole*, og at det gradvis oppstår ei ny ordboktyding som blir del av *langue*. I tilfelle der tydingar som har oppstått blir generaliserte, blir dei del av *langue*. Saeed (2009:59ff.) definerer tydinga av eit ord som glatt, og påverka av kontekst, og han peiker på at ulike språkbrukarar kan gje ulike definisjonar av eit ord, sjølv om alle meiner dei veit kva ordet tyder. Saeed meiner, til liks med Warren, at kontekst kan føra til at tydinga til eit ord utviklar seg.

### 2.1.3 Semantisk endring

Ulike mekanismar i språket kan føra til endra tyding hjå ord. Endresen m. fl. (1999:328ff.) og Valgina (2001:kap.7.2) peiker på at det kan skje generalisering av tyding, spesialisering av tyding og overføring av tyding. Generalisering av tyding er prosessen der eit ord som har høyrd heime i fagspråk eller andre, avgrensa delar av språket, kjem i allmenn bruk. Spesialisering av tyding er den motsette prosessen: når eit ord som har starta som eit allment brukt ord tek til å bli brukt i ei spesialisert tyding, til dømes *âte* som kjem frå *ete*. Når tydinga blir overført tek den til å bli brukt om forhold som ligg på eit anna plan enn der den opphavleg vart brukt, men er parallell med den opphavlege tydinga, slik til dømes *rygg* har gått over til å bli brukt om *åsrygg* og *jordrygg*. Slik overføring av tyding blir ofte gjort frå eit konkret til eit abstrakt språkleg plan. Valgina (2001:kap.7.2) viser at overføring av tyding kan hengja saman med anten ei generalisering eller spesialisering av tyding.

Ifylgje Ermakova (2008:37) er det utviding av tyding som er den mest sentrale endringa i russisk i dag. Ho meiner at utviding av tyding kan skje anten grunna sosiale faktorar eller ulike språklege faktorar. Eit døme ho nemner på utviding av tyding er hyperonymisering, at eit ord går frå å vera nemning på noko til å vera nemning på noko meir generelt. Som døme nemner ho *khit*, som har gått frå å vera ein nemning innan musikkjargong til å kunna nyttast òg om anna som er populært, til dømes *produktovyy khit* (2008:50). Ei anna semantisk endring som Ermakova nemner som typisk for russisk er endringar i verdilading, og ho nemner spesielt at det har skjedd ei utvikling i det siste mot *positiv* verdilading (2008:69ff.). Døme ho nemner på ord som har utvikla positive konnotasjonar er *elitnyj*, *prestižnyj*, *ekskljuzivnyj*, *prodvinutyj*, *znakovyj* og *seksual'nyj*. Forfattaren peiker på at *znakovyj* og *seksual'nyj* ikkje var verdiladde før, men er det no. Samstundes som desse orda blir brukte med positiv verdilading kan dei ifylgje Ermakova nyttast med ironiske notar, som til dømes i samansetjinga *elitnyj grob*.



## 2.2 Lånord til russisk

Det finst lange tradisjonar for lån til russisk, og det er mange som har forska på emnet. For generell litteratur om lån til russisk gjennom tidene, sjå til dømes Rathmayr (2002:156f.) eller Krysin (2007). Oversikter over lånord som fokuserer på det russiske språket på 1900-talet kan ein finna mellom anna hjå Ryazanova-Clarke og Wade (1999), Romanov (2000), Krysin (2004, 2007). Timofeeva (1995) gjev ein historisk gjennomgang av engelske lånord til russisk frå 1500-talet og utover. For ein oversikt over forskning på lånord i ulike språk og utviklinga av ein forskingstradisjon på området lånord, sjå til dømes Krysin (2004:18-24).

Ing-ord har kome inn i russisk i store mengder i perioden etter perestrojka. I dette avsnittet vil eg visa korleis lånord kan delast inn etter type, og spesielt visa kva implikasjonar eit internasjonalt ordforråd kan ha. Eg vil vidare visa vilkår og grunnar til lån til russisk etter perestrojka.

### 2.2.1 Ulike typar lånord

Ei inndeling av ulike typar ord med framandspråkleg opphav kan vera nyttig for å seia noko om kva funksjon forskarar oppfattar at framandspråklege ord har i eit språk, og kva for eit forhold det er mellom kjelde- og målspråk. Marinova merkar seg at forskarar ofte klassifiserer lånord ulikt, og viser til Krysin (1968), som har hevda at det er vanskeleg å koma med prognoser for nydanningar i språket, av di det ikkje er nok grunnlag for å hevda at orda har ein viss status i språket. Ifylgje Marinova er heller ikkje innhaldet og omfanget til termen *framandspråkleg ord* (*inojazyčnoe slovo*), så vel som andre termar innan forskning på lånord, klårt nok avgrensa (Marinova 2008:11,41). Eg vil visa til Krysin si inndeling mellom *lånord*, *internasjonalismar*, *eksotiske ord* og *framandspråklege innslag* (Krysin 2007:124),<sup>4</sup> og kommentera internasjonalsmar spesielt. Utskiljinga av internasjonalsmar som eiga gruppe kan etter mi meining vera uttrykk for ei kompleks forståing av omgrepa *kjelde-* og *målspråk*.

---

4 *Заемствованные слова, интернационализмы, экзотизмы, иноязычные вкрапления.*

### 2.2.1.1 Lånord (*zaimstvovannye slova*), eksotiske ord (*ekzotizmy*) og framandspråklege innslag (*inojazyčnye vkraplenija*)

I denne oppgåva nyttar eg nemninga *lånord* som samleomgrep for å referera til alle lånte leksikalske einingar. Hjå Krysin er innhaldet i nemninga *lånord*<sup>5</sup> snevrare, og femner om tre typar ord av framandspråkleg opphav: orda kan strukturelt sett falla saman med prototypen i kjeldespråket, som *glisser* (*glisser*) og *kombajn* (*combine*) frå engelsk; dei kan vera endra i målspråket ved hjelp av morfologiske middel, som *tanket-k-a* (*tankette*) frå fransk og *rentabel'-n-yj* (*rentabel*) frå tysk; eller det kan skje ei delvis morfologisk erstatning, slik ein ser i *šort-y* (*short-s*) og *tele-videnie* (*television*) frå engelsk (Krysin 2007:124).

*Eksotiske ord* er nemningar på realia i eit «framand» liv, det vil seia nemningar på ting og konsept som er spesielle for livet og kulturen til eit anna folk (*narod*). Døme Krysin gjev på eksotiske ord i russisk er *araukarija*, som er ein tretype som veks i Sør-Amerika, og *khural*, som er eit maktorgan på statleg eller lokalt nivå i Mongolia. Eksotiske ord skildrar altså ting og konsept som ikkje er typiske for målspråket, og som gjerne gjev assosiasjonar til noko framand. Krysin kommenterer likevel at ein eksotisme kan endra status når referenten bak nemninga sluttar å ha eksotiske forteikn i målspråket. (Krysin 2007:125)

*Framandspråklege innslag* blir av Krysin definert som «ord eller grupper av ord som er gjevne att i skriftspråk og munnleg russisk tale med grafikk og fonetikk frå kjeldespråket»<sup>6</sup> (2007:126). Døme som blir gjevne er *dixi* 'sa' og *pro et contra* 'for og mot'. Ord som dette er gjerne skrivne med latinske skrifteikn, eller syner andre former for manglande tilpassing i målspråket.

For lånord, eksotiske ord og framandspråklege innslag er det forstått eitt kjeldespråk og eitt målspråk, men tilknytninga til målspråket er sterkast for lånord og svakast for framandspråklege innslag.

---

5 заимствованные слова

6 Иноязычные вкрапления – это слова или сочетания слов, передаваемые на письме и в устной речи графическими и фонетическими средствами языка-источника.» (Krysin 2007:126).

## 2.2.1.2 Internasjonalismar

I gruppa *internasjonalismar* eller *internasjonale* ord er det vanskelegare å snakka om eit tosidig forhold mellom eitt kjeldespråk og eitt målspråk. Kjeldespråk, som ifylgje Krysin sin definisjon ikkje er levande, *blir* definert for orda: internasjonalismar er hovudsakleg vitskaplege og tekniske termar som er danna med element frå latin og gresk. Døme som blir nemnde er *telefon, telegraf, mikrofon, magnitofon, kosmonavt* (2007:125). Orda er felles for fleire språk: tre eller fleire språk, ifylgje Krysin. Krysin gjev dessutan *amerikanismar* ein status som liknar statusen til eit internasjonalt ordforråd. Denne typen lånord blir brukte i mange språk, skriv han, men av og til ensar ein noko framand (*чужеродное*) ved dei (2004:27). Krysin viser òg at det ikkje berre er ord som blir internasjonaliserte, men òg affiks frå gresk og latin (*-acija, super-*) eller levande språk, ofte engelsk (*tajm-, -ing*). Golanova (2007:117) definerer kjeldespråket til *internasjonale ord* som levande. Ifylgje Golanova har internasjonale ord ofte angloamerikansk opphav, og dei blir spreidde simultant i europeiske språk. Verdsveven, nye telekommunikasjonsmiddel, informatikk og mobilnett har ført til at det har blitt ei større mengd internasjonale ord dei siste tiåra av 1900-talet. Marinova peiker på lånord sin internasjonale karakter som eit viktig særtrekk ved lån av ord i moderne tid, og ifylgje henne skal ein internasjonalisme ha lettare for å migrera til ulike språk enn andre ord (2008:10,460).

Dersom eit ord er i bruk i fleire språk kan det i somme tilfelle vera vanskeleg å avgjera kva for eit språk ordet er lånt frå. Krysin viser til ulike måtar ein kan stadfesta kjeldespråket på: fonetiske, morfologiske og strukturelle kjenneteikn som ordet ber ved å vera del av eit visst språkssystem kan vera til hjelp, men historiske fakta om realia bak ordet kan òg stadfesta opplysningar av lingvistisk karakter. Dersom fleire ord er lånte innan same tematiske område av språket er det sannsynleg at dei er lånte frå same språk (Krysin 2004:64ff.). Rathmayr problematiserer definisjonar av opphavet til lånord på fylgjande måte: «Det er ikkje alltid lett å forstå kvar eit lån kjem frå, og mange ord som kling engelsk har kome inn i russisk via andre språk. Dunn (2000:92) føreslår å ikkje snakka om anglifisering, men om globalisering.» (Rathmayr 2002:157).<sup>7</sup> Globalisering inneber at det gjerne blir lagt mindre vekt på grenser mellom land, språk og kulturar.

Forståingar av eit internasjonalt ordforråd som ei gruppe ord frå levande språk kan etter mi meining vera med på å framstilla forholdet mellom kjelde- og målspråk i eit låneforhold som mindre rigid,

---

<sup>7</sup> «Es ist nicht immer leicht nachzuvollziehen, woher eine Entlehnung kommt, und manches englisch klingende Wort ist über andere Sprachen ins Russische gekommen. Dunn (2000: 92) schlägt vor, nicht von Anglizierung, sondern von Globalisierung zu sprechen.» (Rathmayr 2002: ).

då ordforrådet på ein måte ligg «mellom» dei ulike språka, men likevel har eit kjeldespråk. Konnotasjonar til eit internasjonalt ord som oppstår fordi det er lånt vil kunna vera knytte til verdssamfunnet, snarare enn til eit geografisk avgrensa område eller ein spesifikk kultur. Engelsk kan forståast som eit *lingua franca* i dag, og skiljet mellom eit internasjonalt ordforråd og engelsk som kjeldespråk kan bli vagt. Fylgjeleg kan lån frå engelsk kanskje gje konnotasjonar til eit internasjonalt samfunn.

### **2.2.1.3 Andre ord som skildrar lånt leksikalsk materiale**

Somme forskarar vel å bruka nemningar på det framandspråklege ordet som indikerer kva språk eller område ordet er henta frå, som skiljet mellom nemningane *anglisisme* og *amerikanisme*. Romanov nyttar anglisismar og amerikanismar som kontrastive nemningar, og bitt nemningane til kulturell påverknad høvesvis frå Storbritannia og USA (2000:35-38). Eit skilje mellom anglisismar og amerikanismar kan vera relevant dersom ein vil undersøkje korleis kulturell påverknad kan koma til syne gjennom språklege lån.

### **2.2.1.4 Min bruk av termen *lånord***

Som overgripande term for å skildra alle ord med framandspråkleg opphav har eg vald å bruka *lånord*. Denne termen vil femna om dei ulike typane ord med framandspråkleg opphav. Å snakka om språklege *lån* kan, som Haugen (referert til i Brautaset 1998:83) innvender, vera ein metafor som er «unøyaktig og egentlig litt absurd fordi lånet jo skjer uten lånegivers samtykke eller viten og uten at lånetaker er forplikta til å gi tilbake det han har lånt.» Fordelar med termen som Brautaset nemner er at den ikkje blir brukt om språklege forhold av lekfolk, og at den er veletablert som lingvistisk term.

I omtale av framandspråkleg materiale på norsk blir det gjerne skilt mellom *lånord* og *framandord*, som til dømes i Norsk ordbok (Guttu 2005). I Norsk ordbok er *lånord* definert som «ord som er tatt opp i språket fra et annet språk, men som ikke lenger føles fremmed». *Framandord* er definert som «lånord som går mindre godt inn i språkets lyd-, rettskrivnings- el. bøyningssystem og derfor fortsatt (kan) føles fremmed». Til liks med Hagan (2003) har eg vald å ikkje skilja mellom dei to omgrepa, då eit slikt skilje ikkje er relevant for mitt emne.<sup>8</sup>

---

<sup>8</sup> Haugen (referert til i Brautaset 1998:92-3) er òg skeptisk til skiljet mellom lånord og framandord, då det er uklårt kvar grensa går mellom dei to typane.

I russisk finst det ulike termar som skildrar ord som er henta frå andre språk, til dømes *zaimstvovanie*, *inojazyčnoe slovo*, *inostrannoe slovo*. *Zaimstvovanie* kan brukast om lånt leksikalsk materiale frå andre språk, så vel som frå ulike delar av eige språk, til dømes slik Kostomarov brukar termen. *Indre lån* vil hjå han seia lån til litteraturspråket frå andre delar av språket som sjargong, dialektar og substandard, medan *ytre lån* er 'amerikanismar og anna framandspråkleg påverknad' (Kostomarov 1994:81). *Zaimstvovanie* kan brukast for å skildra lån av andre språklege element enn ord (Krysin 2004:24f.).

### 2.2.2 Vilkår for lån til russisk etter perestrojka

Nokre trekk ved det russiske samfunnet i perioden etter perestrojka har gjort det lettare for russisk å ta opp lånord. Krysin trekkjer i hovudsak fram *tospråklegheit* og *mottakelegheit* i samfunnet som vilkår for at eit språk skal kunna ta opp framandspråklege ord.

Det viktigaste vilkåret for at leksikalske lån skal oppstå mellom to språk er ifylgje Krysin kjennskap til kjeldespråket og eit minimum av tospråklegheit. Soelsuren (2003) forklarar fenomenet tospråklegheit med at den personen som fyrst nyttar eit framandspråkleg ord må vera tospråkleg. Krysin si forståing av omgrepet *tospråklegheit* er vid: tospråklegheit som vilkår for låneverksemnd treng ikkje å oppstå mellom menneske frå to språkområde som ligg nært kvarandre, men kan oppstå når nokre personar, eller til og med berre ein person kjem i kontakt med eit anna språkmiljø. Slik kontakt kan vera realisert gjennom munnleg kommunikasjon, men kan òg oppstå gjennom lesing av utanlandske tekstar (bøker, aviser), i omsetjingsverksemnd og ved annan type kontakt (Krysin 2004:34). Krysin viser at tyske forskarar allereie på slutten av 1800-talet og starten på 1900-talet gav merksemnd til tospråklegheit som vilkår for låneverksemnd (Krysin 2004:18-24). Engelsk sin status som *lingua franca* utover 1900-talet bidreg til at den tospråklege kontakten gjerne er realisert mellom russisk og engelsk.

Tospråklegheit i eit språk treng som sagt ikkje tyda at alle språkbrukarar i området talar to språk. Krongauz skriv at ein blir opplært til *ufullstendig forståing* som fylgje av ei stadig utviding av grensene til språket og verda (2007:148). Krongauz peiker på at den gjengse lesaren er lat, og ikkje har lyst til å sjekka ordbøker eller internett for å finna tydinga til eit ukjend ord. Med dette meiner han at litteraturen i dag gjerne inneheld ein del ord som lesaren ikkje forstår, og at dei fleste lesarar difor ikkje siktar på å forstå alt innhaldet i tekstane. Etter Krongauz sitt syn har bruk av ukjende ord verknader ikkje berre på forståinga av det einskilde ordet, men òg på forståinga av teksten som heilskap og på lesestrategiar (2007:69f.). Ei liknande mangel på forståing blir observert av

Yoshizumi (2006:29). Yoshizumi samanliknar forståingsvanskane i russisk som fylgje av lånord etter perestrojka med situasjonen på Peter den store si tid.

Det andre vilkåret Krysin nemner for at det skal gå føre seg låneverksemd er at samfunnet må vera mottakeleg for endringar i språket. Krysin set den språklege situasjonen seint på 1940-talet opp som ein motsetnad til situasjonen på 1980- og 90-talet. Medan framandspråklege ord på 1940-talet kunne vera assosierte med noko ideologisk, åndeleg eller kulturelt framand, og gjerne noko fiendtleg og forsøplande, var Russland på 1980- og 90-talet disponert for å ta opp nye lånord og ta i bruk spesialiserte lånord som allereie eksisterte i språket, på grunn av politiske, økonomiske og kulturelle vilkår (Krysin 2008:167). Romanov viser at det har skjedd ei endring frå skriftleg låneverksemd frå engelsk til russisk i perioden 1790-1990, til ei blanding av skriftlege, munnlege lån og lån ved hjelp av telekommunikasjon i perioden etter 1990 (2000:123). Marinova (2008:55) hevdar at lån etter 2000 hovudsakleg går føre seg i trykt og elektronisk presse, noko som står i kontrast til ein skriftleg lånetradisjon på 1900-talet. I perioden etter perestrojka har det med andre ord skjedd ei endring i kva medium som formidlar lånord. Kontakt mellom engelsk og russisk går føre seg på andre og fleire arenaer enn den gjorde før 1990. Endra arenaer som lånord opptre i kan føra både til meir tospråklegheit og til at folk er meir mottakelege for lånord.

### **2.2.3 Grunnar til lån til russisk etter perestrojka**

I russisk etter perestrojka har det hovudsakleg blitt lånt ord frå engelsk, til ulike delar av språket: Khoutyz (2010:201) viser at det på 2000-talet blir lånt til ei rekkje sfærar: økonomi og politikk, teknologi, kvardagsliv og tenester. Grunnar til at det blir lånt kan ha bakgrunn både i forhold i samfunnet og i språket. Dette syner at tilkomsten av lånord både heng saman med korleis språket utviklar seg og korleis verda utanfor språket er. Eg vil presentera grunnar til lån til russisk etter perestrojka, med utgangspunkt i Krysin (2004, 2007) sitt hovudskilje mellom utanomspråklege og indre språklege grunnar til lån.<sup>9</sup>

#### **2.2.3.1 Utanomspråklege grunnar til lån**

Utanomspråklege grunnar til lån er forhold i verda utanom språket som påverkar språket slik at det blir gjort lån. Yoshizumi (2006:27) samanliknar dagens lingvistiske situasjon med tida kring Peter den store, ved at baa periodane er kjenneteikna av drastiske politiske, økonomiske og kulturelle endringar. Han underforstår eit band mellom store endringar i samfunnet og eit stort behov for nye ord i språket, eit synspunkt som mellom anna Ermakova (2008) deler. Som viktigaste

---

<sup>9</sup> Må ikkje forvekslast med Kostomarov (1994) si inndeling i *indre* og *ytre lån*, sjå (avsnitt/sidetal).

utanomspråklege grunn til lån nemner Krysin tette band innan politikk, økonomi og handel, industri og kultur mellom språkbrukarar frå ulike folkeslag (2007:115f.).<sup>10</sup> Tette band på desse områda har ført til tilkomsten av nye realia. Behovet for å namngje nye varer, ting og konsept blir av forskarar som Ryazanova-Clarke og Wade (1999:138) nemnd som den viktigaste grunnen til lån til russisk etter perestrojka, og lånordet blir gjerne lånt saman med ein ting eller eit konsept. Ein relatert verknad av ei auke i mengda ting og konsept er eit behov for *differensiering*, som til dømes skjer når lånordet *džem* blir brukt som nemning på ein type *varen'e*, og ein får ulike nemningar på ulike typar *syltety* (Krysin 2007:116). *Džem* representerer ikkje nye realia, men er ei nemning som oppstår på grunnlag av behovet for å differensiera mellom to relaterte tydingar.

Krysin kommenterer at dersom andre faktorar har stor påverknad, kan intensiv låneverksemd òg gå føre seg der banda innan til dømes økonomi, handel, kultur er svakare. I slike tilfelle er det andre utanomspråklege grunnar som kan gjelda, til dømes eit land eller eit språk si politiske rolle (Krysin 2004:27). Som vist i avsnittet om internasjonalar er det somme forskarar som framhevar nærvere i internasjonalt ordforråd som stimulerande for eit ord sin migrasjon til fleire språk. Mellom desse er Marinova (2008).

### 2.2.3.2 Indre grunnar til lån

Utvikling i sjølv språket kan òg påverka at det blir lånt. Indre grunnar til lån heng saman med språket si generelle utvikling, og er altså tendensar som gjeld for heile språket.

Det er observert at språket har ein tendens til å differensiera mellom stadig fleire tydingar. Den same *differensieringa* som er skildra i førre avsnitt kan såleis òg forståast som ein indre språkleg grunn til lån. Som resultat av at det blir lånt for å differensiera, nemner Krysin at tydinga til eit russisk ord kan bli splitta i to: ei tyding blir uttrykt gjennom den russiske nemninga, og ei anna blir festa til det framandspråklege, lånte ordet. Dette har mellom anna skjedd hjå orda *soobščenie – reportaž* (Krysin 2007:116). Khoutyz (2010:205) viser at differensiering kan føra til at ord med lik eller nærliggjande tyding, synonym, kan skilja seg kva gjeld konnotasjonar og stilistiske og pragmatiske særtrekk.

*Språkleg økonomisering*, det å uttrykkja ei tyding gjennom kortare språklege uttrykk, er ifylgje Krysin (2007:116) eit prinsipp som finst i dei fleste språk, og blir av Khoutyz (2010:204) forstått

---

<sup>10</sup> Andre som legg vekt på tette band mellom språkbrukarar frå ulike folkeslag som grunn til lån er Reinton (1975), Romanov (2000).

som hovudgrunnen til dei hurtige språklege endringane i russisk i dag. Eit døme Krysin (2007:116) nemner på språkleg økonomisering er *sprint* i staden for *beg na korotkie distancii*. Når ein kan uttrykkja ei tyding gjennom eit kortare språkleg uttrykk lettast ein kommunikasjonen. Krysin dokumenterer at ord kan bli lånte på bakgrunn av *analogi*, når det festast seg ei gruppe ord i eit språk som har fellestrekk i tyding og morfologisk struktur. Eit døme som blir nemnd er ord med elementet *-men*. I denne gruppa finst det ord som vart lånte på 1800-talet – *džentl'men*, *polismen*; ord som vart lånte på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet – *sportsmen*, *rekordsmen*, *jakhtsmen*, og nye lånord som *barmen*, *biznesmen*, *kongressmen*, *krossmen*, *šoumen*. (Krysin 2007:117). Marinova skriv at det same har skjedd med ord som inneheld *-ing*, som *doping* og *smoking*. Lån av ord med same struktur var ifylgje henne karakteristisk for slutten av 1800-talet og starten på 1900-talet (2008:432).

Til slutt nemner Krysin *prestisje* som ein indre grunn til lån. Han peiker på nemningar som *boutique* og *shop*, som blir brukte som nemningar på butikkar som sel prestisjefylte artiklar. (Krysin 2007:117). Ryzanova-Clarke og Wade hevdar at lånord kan ha ein psyko-lingvistisk mekanisme, og kan brukast for å gjera røynda betre, «as if words have a magic power to change the world» (Ryzanova-Clarke og Wade 1999:164).

Yoshizumi nemner at lånord kan ha ein viss funksjon i diskurs: dei kan markera medlemskap i ei gruppe, eller dei kan til å presentera nokon på ein positiv måte, eventuelt ironisk, for å uttrykkja negativ evaluering (2006:101ff.).

Lånord kan i somme høve forsvinna frå målspråket etter ei viss tid, og, i andre høve, bli integrerte i språket. Som vilkår for at eit lånord skal bli verande i målspråket legg Krysin vekt på ordet si utbreiing og aktualitet (Krysin 2007:117f.). Dent (referert til i Khoutyz 2010:205) syner til fem eigenskapar som gjer det lettare for eit ord å bli teke opp i språket: nytte, brukarvenlegheit, at ein blir utsett for det, at det det skildrar er varig, og potensielle assosiasjonar eller utvidingar som det har.



## 2.3 Lånord sine semantiske eigenskapar i russisk

Forhold i det språket og samfunnet som lånordet kjem inn i kan ha påverknad på korleis lånord blir integrerte i målspråket. Marinova (2008:266f.) peiker på at overgangen frå 1900- til 2000-talet er *språkleg ustabil* periode, der semantikken til lånord blir utforma i laupet av kort tid. Massemedia, som gjev ein metatekstuell overlevering av lånord, legg ifylgje Marinova til rette for at semantikken til lånord blir utforma kjapt. Marinova skriv at lånord lettare kan bli integrerte i eit språk når dei tek del i generelle semantiske prosessar i språket, og i dette avsnittet vil eg sjå på kva for nokre tydingar lånord kan fordi dei er lånord, og korleis dei blir del av generelle semantiske prosessar.

### 2.3.1 Semantiske særtrekk hjå lånordet ved lånetidspunktet

Lånordet si tyding kan i ei tid vera prega av at det er nytt. Marinova skriv at for brorparten av målspråket sine språkbrukarar kan eit lånord si leksikalske tyding opplevast som ustabil og delvis uavklart den fyrste tida i målspråket (2008:269). Eg vil visa somme semantiske trekk som kan opplevast som felles for ulike lånord.

#### 2.3.1.1 Forenkling i tyding og struktur

Ryazanova-Clarke og Wade (1999) og Marinova (2008:267f.) observerer at eit lånord ofte blir lånt i ei tyding, òg i tilfelle der kjeldespråket inneheld fleire tydingar av nemninga. Dette kan vera eit utslag av at målspråket berre tek opp den tydinga som det er behov for på den gitte tida. Som eit døme nemner Ryazanova-Clarke og Wade lånordet *vaučer*, som fekk ei sær eigen tyding i russisk på 1990-talet som nemning på verdikupongar. Her er berre ein brøkdelen av tydinga lånt til russisk, og ordet har ei heilt spesifikk tyding i russisk. Lebedeva (2010) si analyse av russisk slang viser at det semantiske innhaldet i kjelde- og målspråket kan vera totalt ulikt: tydinga til ordet i målspråket treng ikkje å finnast i kjeldespråket.

Dei fleste lånord kan ifylgje Marinova ikkje kan delast i mindre morfologiske delar, sjølv om dei er delelege i kjeldespråket. Dei gjennomgår ei morfologisk forenkling. Eit døme Marinova nemner er *ekšn* 'spaningsfilm; suksessfilm', som er eit avleidd ord i engelsk, men ikkje i russisk (2008:275). Når lånordet ikkje kan delast i mindre einingar må dette innebera at det forstått i sin heilskap.

### 2.3.1.2 Overføring eller endring av tyding frå kjeldespråket

Lånord kan seiast å ha eit slags «dobbel språkleg tilhøyre»: dei er ord i målspråket, men har samstundes med seg visse semantiske eigenskapar frå kjeldespråket. Marinova deler inn lånord etter om tydinga i kjeldespråket blir *kopierte (kopirovanie)* eller *endra (transformacija)*, innanfor ei monosemisk eining, det vil seia ei og same tyding. Ved kopiering er tydinga til ordet i målspråket uendra i forhold til i kjeldespråket. Denne typen overføring av tyding er oftast aktuell der nemningar på realia eller forståingar er lånte frå ein annan kultur. Når den leksikalske tydinga i fleire språk fell saman kallar Marinova ordet for ei *internasjonal kommunikasjonseining* (Marinova 2008:288ff.).

Ved endring er tydinga i målspråket ei anna enn i kjeldespråket, og Marinova peiker på fleire ulike måtar tydinga kan bli endra på. Innsnevring av tydinga er ifylgje Marinova meir typisk enn utviding av tydinga ved overgangen frå kjelde- til målspråket, og det gjerne inneber ei spesialisering i tyding. Eit døme ho nemner på innsnevring av tyding er *monitoring*, som i engelsk blir brukt vidt om kontroll eller overvaking, men i russisk har spesialisert tyding (2008:295). Ei utviding av tyding lik den Ermakova (2008) nemner som typisk for russisk i dag verkar såleis ikkje å vera gyldig når eit lånord si tyding skal overførast frå kjelde- til målspråket. Marinova skriv at lånord kan få meir positiv eller meir negativ verdilading i målspråket enn det har i kjeldespråket. Ei meir positiv tyding i målspråket kan oppstå dersom ordet er nemning på realia som blir verdsett høgare enn det blir i kjeldespråket, og verdilading er såleis knytt til realia bak nemningar. Marinova skriv at ved overgangen frå 1900- til 2000-talet er positiv verdilading meir vanleg enn negativ verdilading. Dette grunngjev ho med utanomspråklege vilkår, særleg propaganda i massemedia for livet «på andre sida av dammen» (2008:296). Eit døme ho nemner er *slaksy*, som er ein *moderne* type bukser, og såleis blir brukt med meir positiv verdilading enn i kjeldespråket. Innan politikk og økonomi kan evalueringane derimot gjerne vera negative, til dømes ordet *elektorat* (2008:302f.).

### 2.3.1.3 Leksikalsk motivasjon

Eit lånord kan oppfattast som motivert eller ikkje-motivert. Marinova viser at motiverte ord er delelege ord der tydinga til ordet delvis eller fullstendig kan forklarast gjennom tydingane til delane i ordet. Til samanlikning er ikkje-motiverte framandspråklege ord forstått som ikkje-delelege einingar som på russisk grunn ikkje inneheld rot. Døme ho nemner på ikkje-delelege ord er *bouling*, *login* og *spam* (Marinova 2008:36f.). Marinova kallar ord på *-er/-or* for «delvis motiverte», av di

suffikset i mange tilfelle har tyding av 'person' (Marinova 2008:275f.). Fellestrekk med tidlegare lånord skal, ifylgje Romanov, kunna gjera det lettare for det nye lånordet å bli lånt og teke opp i eit språk, og gje ein slags motivasjon. Gor'kij skildrar motivasjonen i ord på *-až* på fylgjande måte:

I revolusjonsåra har me danna og tileigna oss nokre tital framande ord, til dømes *listaž, tipaž, viraž, montaž, khalturaž*, men dette er fordi me tidlegare har tileigna oss orda *paž, багаž, kuraž*, og endå tidlegare fekk desse orda rotfeste i språket vårt: *straž, krjaž, tjaž* og så vidare. (Gorkij 1954, referert til i Romanov 2000:32).<sup>11</sup>

Marinova viser, gjennom dømet *brending*, at motivasjon kan vera av ulike typar: *brending* inneheld rota *brend*, som tidlegare har blitt lånt til russisk, og same suffiks *-ing* med tyding av prosess som ein finn i orda *konsalting* og *monitoring*. I tillegg har *brending* band til ord med same rot: *brendovj* og *rebrending*. Marinova framhevar rota si spesielle tyding for lånordet sin motivasjon: det er særleg det at *brending* deler rot med andre ord som gjer det motivert.

### 2.3.1.4 Lånordet i det leksikalske systemet i målspråket

Semantiske grupper kan bli endra som fylgje av tilkomsten av eit lånord. Ryzanova-Clarke og Wade nemner lånordet *sponsor*, som har påverka tydinga til ordet *mecenat* slik at det har skjedd ei differensiering: ein *sponsor* gjev støtte utan å venta noko tilbake, medan ein *mecenat* gjev støtte og forventar anten reklame eller profitt for dette (Ryzanova-Clarke og Wade 1999:158). Når eit lånord går inn i eit språk kan det altså endra relasjonar som eksisterer i språket frå før.

### 2.3.2 Semantisk endring etter lånetidspunktet

Semantikken til lånord kan endra seg uavhengig av korleis semantikken til ordet endrar seg i kjeldespråket. Yoshizumi viser at assosiasjonar som ordet har i målspråket kan føra til endring av semantikken til lånordet i ei retning som er uavhengig av ordet si semantiske utbreiing i kjeldespråket (2008:80). Slik kan det oppstå semantisk forskyving i målspråket. Marinova viser at semantikken til lånordet kan forandra seg ved at tydinga utviklar seg, eller gjennom sekundærlån av ordet (2008:269). Sekundærlån inneber at ei ny tyding av ordet kan bli lånt som fylgje av at det blir behov for ei tyding i kjeldespråket som det tidlegare ikkje var behov for, eller som fylgje av at ordet si tyding utviklar seg i kjeldespråket og målspråket tek opp denne tydinga.

Prosessar som gjer seg gyldige ved overføring av tyding frå kjeldespråket til målspråket, som er

<sup>11</sup> «За годы революции нами созданы и освоены десятки чужих слов, например, *листаж, тупаж, выраж, монтаж, халтураж*, но это потому, что раньше мы освоили слова: *паж, багаж, кураж*, а еще раньше в наш язык вкоренились слова: *страж, кряж, тяж* и т.д.» (Romanov 2000:32)

viste i avsnitt 2.3.1, kan òg gå føre seg ved eit seinare tidspunkt, etter at lånordet er kome inn i språket. Til dømes gjeld dette spesialisering av tyding, som dokumentert av Khoutyz. Døme Khoutyz nemner er lånorda *broker* og *dealer*, som vart brukte om kvarandre seint på 1990-talet, men no blir brukte i ulike sfærar: *broker* om aktivitet på aksjemarknaden og *dealer* om annan aktivitet innan finans (Khoutyz 2010:201).

Yoshizumi (2006:74f.) viser at lånord kan endra semantikk i ulike retningar. Dei kan få ei meir generell tyding i målspråket enn det hadde, eller dei kan utvikla ein annan distribusjon i målspråket enn det hadde i kjeldespråket. At distribusjonen er endra i målspråket frå korleis den var i kjeldespråket blir hjå Yoshizumi forklart med at konseptuelle system i målspråket kan vera annleis enn dei i kjeldespråket. Språket utviklar seg ved hjelp av metaforar, og desse metaforane varierer mellom ulike konseptuelle system.

Ord kan brukast i *direkte* eller *overført* tyding. Det at lånord opptrer i overført, metaforisk tyding i uvanlege kontekstar er ifylgje Krysin (1996:158) eit teikn på at ordet blir vidt brukt og er integrerte i språket. Slik bruk av lånord finn Krysin fyrst og fremst i avisspråket.

### **2.3.2.1 Lånord og semantiske ekvivalentar i russisk**

Tilpassing av lånordet sin semantikk i målspråket kan ha samanheng med om det finst ein semantisk ekvivalent til ordet i målspråket. Bruk av eit lånord som har ein slik ekvivalent i russisk kan gjerne gjera at lånordet blir oppfatta som ikkje-naudsynt (Marinova 2008: 307). I massemedia kan den typen lånord som har ekvivalent forklarast gjennom eit synonym eller ei frase, og denne typen forklaring kan ifylgje Marinova i somme høve uttrykkja forfattaren sine tankar om ordet: «'Møtet' med eit nyleg lånt ord og synonymet i same kontekst vitnar om refleksjon hjå forfattaren når det gjeld den framandspråklege nydanninga, og ofte ironi.»<sup>12</sup> (Marinova 2008:308). Marinova meiner at lånordet dreg nytte av å ha ein ekvivalent i målspråket, men at lånordet og ekvivalenten ikkje forblir like tette som i byrjinga. Utvikling av ikkje-ekvivalens kan hjelpe lånordet til å bli verande i språket.

---

<sup>12</sup> «Столкновение» в одном контексте новозаимствованного слова с синонимом свидетельствует об авторской рефлексии в отношении иноязычного неологизма, нередко иронии. (Marinova 2008:308).

## 3.0 Ing-ord

I dette kapitlet vil eg freista å koma nærare ei forståing av kva for eit rammeverk det er rundt oppfatninga av ing-ord i russisk. I den fyrste delen av kapitlet vil eg visa korleis ing-ord opptrer i det russiske språket, ut frå deira grammatiske og semantiske særtrekk. I den andre delen av kapitlet vil eg diskutera *-ing* sin status i engelsk og russisk, med hovudvekt på evalueringar av *-ing* i russisk. Ut frå evalueringar av *-ing* vonar eg å finna ut meir om kva forståingar av *-ing* baserer seg på. I den tredje delen av kapitlet vil eg vurdera litteraturen om ing-ord og *-ing*, og gje eit bilete av kva kunnskap eg vonar å tilføra debatten om ing-ord.

### 3.1 Ing-ord i russisk

Alle dei orda som fell inn under definisjonen min av ing-ord har opphav i engelske verb.<sup>13</sup> Eg vil byrja med å visa døme på ord som fell inn under definisjonen, og ord som ikkje gjer det. Sidan vil eg sjå nærare på korleis ing-ord inngår som ein del av det russiske språket, gjennom tilhøyre til ordklasse, lyd- og skriftbilete, trykkmønster og orddanning. Til slutt i denne fyrste delen av kapitlet vil eg utforska ing-ord sine semantiske eigenskapar ut frå det perspektivet at dei kan vera verbalsubstantiv, og eg vil sjå på kva kategorien *tal* har å seia for tydinga til ing-ord.

#### 3.1.1 Ing-ord og andre substantiv på *-ing*

Som Grigor'ev (2005) viser i sin presentasjon av ing-ord i poesispråket, inneheld russisk ulike typar ord som sluttar på *-ing*, og berre ein del av dei kan sporast tilbake til engelske verb. Eg vil gje ein oversikt over ing-ord og andre ord som sluttar på *-ing* i det russiske språket. Oversikten er dels basert på Bobrova sin presentasjon frå 1980 og på søk i NKRJa.

##### 3.1.1.1 Ing-ord: substantiv på *-ing* frå engelske verb

Ing-ord er, som nemnd, substantiv som sluttar på *-ing* og kan førast tilbake til ei form av eit verb i engelsk: *rejting* – *rating* – *to rate*; *demping* – *dumping* – *to dump*. *Miting*, frå engelske *meeting* (*to meet*), er blant ing-orda med lengst fartstid i det russiske språket. Det er det einaste ing-ordet som er nedteikna i ordboka *Novyj polnyj slovar' inostrannykh slov vošedšykh v russkij jazyk* frå 1912, medan fyrste treff på *miting* i hovudkorpuset til NKRJa er frå 1839. Romanov (2000:31) tidfester lånet av *miting* til starten av 1900-talet.

---

<sup>13</sup> Det finst ulike måtar å gruppera substantiv på *-ing* i russisk. Medan somme i praksis snakkar om det same som eg, ord som har opphav i engelske verb, er det andre som ikkje skil mellom slike ord og substantiv på *-ing* som har anna språkleg opphav.

Det har ikkje lukkast meg å koma over konkrete lister med ing-ord eller substantiv som sluttar på *-ing*. Bobrova og Sešan presenterer nokre tal, høvesvis i 1980 og 1996. Bobrova hevdar at det finst over 180 substantiv på *-ing* i det russiske språket. Sešan merkar seg i 1996 at det har kome til meir enn 50 ord på *-ing* dei siste fem åra, utanom dei 99 orda forfattaren har funne som var nedteikna i ordbøker over russisk språk på dette tidspunktet. Korkje Bobrova eller Sešan sine undersøkingar har samla ord ut frå kva opphav dei har i kjeldespråket.

Bobrova presenterer ein del substantiv på *-ing*, men ikkje alle 180, i artikkelen *Suščestvitel'nye na -ing v russkom jazyke* (Bobrova 1980). Sidan lista ikkje er presentert i sin heilskap er det uvisst kva for eit språkleg og grammatisk opphav alle dei ulike orda i lista har.<sup>14</sup> *Saling* og *elling* frå nederlandsk *zaling* (eller lågtysk *saling*) og *helling* er to tilfeldige døme på at ikkje alle orda i lista stammar frå engelske verb. Døma på ing-ord i artikkelen gjer det likevel mogleg å slutta at det var ei ganske stor gruppe ing-ord frå engelske verb som eksisterte i russisk før perestrojka. Til liks med Bobrova presenterer heller ikkje Sešan noko liste over sine ord eller informasjon om materiale som ligg til grunn for undersøkinga. Ho skriv at media i den siste tida har vore prega av lån av mange substantiv på *-ing* som er lånte frå engelsk, og som i kjeldespråket er avleidde av verbalstammar (1996:46). Ut frå dette kan ein slutta at Sešan sine ord på *-ing* kan passa inn under min definisjon av ing-ord. Konsultasjon med engelske ordbøker (OED, Chambers) viser at somme av Sešan sine ord, som *sterling*, *šilling*, *ring*, *sving*, *puding*, ikkje kjem frå verbalstammar i engelsk. Til dømes er *-ing* i orda *ring* og *swing* ikkje suffiks, men ein del av stammen til orda. Ein må difor gå ut frå at Bobrova og Sešan sine tal femner om ein del ord som ikkje stammar frå engelske verb.

Timofeeva (1995:80ff.) presenterer ei ordliste med 500 nye lånord frå engelsk, og eg har identifisert 53 av desse orda som ing-ord.<sup>15</sup> Det at så mange av dei nye lånorda frå engelsk er ing-ord kan tolkast som eit uttrykk for at det har kome ein del nye ing-ord inn i russisk på 1990-talet. Timofeeva uttrykkjer ikkje noko mål om representativitet ved lista, og det er ikkje mogleg å seia at ing-ord utgjer ein viss prosentdel av det totale talet på nye lånord.

I ei liste over lånord frå 1959 nemner Benson blant anna orda *smoking*, *demping*, *kliring*, *svejting/sviting*, *slabing*, *tjubing*, *miting* og *snajping*. I databasen Integrum er det ingen treff på *svejting* og *slabing*, og alle treff på *sviting* er personnamn. Dette kan tyda på at ikkje alle ing-orda

---

14 Bobrova informerer ikkje om kva materiale som utgjer grunnlag for lista.

15 *Dansing* og samansetjingar med *dansing* er rekna som til saman eitt ing-ord.

som Benson har dokumentert har festa seg i det russiske språket. At ikkje alle lånord festar seg i språket er ikkje eit uventa funn, jamfør kapittel 2.2.1.

### 3.1.1.2 Andre ord som inneheld eininga *-ing* i russisk

Det er ikkje berre *ing*-ord som har lyd- og skriftbiletet *-ing* [ing] i russisk. Ord som sluttar på *-ing* kan vera særnamn og samnamn, og kan vera lånte frå ulike språk.

Særnamn som sluttar på *-ing* kan vera stads- eller personnamn: *Šang-Tao-Ling* frå eit asiatisk språk, *Dauning* frå engelske *Downing Street* og *El'bing*, som er ei nemning på den polske byen Elbląg (NKRJa-hk). Somme samnamn på *-ing* har blitt lånte frå til dømes nordiske språk og nederlandsk. I desse språka finst det òg ord som sluttar på *-ing*, anten med eit suffiks *-ing* eller *-ing* som på ein annan måte utgjer ein del av ordet. Døme på lån frå nordiske språk er *storting*, *al'ting* og *viking*. Bobrova (1980) nemner *storting* som eit døme på at lånord kan ha same lyd- og språkbilete, men ulike morfologiske eigenskapar: i *storting* skil ho ut *-ting*, og ikkje *-ing*, som suffiks.

I Bobrova sin diakrone gjennomgang av lån av substantiv på *-ing* til russisk finn ein mellom anna mynteiningane *šilling* og *šterling/sterling*, som vart lånte på 1700-talet. Bruk av desse orda er dokumentert i NKRJa-hk; fyrste treff på *šilling* er frå 1788, og fyrste treff på *šterling/sterling* er frå 1725. I perioden kring Peter den store vart det, ifylgje Bobrova, lånt ord på *-ing* innan sjøfartsterminologi. Dette er ord som *elling*, *saling* og *fertoing*. Ord innan dette område er ifylgje Bobrova lånte frå nederlandsk, og av og til frå engelsk. Bobrova skriv at det på 1800-talet vart lånt ord som ved lånetidspunktet skildra realia i andre land, som til dømes *smoking* og *miting*. På 1900-talet nemner ho to periodar med stor låneaktivitet når det gjeld substantiv på *-ing*: (1) 20- og 30-talet, og (2) 50-, 60- og 70-talet. Bobrova skriv at «[I] dei siste åra har lån hovudsakleg gått føre seg frå engelsk (*brifing*, *džogging*, *kemping*, *marketing*, *parking*).»<sup>16</sup> (Bobrova 1980:88). Ut frå Bobrova sin gjennomgang kan ein slutta at substantiv på *-ing* i russisk har blitt lånte til ulike tider, og at dei har ulikt opphav.

Eg har her presentert ein del ord på *-ing* som ikkje kvalifiserer som *ing*-ord. Det er vanskeleg å seia om eksistensen av andre ord som sluttar på *-ing* er relevant for tilkomsten av *ing*-ord. For å skildra ordrekkjer som til dømes *storting*, *risling*, *šilling* nyttar Soelsuren (2003) omgrepet «assosiativt suffiks» eller «suffiks etter analogi»<sup>17</sup>: orda har det til felles at dei er like i forma, men inneheld

16 [В] последние годы заимствование происходит главным образом из английского языка (ср. *брифинг*, *дžоггинг*, *кемпинг*, *маркетинг*, *паркинг*). (Bobrova 1980:88).

17 «ассосиативный суффикс» или «суффикс по аналогии» (Soelsuren 2003)

ikkje same suffiks. Slik Soelsuren ser det, er det ein slags relasjon mellom orda, sjølv om dei ikkje naudsynleg har same etymologi eller nyttar det same suffikset.

### 3.1.2 Ordklasse og deklinasjon

Ing-ord er bøyelege substantiv i russisk. Dei går med dette inn i det mest typiske mønsteret for lånord dei siste femten-tjue åra: bøyelege substantiv dominerer over ubøyelege (Krysin 2004:53). Grammatisk kjønn for substantiv på *-ing* er maskulinum, og dei blir bøygd etter 1. deklinasjon (Sešan 1996). Dette passar med føresetnaden om at lånord som endar på konsonant vanlegvis går inn i bøyingsparadigmet til ikkje-feminine substantiv av typen *stol*.<sup>18</sup>

### 3.1.3 Ortografi og lydbilete

Lån av ing-ord inneber at ein må ta val som gjeld lyd- og skriftbiletet til orda, i og med at det blir lånt frå eitt skriftsystem til eit anna. Metodar som kan brukast for å formidla eit ord i eit anna skriftsystem er *transkripsjon* og *translitterasjon*. Transkripsjon er overføring av skriftbiletet med omsyn til lydbiletet, medan translitterasjon er overføring av skriftbiletet bokstav for bokstav. Ved overføring av eit engelsk ord frå latinske til kyrilliske bokstavar nyttar russisk i dag ofte *transkripsjon*, og sjeldnare *translitterasjon* (Marinova 2008:95), og ein prøver altså i dag oftare å bevare uttale enn skriftbiletet frå kjeldespråket.

Eit blikk på nokre ing-ord tyder på at det er translitterasjon eller ein kombinasjon av translitterasjon og transkripsjon som blir brukt ved overføring av ing-ord til kyrilliske skrifteikn. *Pirsing* og *lifting* blir av Marinova (2008:96) nemnde som døme på blanding av transkripsjon og translitterasjon. Sjølv eininga *-ing* på slutten av orda syner, ifylgje Timofeeva (1995:25), translitterasjon, fordi eininga *-ing* i engelsk blir uttalt med den velare nasalen [ŋ], medan uttale i russisk er [nk] når ordet blir uttalt i isolasjon.<sup>19</sup> Med andre ord vil alle ing-ord delvis vera overførte ved hjelp av translitterasjon. Krysin (2004:45) hevdar at ord som sluttar på *-ng* ikkje er fonetisk assimilerte i russisk, og at *-ng* ikkje er karakteristisk for russiske ord. Det er uklårt om han viser til at uttalen [ŋ] ikkje er teken opp i russisk eller til at lydkombinasjonen [ng/nk] ikkje representerer typisk uttale i russisk.

---

18 For ein nærare gjennomgang av grammatisk kjønn hjå nye lånord, sjå til dømes Yoshizumi (2008:48ff.).

19 Dette taler ikkje for ein skrivemåte *-ink*, og det har nok heller ikkje Timofeeva meint. Ord som sluttar på *-ing* fylgjer same reglar for stemt/ustemt som til dømes *rjad*.



Eit døme på transkripsjon finn ein i fyrste del av *lizing*. Her erstattar bokstaven *-i-* bokstavkombinasjonen *-ea-* i engelsk, medan lyden [i:]<sup>20</sup> er bevart. Teiknet *-z-* erstattar *-s-*, slik at lyden [z] er bevart. *Smoking* er eit døme på rein bruk av translitterasjon. Det er ikkje teke i bruk diftong for å bevare uttalen av *o* i engelsk, slik det er i til dømes *rouming*. *Smoking* er gjeve att slik ordet er skrive i engelsk, men det må påpeikast at i og med at ordet ikkje blir brukt på lik måte i engelsk og russisk, kan det vera lånt via eit anna språk.

Ved overføring av eit ord frå eit skriftsystem til eit anna kan det i somme tilfelle oppstå variasjon i skrivemåte i russisk. Dette har til dømes skjedd for *šopping/šoping* og *kidnepping/kidneping*.

Variasjonen mellom enkel og dobbel konsonant forklarast med at vokallengd ikkje er tydingsskiljande i russisk. Ifylgje Marinova strir dobbel konsonant mot russisk språk, og finst i all hovudsak ved grensa mellom morfem, ikkje i rota<sup>21</sup>. Dette gjer at dobbel konsonant ofte blir forenkla (2008:96). Krongauz (2007:76) nemner døme der variasjon mellom enkel og dobbel konsonant har ført til dobbel konsonant der det er enkel konsonant i engelsk: *pillling (peeling)* og *trenning (training)*. Dobbelt konsonant kan oppstå i slike tilfelle fordi uttalen er den same i russisk som den ville vore dersom ordet hadde vore skrive med enkel konsonant. Når ord har dobbel konsonant i engelsk råder Krongauz til å fylgja den same skrivemåten i russisk.

*Kidneping/kidnepping* blir skrivne både med bokstaven *e* og *э*. Konsonanten før *e* ser altså ut til å kunna vera både mjuk og hard i russisk. Dette strir mot vanlege reglar for russisk ortografi, sjå til dømes Marinova (2008:101). For meir litteratur om variantar i lånord si skriftlege framtoning, sjå Marinova (2008:98 ff).

### 3.1.4 Trykkplassering

Trykkplasseringa til ing-ord synest oftast å vera penult, altså plassert på stavinga før *-ing*. Hagan (2003) har utført ei undersøking av trykkplassering i lånord frå engelsk, blant anna for substantiv som endar på *-ing*; sjå Hagan (2003:54ff.).

### 3.1.5 Orddanning med ing-ord

Som døme på at ing-ord kan danna ord med ulike suffiks vil eg nemna avleiingar av *miting* som finst i NKRJa-hk: *mitingovat'*, *mitingovyj*, *mitingovščina*. Sešan (1996:47) deler mellom tre typar ing-ord: ord som dannar verb, ord som dannar adjektiv og ord som dannar substantiv. Inndelinga til Sešan kan oppfattast som at eitt ing-ord ikkje kan danna ord av ulike ordklassar, men dømet frå

<sup>20</sup> Vokallengd er ikkje tydingsskiljande i russisk.

<sup>21</sup> В. И. Даль указал на то, что двойные согласные противоречат русскому языку (в подавляющем большинстве исконных слов двойные согласные пишутся лишь на стыке морфем, не в корне. (Marinova 2008:96).

NKRJa-hk viser at dette ikkje er tilfelle. Alle avleiingane eg har nemnd er dessutan frå treff frå før 1996, då Sešan sin artikkel vart skriven.<sup>22</sup> Sešan hevdar vidare at alle ing-ord har aktiv orddanning. Eg har ikkje undersøkt kor mange ing-ord i mitt eige materiale som har orddanning, men det er grunn til å tru at Sešan si ytring må modifierast, og at ikkje alle ing-ord naudsynleg dannar avleiingar, dersom det ikkje er behov for dei.

### 3.1.6 Tematisk fordeling av ing-ord

Somme forskarar har organisert ing-ord etter tematikk, eller registrerer at ing-ord er frekvente på visse område. Sešan (1996:47) deler ing-ord i fem tematiske grupper:<sup>23</sup>

- (1) samfunn og politikk
- (2) vitskap og teknikk
- (3) sport
- (4) økonomi
- (5) kvardag

Dette viser at ing-ord opptrer i mange ulike sfærer i språket. Ei mindre mangslungen klassifisering av ing-ord, som like fullt femner om store delar av språket, finst hos Soelsuren (2003). Han skriv at ord på *-er* og *-ing* er relaterte til *деятельностной сфере человека* – område der menneske har verksemd. Dette er eit vidt område, og tyder òg på at ing-ord har vid tematisk utbreiing i språket. I artikkelen «Polnyj šoking» frå avisa *МК v Pitere* (2008) skriv Irina Nikolaeva at ord på *-ing* finst i alle aktivitetssfærer. Nikolaeva bitt tilkomsten av ing-ord med ein mote som ho forklarar med at fleire unge kan engelsk.

I Ryazanova-Clarke og Wade (1999:38,61) sin oversikt over den språklege utviklinga på 1900-talet blir *gembling*, *kidnepping* og *kheppening* nemnde som døme på lånord frå perioden 1953-1960. Desse er ifylgje forfattarane *eksotismar* med negative overtonar, som vart nytta for å referera til vestlege realia. I same perioden vart det lånt uttrykk innan sportsterminologi som *dribling*, *karting*, *pressing*. Sportstermar blir dokumentert lånt òg i perioden frå 1970 til 1985, representert av lånorda *vindsërfing* og *sparring-partnër*. Krysin (2004:54) observerer òg at ing-ord blir lånte til sportsterminologi.

---

<sup>22</sup> *Mitingovščina* er dokumentert allereie i 1959 (Benson 1959)

<sup>23</sup> Общественно-политическая группа, научно-техническая группа, спортивная группа, экономическая группа, обиходная группа (Sešan 1996:47).

Kitajgorodskaja (1996:199) merker seg at ing-ord er ei talrik gruppe innan økonomisk terminologi. Kostomarov (1994:89) nemner ing-ord som er nemningar på omgrep innan marknadsøkonomi, men òg teknikk og teknologi: *lizing, marketing, inžiniring, kholding, konsalting, kliring, listing*. Desse orda vart ifylgje Kostomarov fyrst presenterte i massemedia med forklaring, sidan i hermeteikn og til slutt utan hermeteikn. Han nemner òg ing-ord som opptrer i andre delar av språket: *bljuming, brifing, demping, diling, inžiniring, kidnepping, kemping, kliring, konsalting, lizing, listing, marketing, monitoring, presing, rejting, trening, faktoring, forsing, frančajzing, kholding, kheppening*. Marinova viser ulike ing-ord som har utvikla ei spesialisert tyding i russisk: *konsalting, kontrolling, parking, trening, stajling* og *šoping*, men nemner ikkje slik utvikling av spesialisert tyding som typisk for ing-ord generelt (Marinova 2008:315ff.).

Som vist ser ikkje ing-ord til å vera avgrensa til ein del av språket, men opptrer i ulike delar av språket.

### 3.1.7 Verbalsubstantiv og ing-ord

Som eg vil gå nærare inn på i kapittel 3.2, omtaler grammatikkane *Akademičeskaja grammatika* (1980; vidare AG-80) og *Russkaja grammatika* (2005; vidare RG-05) *-ing* som eit suffiks som dannar verbalsubstantiv med tyding av prosess. For å finna ut om det kan forståast noko verbalt innhald i ing-ord vil eg utforska det semantiske innhaldet hjå verbalsubstantiv.

*Verbalsubstantiv* blir i Norsk ordbok definerte som substantiv som er avleidde av verb (Guttu 2005). Slike substantiv har formelt sett, som eit minimum, stammen til eit verb, og eit suffiks som viser at det er substantiv. Ut frå denne definisjonen er ing-ord ikkje å rekna som verbalsubstantiv i russisk: dei er ikkje avleidde av verb i russisk, sjølv om det i somme høve kan føreliggja eit verb og eit ing-ord som har same stamme, òg i russisk. Det finst verb i engelsk som dei kan vera avleidde frå: i engelsk kan verbalsubstantiv uttrykkjast med endinga *-ing*. Av denne grunn vil eg føresetja at det er mogleg at ing-ord kan ha semantiske trekk av å vera verbalsubstantiv i russisk.

I læreboka *Russian Word-Formation* skriv Townsend at russiske verbalsubstantiv på *-i-e (-u-e)*<sup>24</sup> vanlegvis har tyding av den handlinga, prosessen eller tilstanden som stammen til verbet indikerer (Townsend 1975:152ff.).<sup>25</sup> Slike tydingar kan utspela seg på ulike måtar, som eg vil visa i analysen

24 Dette er ord på *-tie (zakrytie)*, *-enie (padenie)*, *-nie (kipenie)* og *-'ë (pit'ë)*. For ein utfyllande presentasjon av slike ord, sjå t.d. Townsend (1975).

25 Townsend (1975:156) sin merknad om at eit engelsk ord på *-ing* ofte korresponderer med denne typen verbalsubstantiv kan noterast bak øyret.

av ing-ord i kapittel seks.

Verbalsubstantiv kan vera uttrykk for *teliske* eller *ateliske prosessar*, i den grad verbalhandlinga bak verbet i stammen er uttrykt.<sup>26</sup> Dynamiske verb, som skildrar dynamiske situasjonar, kan delast etter om dei er *teliske*, *avgrensa* eller *ateliske*, *uavgrensa* (Saeed 2009:121 ff.). Telisitet kan observerast om ein undersøker fylgjene ved å avbryta prosessen bak verbet. Prosessar som blir vurderte som å ha ein naturleg ende er *teliske*. Å avbryta ein telisk prosess vil seia at innhaldet i ytringa blir usant. I dømet «Tobias bakte ei kransekake (på ein time)» vil ikkje innhaldet i ytringa stemma dersom Tobias vart avbroten i bakinga, og det ikkje finst noko kransekake.<sup>27</sup> Det å baka kransekake som ein aktivitet har ikkje den same naturlege avslutninga. Ein kan seia at «Tobias bakte kransekake i ein time», og om Tobias sluttar å baka då, vil det framleis vera sant at han har bakt. Prosessar som ikkje blir vurderte å ha ein naturleg ende er *ateliske*. Å avbryta ein atelisk prosess gjer derimot ikkje at innhaldet i ytringa blir usant. Det kan vera vanskeleg å plassera *degree achievements*, som *å bli lengre*, *å bli meir kjølig* og liknande, som teliske eller ateliske, for meir om dette, sjå Hay m. fl. (1999). Dersom ein føreset at ing-ord kan uttrykkja ei verbalhandling er det mogleg at dei òg kan uttrykkja telisitet, ei naturleg avgrensing for handlinga eller eventuelt ein mangel på ei slik naturleg avgrensing.

I grammatikkboka *Russisk grammatikk* skriv Terje Mathiassen at verbalsubstantiv berre finst i eintalsform, fordi dei gjerne er nemning på abstrakter eller abstrakte forhold (Mathiassen 1996:431). Townsend (1975:152) definerer òg verbalsubstantiv blant abstrakte substantiv. Townsend merkar seg at skiljet mellom abstrakte og konkrete substantiv ikkje er absolutt: konkrete substantiv kan få abstrakt tyding, og abstrakte substantiv kan få konkret tyding. Slik konkretisering blir av Townsend referert til som *hypostase*. Marinova (2008) skriv at eit fleirtydig ord i somme tilfelle representerer eit abstrakt substantiv i ei av tydingane sine, i ei anna tyding eit konkret substantiv» (2008:198).

Marinova viser at fleire forskarar som ved overgangen frå 1900- til 2000-talet har observert ei auke i talet på abstrakte substantiv som kan brukast i fleirtalsform. Ei særige tyding i fleirtal kan, ifylgje Marinova, oppstå i fleirtalsform og spreia seg til eintalsform av ordet. Slik kan det oppstå semantisk endring for ordet (Marinova 2008:212). Dette gjeld òg ing-ord. I neste avsnitt vil eg gå nærare inn

---

26 *Verbalhandling* vil hos meg seia «den handlinga som verbet uttrykkjer».

27 Dette føreset ei lesing der ein ventar seg ei kransekake som resultat av handlinga, og ikkje berre at Tobias skal baka. Om ein forventar at Tobias skal baka kransekake og det ikkje er så farleg om han bakar den ferdig eller ikkje, vil handlinga vera atelisk.

på kva tydingar som kan oppstå på bakgrunn av at eit ing-ord opptrer i fleirtalsform.

### 3.1.8 Ing-ord i eintalsform og fleirtalsform

Ifylgje Kostomarov (1994:192) og Sešan (1996:47) er substantiv på *-ing* i regelen *singularia tantum*. Marinova tilbakeviser dette, og legg fram materiale der fleirtalsform er regelbunden for dei fleste ord på *-ing* (Marinova 2008:194). Eg vil visa at det ifylgje Marinova i somme høve kan knytast spesielle semantiske eigenskapar til fleirtalsform av ing-ord.

Ord som er *singularia tantum* har ifylgje Marinova abstrakt semantikk. Abstrakte substantiv med framandspråkleg opphav er nemningar på anten prosess/aktivitet; kvalitet; stil (i kunst, mote og liknande) og retning; eller ei teneste (Marinova 2008:188f.). Dei ing-orda som Marinova reknar opp som er *singularia tantum* er stort sett abstrakte substantiv som har tyding av prosess eller verksemd: *imidžbuilding, imidžmejking, kejtering, doping-kontrol', spamming, forfejting, frančajzing, khajdžeking, khedkhanting, ekkauting*. Ein del abstrakte ing-ord har altså kanskje ikkje utvikla fleirtalsform.

I undersøkinga av 165 abstrakte og konkrete ing-ord har Marinova gjort funn som viser at det finst fleirtalsform både av abstrakte og konkrete ing-ord. Abstrakte ing-ord utgjer 75,8 % av materialet til Marinova (2008:195f.), resten er konkrete ing-ord. Alle dei konkrete ing-orda i materialet hennar dannar fleirtalsform. Der dei konkrete ing-orda er fleirtydige finn ho fleirtalsform for kvar einskild tyding. Dette, skriv ho, samsvarer med normer i russisk.

Abstrakte ing-ord manglar ifylgje Marinova gjerne fleirtalsform ved lånetidspunktet (Marinova 2008:212f.,461). Då blir det ifylgje henne anten fyrst og fremst eller utelukkande oppfatta ei tyding av prosess hjå abstrakte ing-ord, og spesielt i tilfelle der personen talar engelsk. Dette meiner Marinova kan forklarast med at mange abstrakte substantiv på *-ing* blir forklarte med eit ekvivalent russisk ord som òg er ei abstrakt nemning for prosess – eit verbalsubstantiv. Ved lånetidspunktet kan altså abstrakte ing-ord overta eigenskapar frå russiske verbalsubstantiv, då desse blir brukte til å forklara ing-orda. Slik kan det vera mogleg for ing-ord å få eit indirekte band til verb i russisk, sjølv om dei sjølve ikkje er verbalsubstantiv i russisk. Marinova sitt materiale viser at det òg blant abstrakte ing-ord gjerne finst fleirtalsform av substantivet: berre 11 % av dei abstrakte orda manglar fleirtalsform. Det er ifylgje Marinova ein generell tendens i det russiske språket at fleire abstrakte substantiv går over til å få fleirtalsform ved overgangen frå 1900- til 2000-talet (Marinova 2008:201).

Marinova skriv at alle dei abstrakte substantiva på *-ing* har identisk abstrakt tyding – tyding av prosess. Denne tydinga blir forklart med det verbale opphavet til prototypene i engelsk. Marinova merkar seg at det går føre seg ei semantisk forskyving ved bruk av fleirtalsform av abstrakte substantiv: ei konkretisering av tydinga, altså *hypostase*. Konkretisering går føre seg i danning av fleirtalsform for alle abstrakte substantiv, både dei russiske (*iskonnye*) og dei som er lånte inn i russisk. Konkretisering kan skje etter to modellar. Det er mest utbreidd at den abstrakte handlinga kan få tyding av *eit konkret, teljeleg, uttrykk for handlinga*, men ordet kan òg få tydinga *resultat av handlinga*. Semantiske forskyvingar av den typen som fyrst oppstår i fleirtalsforma blir ikkje alltid uttrykte i ordbøker, men polysemi hjå abstrakte substantiv kan utvikla seg på grunnlag av desse forskyvingane (Marinova 2008:212).

## 3.2 Den språklege eininga *-ing*

I dette avsnittet vil eg sjå nærare på kva for nokre definisjonar av den språklege eininga *-ing* som finst i engelsk og russisk. Presentasjonen av *-ing* i engelsk er teken med som samanlikningsgrunnlag for gjennomgangen av definisjonar i russisk. Denne er utelukkande basert på definisjonar frå to ordbøker: Oxford English Dictionary (OED) og Chambers 21<sup>st</sup> Century Dictionary (Chambers). Materialet om *-ing* i russisk er henta frå artiklar og andre tekstar om eininga, og frå grammatikkane AK-80 og RG-05.

### 3.2.1 *-ing* i engelsk

*-Ing* har status som suffiks i engelsk. Ordbøkene OED og Chambers skil mellom ulike suffiks *-ing* som er homonym: dei har same ortografiske og fonologiske form, men dei har eit ikkje-relatert meiningsinnhald. Innhaldet i definisjonane i Chambers og OED svarer til kvarandre, og eg vil visa definisjonen i OED. I OED er det eitt oppslag på *-ing form*, i tillegg til oppslag på homonyma *-ing<sup>1</sup>*, *-ing<sup>2</sup>* og *-ing<sup>3</sup>*.<sup>28</sup>

I definisjonen frå OED blir *ing-forma* definert som forma til eit engelsk verb som endar på *-ing*, men den kan òg fungera som eit substantiv eller eit adjektiv. Ing-forma blir brukt i danning av fleire typar *progressive tense*, og det blir vist til oppslag om gerundium (*gerund*) og partisipp. Ifylgje definisjonen kan både gerundium og partisipp brukast i funksjon av andre ordklassar: gerundium blir i OED kategorisert som «a verb form which functions as a noun» (OED), medan eit partisipp ifylgje OED er «a word formed from a verb (e.g. *going, gone, being, been*) and used as an adjective

<sup>28</sup> Definisjonane er henta frå nettversjonen av OED i august 2012.

(e.g. *working woman*, *burnt toast*) or a noun (e.g. *good breeding*)». Det blir nemnd at partisipp kan danna samansette former av verbet, som til dømes *is going*. Partisipp kjem i presens- og preteritumsform, og presenspartisipp har *ing-form*.

Suffikset *-ing*<sup>1</sup> kan ifylgje OED brukast for å skildra ei verbalhandling, eit tilfelle av ei verbalhandling eller resultatet av verbalhandlinga. Døme som blir nemnde er *fighting*, *outing* og *building*, altså noko som er avgrensa i tid og rom. Suffikset kan vidare skildra eit materiale som er brukt i eller blir assosiert med ein prosess, som i *cladding*, *piping*, eller noko som er involvert i ei handling eller ein prosess, utan korresponderande verb, som i *sacking*. Det kan òg danna gerundium av verb, som *painting* i *I love painting*. Suffikset *-ing*<sup>2</sup> blir skildra som eit suffiks som kan danna presens partisipp av verb og presens partisipp som blir brukt som adjektiv, og vidare kan det brukast til å danna adjektiv av substantiv. Om suffikset *-ing*<sup>3</sup> står det at det skildrar ein ting som har eit spesielt tilhøyre eller ein spesiell kvalitet, som i *farthing* og *riding*.

Av dei tre homonyme suffiksa *-ing* som er dokumenterte i OED kan berre to knytast til verb, og ikkje i alle tydingane sine. Det er altså ikkje mogleg å snakka om *-ing* som eitt suffiks, og heller ikkje som reint verbale suffiks. Dei tre ulike suffiksa *-ing* som er nemnde i OED har ulik etymologi. Suffikset *-ing*<sup>1</sup> er utvikla frå gamalengelsk *-ung*, *-ing* og har germansk opphav; suffikset *-ing*<sup>2</sup> er utvikla frå mellomengelsk *-ende*, seinare *-inde*, medan suffikset *-ing*<sup>3</sup> er utvikla frå gamalengelsk og har germansk opphav.

Som definisjonar i OED og Chambers viser, har ikkje eininga *-ing* ei homogen tyding i engelsk, men er *fleire* suffiks med heterogene tydingar. *-Ing* kan fungera som eit suffiks i engelsk på ulike måtar; det kan vera suffiks både når det er ein del av eit verb, del av eit substantiv og del av eit adjektiv. Det kan fungera i ulike former av verbet, og i ulike typar substantiv, i tydinga *av ein viss type* eller som verbalsubstantiv. Grigor'ev (2005) merkar seg at *-ing* har mange tydingar i engelsk, men utanom dette har eg ikkje funne merknader om *-ing* sine funksjonar i engelsk. Ei forståing av *-ing* i engelsk kan vera ein nyttig bakgrunn for å forstå russiske *ing*-ord.

### 3.2.2 Eininga *-ing* i russisk

I litteratur om *-ing* i russisk blir det uttrykt ulike syn på kva type eining *-ing* eventuelt kan skiljast ut som. Eg vil no utforska om det finst forståingar av felles tydingar eller konnotasjonar for *ing*-ord som er baserte på tydingar eller funksjonar hjå sjølve eininga *-ing*. Denne delen av kapittelet er organisert etter korleis *-ing* blir forstått: (1) som eit suffiks i russisk; (2) som eit engelsk eller internasjonalt suffiks; (3) som eit suffiks i russisk i somme tilfelle; og (4) som ein mellomting mellom eit suffiks og eit ikkje-suffiks i russisk.

#### 3.2.2.1 Definisjonar av *-ing* som eit suffiks i russisk

Eininga *-ing* har blitt analysert som eit suffiks i russisk mellom anna i grammatikkane AG-80 og RG-05 (AG-80:165, RG-05:165).<sup>29</sup> Her har dei fått plass under kapittelet «Orddanning hjå substantiv» (AG-80:142ff.).<sup>30</sup> Ord som inneheld suffikset *-ing* er omtalt som ei av fleire «mindre grupper substantiv som er avleidde av verb med tyding av prosess, som dannar uproduktive orddanningstypar».<sup>31</sup> Andre suffiks i denne gruppa er både russiske suffiks som til dømes *-ic(a)/-ovic(a)*, og nyare suffiks frå andre språk, som til dømes *-ant/-emen*. Som døme på substantiv på *-ing* nemner grammatikken *kreking* frå *krekirovat'*; *trening* og *forsing* (AG-80:166). Sidan definisjonen av ord på *-ing* inneber at dei er «avleidde av verb med tyding av prosess» burde det, logisk sett, finnast russiske verb som ord på *-ing* er avleidde frå. Dette er oftast ikkje tilfelle, sjølv om dømet *kreking/krekirovat'* syner at det kan finnast verb med same rot som substantivet. Skildringa av *-ing* i AG-80 og RG-05 synest å passa best til *engelske* substantiv på *-ing* som er avleidde av *engelske* verb. Eininga sitt språklege tilhøyre verkar såleis ikkje å vera fullt avklart i grammatikkane. Ei tyding av prosess hjå *abstrakte* substantiv på *-ing* blir òg, som vist, forstått av Marinova (2008), ei tyding som blir forklart med at prototypane til orda i engelsk har ei tyding av prosess. Marinova synest å gå ut frå at abstrakte substantiv på *-ing* har lånt ei tyding av prosess.

Sešan kallar *-ing* for eit suffiks, men presiserer at det ikkje er produktivt, eller er lite produktivt, i russisk, fordi orda på *-ing* blir lånte i sin heilskap. Suffikset *-ing* har ifylgje Sešan mista det bandet det har til verb i engelsk, og er ikkje motiverte i russisk (Sešan 1996:46ff.). Sešan viser ikkje noko forsøk på å skilja ut ei rot hjå substantiv på *-ing* i russisk, noko som etter Townsend (1975) sin definisjon er naudsynt for å kunna skilja ut eit suffiks. Soelsuren ser ikkje noko problem med å

29 I og med at skildringane av *-ing* i AG-80 og RG-05 er nær identiske er eg tilbøyeleg til å omtala RG-05 som ei nyutgjeving av AG-80. I RG-05 er det derimot ikkje opplyst om forholdet til AG-80.

30 «Словообразование имен существительных» (AG-80:142ff.).

31 «небольшие группы отглагольных существительных с процессуальным значением, составляющие непродуктивные словообразовательные типы» (AG-80:165).



skilja ut ei rot hjå substantiv på *-ing*. Han skriv at «ein språkbrukar som er godt kjend med den konkrete sfæren kan fint sjå føre seg skiljet til rota, og det faktum at dei fleste røtene er bundne hindrar ikkje oppdeling»<sup>32</sup> (Soelsuren 2003).

### 3.2.2.2 Definisjonar av *-ing* som eit engelsk eller internasjonalt suffiks

Definisjonen i AG-80 og RG-05 ser ut til å vera basert på forståinga av *-ing* som eit suffiks i engelsk, og ikkje i russisk, men i dei omtalene eg vil gå gjennom i dette avsnittet er det *uttalt* at *-ing* er forstått som eit *engelsk* eller *internasjonalt* suffiks, og implisitt eit ikkje-russisk suffiks.

Krongauz forstår *-ing* som eit engelsk suffiks som ikkje har knytt seg til russiske verb enno (Krongauz 2007:73). Krongauz knyt eininga *-ing* til den tydinga den har i engelsk, og det blir ikkje foreslått ei tyding for eininga *-ing* i russisk. Ut frå det Krongauz skriv er det ikkje mogleg å seia om han meiner at tydingar som er knytte til *-ing* i engelsk blir overførte til russisk, men han observerer ein *mote* rundt bruk av ord med dette suffikset i russisk, som han sjølv kallar latterleg.

Krysin (2004:66f.) snakkar om *-ing* som eit suffiks som eit utslag av at ord, røter og morfem blir internasjonaliserte. Denne internasjonaliseringa femner ifylgje Krysin om ord med gresk eller latinsk opphav, så vel som lån frå levande språk, fyrst og fremst engelsk. *-ing* blir altså forstått som eitt av dei morfema som har eit internasjonalt preg. Som nemnd i kapittel to hevdar Marinova (2008) at internasjonalar skal ha lettare for å bli tekne opp i eit språk enn andre ord. Krysin opnar for at morfem, mellom anna *-ing*, òg er med i internasjonaliseringa av språk.

Lingvistar kan analysa ei tyding av *-ing* som eit suffiks eller ein annan type eining, men språkbruk kan òg avsløra forståingar av ei eining *-ing*. Soelsuren (2003) meiner at dei som brukar lånorda kan engelsk såpass godt at dei veit at *-er* og *-ing* er suffiks i engelsk.<sup>33</sup> Som vilkår for dette nemner han *tospråklegheit*, i tydinga av å beherska eit anna språk, som til dømes engelsk. Eit anna døme på at *-ing* blir forstått som ei eining er når den blir utelate ved lån, eller bytt ut med eit russisk morfem. Marinova (2008:129) viser at *forfeiting* fyrst berre vart brukt med suffikset *-ing* i russisk, medan det sidan har kome i bruk eit ord med lik tyding og russisk suffiks: *forfejtirovanie*. Eininga *-ing* har blitt utelaten tidlegare: i tida rundt Peter den store vart somme ord som i kjeldespråket sluttar på *-ing*, ifylgje Bobrova, lånte utan endinga *-ing*. Dette kunne skje fordi låna var munnlege, og endinga *-ing* ikkje var karakteristisk for det russiske språket (Bobrova 1980:88). Det at *-ing* har vorte utelate eller

32 Носитель языка, хорошо знакомый с конкретной сферой отлично представляет себе разницу корневой части, и тот факт, что большинство корней являются связанными, членению не препятствует. (Soelsuren 2003).

33 Soelsuren (2003) kommenterer samstundes at det er forska for lite på tospråklegheit i Russland.

bytt ut med eit anna suffiks, både i tida rundt Peter den store og i nyare tid, kan vera teikn på at *-ing* kan bli identifisert som ei språkleg eining som er framand i russisk.

### 3.2.2.3 Definisjon av *-ing* som eit suffiks i russisk i somme samanhengar

Bobrova (1980) skil mellom bruk av *-ing* som eit suffiks, eit bunde suffiks og som eit ikkje-suffiks, på grunnlag av om orda kan forståast som motiverte eller ikkje-motiverte i russisk. Bobrova hevdar at ord som sluttar på *-ing* i ulik grad er delelege. Det finst:

- (1) substantiv på *-ing* der *-ing* ikkje kan skiljast ut som komponent;
- (2) substantiv der *-ing* opptretr som eit suffiks saman med ei bunden rot;
- (3) substantiv der *-ing* opptretr som eit suffiks saman med ei fri rot.

Den fyrste gruppa er substantiv der rota ikkje dannar ord som er i slekt med substantivet på *-ing* utan *-ing* (*miting, kliring*). Den andre gruppa er substantiv der rota dannar ord utan *-ing*, men med andre komponentar, men ikkje har ei tyding isolert frå andre komponentar (*tren-ing, dop-ing*). Den tredje gruppa er substantiv der rota dannar ord åleine (*autkross-ing, park-ing*). Bobrova skriv at somme ord kan reknast som motiverte i russisk, og skil altså mellom fleire ulike typar substantiv på *-ing*. Orda i den tredje gruppa har ifylgje Bobrova eit suffiks *-ing* og ei fri rot, medan orda i den andre gruppa har eit suffiks *-ing* med bunden rot. Ifylgje Bobrova er det flest substantiv på *-ing* som høyrer til den fyrste gruppa, der *-ing* ikkje er eit suffiks. Desse substantiva, skriv ho, har gjennomgått ei forenkling (Bobrova 1980:90f.).

I og med at somme ord på *-ing* kan oppfattast som ikkje-motiverte er det grunnlag for tydingar hjå desse orda som i mindre grad er påverka av tydingar i kjeldespråket. Ryzanova-Clarke og Wade nyttar kriteriet om manglande motivasjon for å syna at det er vanskeleg å ta opp *-ing* som eit ekte suffiks, då motivasjonen til *ing*-ord etter deira syn er avhengig av kontekst (Ryzanova-Clarke og Wade 1999:225).

### 3.2.2.4 Definisjon av *-ing* som ein mellomting mellom eit suffiks og eit ikkje-suffiks i russisk

Marinova og Ryzanova-Clarke og Wade plasserer *-ing* mellom eit suffiks og eit ikkje-suffiks. Marinova (2008:454) skriv at lingvistar førebels snakkar varsamt om framtida til komponenten *-ing*, som ho òg kallar *segment*, i det russiske språket. Segmentet *-ing* har ifylgje Marinova tyding av prosess. Det at mange ord på *-ing*, som til dømes *testing* og *parking*, er motiverte i russisk, talar for

å skilja ut *-ing* som eit morfem. Samstundes er ikkje dette nok, ifylgje Marinova. For å få ein fullverdig status som suffiks må *-ing* ha produktiv orddanning (Marinova 2008:454). Ryazanova-Clarke og Wade (1999:223) kommenterer òg at *-ing* ikkje opptrer saman med russiske røter, med *sberbanking* som eit mogleg unntak frå denne regelen. Dei omtalar *-ing* som eit «suffiks», med hermeteikn, men meiner at det at det blir referert til *ing-former* i litteraturen taler for at *-ing* kan kallast eit bunde morfem.

### 3.2.3 Russiske nydanningar på *-ing*

Korkje Bobrova eller Sešan omtaler orddanning der *-ing* opptrer saman med russiske røter. Hjø Sešan (1996:48) er det uttrykt at slik orddanning ikkje finn stad i russisk. Dette ser ut til å ha endra seg dei siste åra. På trass av at Marinova ikkje meiner at *-ing* kan kallast eit suffiks i russisk, dokumenterer ho nokre russiske nydanningar på *-ing*. *Mal'čišning*, *skidking* og *gadalking* er nemnde som døme på sporadiske førekomstar. Døme ho nemner frå ungdomssjargong er *obloming* og *guljating*. Ifylgje Marinova er russiske ord som er danna ved hjelp av *-ing* derimot ikkje nedteikna i standardspråket (2008:454). I avisartikkelen *Polnyj šoking* syner Nikolaeva (2008) fylgjande ord med russiske røter og *-ing*: *všiving*, *gading*, *obolvaning*, *ob''egoring*, *op'janing*, *otključing*, *otovaring*, *okhaing*. Eg har sjølv funne orda *vpendjuring* og *puting* i søket på ing-ord i NKRJa-ak, og ordet *šubing* i søk på nettet. Mi undersøking viser at ingen av dei nemnde orda er frekvente i materialet for korpuset NKRJa-ak (sml. vedlegg 1).

Som døma over viser, kan russiske røter som blir brukte med ord på *-ing* vera av ulik type. Eg har funne nominale og verbale røter. Medan ord som *otključing* og *všiving* har verbale røter frå verba *otključit'* og *všit'*, har *skidking* nominal rot *skidka*, og *puting* nominal rot *Putin*, som er slått saman med *-ing* ved hjelp av haplogi. Ein kan argumentera for at ord med *-ing* og russisk rot er hybride lån av same slag som *refusenik* i engelsk, som Podhajecka og Piotrowski (2004) skriv om. Det kunne vore interessant å undersøkje om det finst ei felles tyding for ord med russiske røter og *-ing*. I denne oppgåva vil eg nøya meg med å visa eitt ord med *-ing* og russisk rot: *puting*. Dette ordet kan ha oppstått i russisk på grunnlag av kreativ orddanning, på same måte som ordparet *vaučerizacija* og *volčerizacija*, som ifylgje Rathmayr (2002) er uttrykk for kreativ omgang med nye ord: rein moro med språket, eller galgenhumor.

Eg har funne ei tyding av *puting* som ser ut til å ha teke over eigenskapar frå eit ing-ord med engelsk rot: *miting*.<sup>34</sup> Eg vil visa eitt døme der *puting* svarer til *miting*, politisk møte, i favør av Putin:

Волна митингов в поддержку президента, переименованных остряками в "**ПУТИНГИ**", прошла от Камчатки до Калининграда и завершилась 15 ноября учреждением всероссийского движения "За Путина". (Integrum: Kommersant" Vlast", 3.12.2007).

Det kan sjå ut til at *puting* tek over eigenskapar som *miting* har, gjennom analogi. Tala på dokument der *puting* er nemnd ser ut til å hengja saman med utanomspråklege hendingar. I heile 2011 er det tre treff på *puting* i dokument i Integrum.<sup>35</sup> Eitt av treffa er duplikat og eitt er ei feilmerking. Ordet *puting* ser ut til å ha fått aktualitet rundt februar-mars 2012, med 51 treff i Integrum. Etter dette blir *puting* nemnd sjeldnare, med treff i 33 dokument frå og med mars og til og med august. At *puting* er brukt i så mange dokument i februar-mars 2012 kan mest sannsynleg relaterast til hendingar kring presidentvalet i Russland i 2012, som har gjort det aktuelt å snakka om støtte og motstand mot Putin, men bruk av *puting* ser altså ut til å vera situasjonsbunden.<sup>36</sup>

### 3.3 Mi vurdering av ing-ord og eininga *-ing*

Som vist i dette kapittelet er det ulike syn på kva ing-ord og eininga *-ing* representerer i russisk. Ing-ord ber teikn på at dei dels er integrerte i russisk, som at dei blir bøygde i kasus og dels i tal, og at mange av dei har aktiv orddanning. Det utypiske ortografiske og fonologiske språklege biletet *-ing* [ink] i slutten av orda kan samstundes oppfattast som eit teikn på manglande integrasjon i russisk. Manglande integrasjon kan gjera at orda blir oppfatta som framande – i større grad enn dei ville gjort utan slike utypiske trekk for russisk. Etter perestrojka har det kome mange lånord av ulikt tematisk slag inn i russisk frå engelsk, og mellom desse òg ein del ing-ord, som òg har eit heterogent tematisk tilhøyre. Det er med andre ord ikkje grunnlag for å venta felles tydingar blant ing-ord på grunnlag av tematisk tilhøyre, men ing-ord kan ha tydingar eller konnotasjonar basert på at dei er lånte inn i russisk.

Russiske ing-ord har ikkje noko klårt band til russiske verb, og det er sjeldan mogleg å skilja ut noko russisk verbalstamme i ing-ordet, men alle russiske ing-ord kan knytast til ei engelsk ing-form

---

34 Eit anna døme på orddanning med ei russisk rot og *-ing* er *šubing*, som kan spela på assosiasjonar til *šopping*, og kan reknast som eit hyponym til *šopping*.

35 I *central press*, det vil seia kjelder som kjem ut i Moskva.

36 For ein diskusjon om verdilading i ordet *puting*, sjå til dømes avisartikkelen «Puting – eto stydno» (Integrum: Novaja gazeta, 24.1.2008).

gjennom opphavet sitt. Forståingar av *-ing* i russisk synest dels å vera forma av bandet mellom ing-forma og verb eller ei verbalhandling. Gjennomgangen av ing-former og *-ing* i engelsk har derimot vist at ing-forma i engelsk ikkje alltid syner til ei form av verbet eller til verbalhandling. Det er ikkje grunnlag for noko einskapleg forståing av innhaldet til suffikset og forma i engelsk, og ein må gå ut frå at eit russisk ing-ord kan ha lånt tydingar frå ulike typar engelske ing-former.

Eg vil fylgja opp bandet mellom *-ing* og verbalhandling som blir nemnd i AG-80 og RG-05. Sjølv om eg ikkje er einig i at *-ing* er eit verbalt suffiks i russisk, vurderer eg det som mogleg at forståinga av *-ing* kan ha oppstått gjennom analogi, frå tilfelle der ord på *-ing* har ei tyding av verbalhandling i russisk, eller der dei blir forklarte gjennom eit russisk verbalsubstantiv. Dersom det er ein eksistens eller ei utvikling av felles verbale eigenskapar hjå ing-ord i russisk, eller av andre fellestrekk, er det mogleg at *-ing* i framtida vil kunna forståast som eit suffiks med bestemte tydingar i russisk.

## 4.0 To undersøkingar av digitaliserte tekstsamlingar med avisspråk

Materialet til undersøkingane mine er vald ut med tanke på å finna ut meir om tydinga til ing-ord. Eg har konsentrert meg om førekomstar av ing-ord i mediespråket, og vil difor starta med ein presentasjon av språket i massemedia. Etter dette fylgjer ein presentasjon av materialet eg har basert meg på. Korpuset NKRJa-ak, databasen Integrum og eit utval ordbøker utgjer materialet til undersøkingane mine. Dei ulike kvalitetane ved desse kjeldene vil vonleg gje utfyllande opplysningar om ing-ord sine semantiske særtrekk. Vidare vil eg gå gjennom korleis eg har utført undersøkingane. Den fyrste, kvantitative undersøkinga mi går ut på å dokumentera ing-ord som finst i avistekst, og kor ofte dei er nemnde i forhold til kvarandre. Den andre, kvalitative undersøkinga har ført fram til ein analyse av semantikk hjå somme av orda.

Det har vore eit mål i arbeidet med denne undersøkinga å gje ein grundig gjennomgang av metode. Kopotev og Mustajoki peiker på at metodar og framgangsmåtar for tileigning av vitenskapleg informasjon bør vera gjennomsiktige, slik at andre forskarar kan kontrollera truverdet til resultat frå undersøkinga ved å bruka tilsvarende metodologi (Kopotev og Mustajoki 2008:8). Forfattarane meiner at korpus og korpuslingvistikk har gjort det lettare å fylgja dette prinsippet. Eg støttar dette synspunktet.

### 4.1 Språket i massemedia

Massemedia har særeigne språklege trekk, mellom anna har Krysin (2007:13) peikt på at det er stilistisk blanda. I og med at media har eit stilistisk blanda språk kan ein venta å finna ord frå ulike delar av språket her. I dette avsnittet vil eg leggja vekt på kva for nokre spesielle vilkår *lånord* har i media.

Nokre forskarar presenterer pressa som ein instans der lånord og andre språklege nydanningar blir presenterte på ein særeigen måte. Ein av dei forskarane som observerer ein forholdsvis større bruk av framandord i mediespråket, samanlikna med andre delar av språket, er ordbokforfattaren Ljudmila Baš. Aviser og tidsskrift fører, ifylgje Baš (2012:6), ofte nytt, lånt vokabular inn i daglegtalen. At mediespråket tek opp endringar i språket er òg dokumentert av lingvistane Ljudmila Ferm og Vitalij Kostomarov. Kostomarov skriv at språket i massemedia utviklar seg i forkant, og at det påverkar andre talestilar (1994:88f.). Ferm går endå lenger i å gje pressa ei spesiell rolle som formidlar av nydanningar: «Berre pressa, og fyrst og fremst avisa, er uforseinka i stand til å etablere

og informera lesaren om alle nye førekomstar i språket»<sup>37</sup> (Ferm 1994:15). Krysin kallar pressa for ein «mellomstasjon» mellom to språk (2004:14). Ein slik uformell status som mellomstasjon mellom to språk eller som formidlar av nye ord impliserer at ein kan venta å finna nye lånord nettopp i mediespråket. Samstundes har statusen som mellomstasjon ei anna side: ein kan ikkje venta at nydanningar utan vidare migrerer vidare til andre delar av språket. Observasjonar i pressa vil difor ikkje naudsynleg gjelda for andre delar av det russiske språket. Ein kan kanskje kalla endringar i mediespråket for ein slags «språklege vervarsel»<sup>38</sup> for språket som heilskap – vervarsel som kan slå til eller ikkje.

Tospråklegheit kan, som nemnd i kapittel to, oppfattast som det viktigaste vilkåret for låneverksemd mellom språk, og arbeidsmetodar i media kan seiast å skapa gode vilkår for fenomenet. Til dømes refererer media til hendingar på tvers av språklege område. I dokumentasjonen av desse blir det gjerne brukt framandspråklege kjelder. Språket i media kan nytta kjelder som er skrivne på ulike språk, men engelsk sin status som *lingua franca* gjer gjerne at det ofte er engelskspråklege kjelder som blir brukte. Når journalistar skriv tekstar på russisk på bakgrunn av engelskspråklege kjelder, resulterer det i omsetjing frå engelsk til russisk. Etter Krysin sin definisjon representerer dette eit utslag av tospråklegheit mellom engelsk og russisk.

Media har ulike måtar å presentera nye lånord på. I somme tilfelle kan forfattaren uttrykkja eit meta-forhold til ordet, og diskutera sjølve ordet. I andre tekstar kan lånordet anten vera fylgd av ei forklaring, eller det kan stå utan forklaring. Det at ordet blir forklart eller ikkje forklart kan ha ulike grunnar. Til dømes kan forfattaren gje forklaring i tilfelle der han går ut frå at ordet kan vera ukjend for lesaren, men òg for å forklara kva som er meint med ordet i det einskilde dømet. I tilfelle der ordet ikkje blir forklart er det ikkje naudsynleg tilfelle at forfattaren meiner at ordet er kjend for lesaren. Forfattaren kan til dømes gjera eit meir eller mindre medvite val om å ekskludera dei som ikkje skjønar ordet.

Teksten ein møter i aviser endrar seg over tid. Dette skjer ikkje berre fordi språket endrar seg, men òg fordi det varierer *kva* som blir snakka om i avisene. Til dømes kan ein venta seg ei relativt større mengd saker om *nyttår* rundt årsskiftet, enn midt på sommaren. Språket som blir brukt i media på eit tidspunkt står i nær relasjon til kva tema og realia som blir diskuterte på det same tidspunktet, sidan innhaldet i media blir spegla av det som skjer i verda. Dei realia som er aktuelle i ein viss

---

37 Только пресса, и прежде всего газета, в состоянии незамедлительно фиксировать и доносить до читателей все новое, что наблюдается в языке. (Ferm 1994:15).

38 Mitt omgrep, BFV.

periode kan føra til overrepresentasjon av einskildord, eller av somme tydingar eller konnotasjonar som er knytte til dei, i media. Eg vel å overføra dette til massemedia: ei representativ mengd tekst frå media, til dømes aviser, vil både svara på *korleis* ein formulerer seg i eit visst tidsrom og *kva* det blir snakka om i det same tidsrommet. Når det gjeld lånord og andre førekomstar som ein møter i media kan ein ikkje trekkja konklusjonar om ordet si stilling i språket ut frå undersøkingar over ein kort periode: realia som blir diskuterte i media kan ha ført til at ordet kan vera overrepresentert i ei eller fleire tydingar i perioden. I korpus og databaser vil trekk i språket vera synlege, men òg kva folk føretrekkjer å snakka om.

## 4.2 Tekstsamlingar i undersøkinga mi

I denne delen av kapittelet vil eg visa eigenskapar ved tekstsamlingar eg har dradd nytte av i mine undersøkingar. Under *tekstsamling* forstår eg her både korpus, databaser og ordbøker, sjølv om ordbøker strengt tatt er samlingar av *ord*.

### 4.2.1 Korpus

I definisjonen til McEnery m.fl (2006:5) er eit *korpus* definert som:

ei samling av (1) maskinlesbare (2) autentiske tekstar som er (3) valde ut som (4) representative for eit bestemt språk eller ein bestemt variant av språket.<sup>39</sup>

Forfattarane av definisjonen over skriv at det er semje blant forskarar om at tekstane i korpuset skal vera maskinlesbare og autentiske. Innhaldet i omgrepet *representativitet* og kriteria som gjeld teknikk for utval er det derimot *ikkje* semje om. Definisjonen over er av teknisk art, og viser kva som må oppfyllast for at eit korpus skal kvalifisera som nettopp eit korpus. I dei fylgjande avsnitta vil eg visa kva informasjon ein kan få om førekomstar i språket basert på korpuset sine eigenskapar. Eg vil fokusera på eigenskapar som har hatt implikasjonar for mitt eige arbeid med korpus.

Korpus skil seg gjerne frå andre tekstsamlingar gjennom korleis dei er bygde opp og kva føremål dei har. Eg vil gå gjennom kva *storleik*, *representativitet* og *merking* har hatt å seia for bruk og forståingar av korpus. Sidan vil eg visa kva eit korpus kan seia om språket, eller den delen av språket det er meint å visa.

---

<sup>39</sup> Dette er berre ein av fleire moglege definisjonar av korpus. For fleire definisjonar, sjå til dømes McEnery m.fl. (2006:4f.).



### 4.2.1.1 Storleik og representativitet

Storleiken på korpus har vokse kraftig sidan det fyrste MR-korpuset (maskinlesbare korpus) vart oppretta.<sup>40</sup> For å illustrera veksten i storleik er det fyrste MR-korpuset, Brown-korpuset frå tidleg på 1960-talet, på over ein million ord, medan korpus i dag gjerne inneheld mange millionar ord: British National Corpus (BNC) har til dømes over 100 millionar ord. Andersen (2011) viser at det blir meir og meir vanleg å utvikla nettbaserte korpus som nyttar Internett som hovudkjelde for data. Internett gjev tilgang til store mengder tekst som allereie er digitalisert. Ved å laga korpus med Internett som kjelde kan omfanget bli endå langt større enn det er i dei store korpusa i dag, sjølv om dette sjølvstykke ikkje tyder at ein skal gi avkall på å sikra kvalitet for teksten ein nyttar.

Storleiken på tilgjengelege korpus har påverka forståinga av korpus, og har, saman med eigenskapar som at dei er maskinlesbare og har fleire funksjonar, gjeve korpus ein større plass i lingvistisk forskingstradisjon. Plungjan viser at korpuslingvistikk har opna for nye typar undersøkingar: ein kan undersøkje enorme mengder tekst der ein vel data etter kva som helst parameter (2006:78). Ein annan fylgje av tilkomsten av korpus er at rolla til statistiske metodar har blitt meir sentral. I staden for vurderingar av kva språkbruk som er *rett* og *feil*, får ein motsetnader av typen *frekvent*, *ikkje-frekvent* og *ikkje observert* språkbruk. Ifylgje Plungjan har ei forskyving frå tradisjonell *modellideologi* til *korpusideologi* ført til at ein må forholde seg annleis mellom anna til negativt materiale, det vil seia det som er rekna som «umogleg» i eit språk. Eit korpusideologisk synspunkt legg vekt på nærvere eller fråvere av eit språkleg fenomen i korpuset som grunnlag for å vurdere om noko er mogleg, medan «modellideologien» legg vekt på om noko fylgjer dei grammatiske reglane innan språket eller ikkje, i vurderinga om noko er mogleg eller ikkje (Plungjan 2006:78ff.). På ein tilsvarande måte viser Kopotev og Mustajoki (2008:7) at det er to ulike svar på kva grunnlag ein må ha for å slå fast at noko finst i eit språk: (1) ein språkbrukar meiner at noko er rett (vekt på intuisjon) eller (2) språkbrukarar bruker det (vekt på språkleg materiale).

Representativitet i eit korpus er ikkje direkte relatert til storleik, men er bestemt av trekk ved materialet som skal gjera det mogleg å overføra funn ein gjer i eitt materiale til eit større materiale. Om ein skal oppnå eit *representativt* korpus vil dette seia at resultat frå ei undersøking i korpuset skal kunna gjelda det språket eller den delen av språket det er tenkt å representera. For at eit korpus skal vera representativt har Biber definert at eit utval skal inkludera heile registeret av variablar i ein populasjon. Biber meiner at eit korpus kan vurderast ut frå om det inkluderer alle typar tekst i eit

---

<sup>40</sup> For ei kort framstilling av utviklinga frå korpus på papir til MR-korpus (maskinlesbare korpus), sjå til dømes Bowker (1996), McEnery m.fl. (2006).

språk og alle lingvistiske distribusjonar i eit språk (Biber 1993:243). Tilsvarande meiner McEnery m. fl. (2006:16) at utvalet i eit korpus bør vera balansert for at det skal vera representativt. Likevel peiker dei på at det førebels ikkje finst noko vitskapleg mål på balanse i korpus. Representativitet er såleis eit omstridd omgrep. Mikhail Daniel' meiner at det er behov for ei kvantitativ definisjon på omgrepet representativitet før ein kan avgjera om eit korpus er representativt eller ikkje. I ein kommentar der han kallar NKRJa-ak for «ganske opportunistisk» samansett presiserer han at det same gjeld alle korpus, fram til ein får ei avklåring av konseptet representativitet, når det gjeld mengd (personleg kommunikasjon, Daniel' , 3.4.2012). Dersom representativitet ikkje finst, er altså korpus avgrensa til å kunna gje observasjonar som gjeld eit utval av språket, og ikkje språket som heilskap.

#### 4.2.1.2 Merking

Plungjan definerer merking av korpus som viktigare for forståinga av korpuset enn storleik: «Ei samling av tekstar i elektronisk form som er merka blir kalla korpus, uavhengig av storleik»<sup>41</sup> (Plungjan 2009). Materialet i korpus kan merkast på ulike nivå. Metamerking av tekstar kan fortelja om mellom anna sjanger, forfattar eller tematikk. Grammatisk merking gjev informasjon om grammatiske eigenskapar ved ord. For ei grunnleggjande innføring i ulike måtar ein tekst kan merkast på, sjå til dømes McEnery (2006:29ff.).

Ein fordel med merka tekst er at det er mogleg å gjera val som gjer at ein berre får opp ein bestemt type resultat. Prosessen med å merka eit korpus kan gjerast på ulike måtar, og ein kan skilja mellom automatisk, datamaskin-assistert og manuell merking. Automatisk merking vil ikkje gje resultat som stemmer 100 % overeins med det ein forskar ville produsert, og det er uunngåeleg at eit slikt korpus inneheld feil eller tvitydige analyser. Fordelen med automatisk eller dels automatisk merking er at ein kan få merka mykje større mengder tekst enn manuell merking tillet.

Den typen merking som har vore viktigast i mi undersøking er *lemmatisering*. *Lemmatisering* gjer det mogleg å samla førekomstar av eitt og same leksem i ulike grammatiske former (McEnery m.fl. 2006:35). I russisk vil det seia at førekomstar av eit ord i ulike kasus og tal blir forstått som former av same lemma, eller ordbokform, av ordet. Ordformer som *dereva*, *derevom*, *derev'jam* sitt lemma er *derevo*, medan ordformer som *čitaet*, *čitaja* sitt lemma er *čitat'*. Lemmatisering gjer det mogleg å undersøkje distribusjon av ulike ordformer, og å finna alle førekomstar av eit ord i ulike ordformer

---

41 Собрание текстов в электронном виде, сопровождаемое разметкой, называется корпусом, независимо от его объема. (Plungjan 2009).

gjennom eitt einskild søk. Lemmatisering er svært nyttig i undersøkingar av russisk, sidan språket har ulike kasus og tal.

#### 4.2.1.3 Kva korpus kan seia om språket

Tidlegare i dette kapittelet har eg vist at diskursen endrar seg i aviser. Som Plungjan (2006:80) og Kopotev og Mustajoki (2008:7) viser, gjev heller ikkje eit korpus berre svar på *korleis* folk føretrekkjer å snakka (*langue*), men òg *kva* dei føretrekkjer å snakka om (*parole*) i eit gitt språk i eit gitt tidsrom. Å studera korpus vil seia å sjå på språkbruk, og i tillegg til å prøva å koma nærare forståingar om språket sitt system, freistar ein å forstå korleis val blir gjort ut frå dei høva som språket gjev ein språkbrukar: korleis ein kjem fram til ytringar (Aarts 2007). Korpus utfordrar på denne måten tradisjonelle oppfatningar om språket. Kopotev og Mustajoki nemner ulike måtar ein kan bruka korpus på, sjå Kopotev og Mustajoki (2008).

Korpus er ei avgrensa samling tekst, og syner ikkje all mogleg bruk av språket. Ein kan ikkje nytta korpus til å snakka om språket som heilskap, og det er mellom anna ikkje mogleg å vera for bastant med å uttala seg om negativt materiale. Sidan negativt materiale blir omtalt som ikkje-observert, snarare enn ikkje mogleg, er det ikkje mogleg å nytta korpus til å finna svar på kva som ikkje er mogleg i eit språk. Ein kan ikkje seia om grunnen til at ein førekomst manglar er at den er umogleg i språket, eller om den berre ikkje er uttalt i det materialet som utgjer korpuset. Dette kan vidare syna eit perspektiv som korpuslingvistikk representerer, nemlig at grensa mellom *feil* og *lågt frekvente* treff blir vag. Det kan vera nyttig å ha i mente kva korpus ikkje kan seia.

Utover at korpus ikkje kan gje negativt bevis peiker McEnery m. fl. på at korpus sjeldan gjev forklaringar på kvifor noko finst i korpuset – til dette må ein bruka andre metodar, til dømes intuisjon. McEnery m. fl. peiker dessutan på at nytteverdien av korpus er avhengig av kva ein undersøker. Til slutt blir det understrekt at funn i eit korpus berre stemmer for det korpuset funna er gjort i, og det blir åtvare mot å gje villeiande generaliseringar (McEnery m. fl. 2006:120).

Bowker (1996:313) nemner det som fordelaktig at data frå undersøkingar i korpus kan bli brukte om att og delte, og danna grunnlag for undersøkingar av liknande eller relaterte fenomen. Dette føreset at ein greier ut om korleis ein brukar korpuset. Korpus gjev gjerne høve til å gjera val som kan påverka resultatata av undersøkingar. Når resultatata skal tolkast er det ein fordel å vita kva for nokre avgjersler som er tekne undervegs. I eit korpus kan ein vanlegvis få informasjon om kor stort korpuset er og korleis det er bygd opp. Ved å oppsøkje informasjon om korpuset kan ein finna ut

meir om korleis ein sjølv kan bruka det og gje grunnlag for at funn frå egne undersøkingar kan setjast i ein samanheng.

## 4.2.2 NKRJa: Det nasjonale korpuset over russisk språk

Det nasjonale korpuset over russisk språk (NKRJa) har vore allment tilgjengeleg frå korpuset sine nettsider sidan 2004. Ei historie over utviklinga av korpuset fram mot publiseringa kan ein finna hjå Sičinava (2005).

NKRJa er delt i ulike delkorpus.<sup>42</sup> For kvart av delkorpusa er det gjeve spesifikasjonar om korleis delkorpuset er bygd opp, på korpuset si informasjonsside *Samansetjing og struktur (Sostav i struktura)*. Spesifikasjonar om kva materiale delkorpuset inneheld kan fortelja om kva informasjon det aktuelle delkorpuset kan gje. Mellom anna består *hovudkorpuset* av tekstar som skal representera det russiske skriftspråket, *literaturnyj jazyk*. Det kan delast i to hovuddelar: (1) tekst frå midten av 1900-talet til byrjinga av 2000-talet og (2) tekst frå midten av 1700-talet til midten av 1900-talet. Det finst informasjon om kva for nokre sjangrar delkorpuset inneheld og korleis dei er fordelte. Dei andre delkorpusa i NKRJa er spesialiserte, og femner om spesifikke delar av det russiske språket. Nokre av delkorpusa til NKRJa finst i fleire versjonar. NKRJa kan difor reknast som både eit korpus med konstant storleik og eit *monitorkorpus*, eit korpus som blir supplert med nytt materiale: det blir fylt på med ny tekst, men det er samstundes mogleg å søkja i ulike versjonar av korpuset. Korpuset kjem med pressemeldingar der det blir meldt om supplerings av tekst. NKRJa har egne sider der ein kan finna hjelp til bruk av korpuset (*Obrazovatel'nyj portal Nacional'nogo korpusa russkogo jazyka*) og ytterlegare forklaringar på kva informasjon korpuset gjev.

### 4.2.2.1 NKRJa-ak

Aviskorpuset i NKRJa, som hjå meg har nemninga NKRJa-ak, vart opna i 2010, og har i den versjonen eg har undersøkt 113 292 003 ord. Tekstane som dette korpuset er bygd opp av er henta frå massemedia i perioden 2000 til 2008. Kjeldematerialet består av tekst frå fire trykte aviser: *Izvestija*, *Sovetskij sport*, *Trud* og *Komsomol'skaja pravda*, og tre elektroniske nyheitsbyrå: *RIA «Novosti»*, *RBK* og *Novyj region*. Med unntak av *Novyj region* er kjeldene utjevne eller har base i Moskva. NKRJa-ak inngår ikkje i hovudkorpuset, fordi det då ville ha hindra hovudkorpuset sine mål om balanse kva gjeld omfang i tid og fordeling av ulike typar tekst.


---

<sup>42</sup> Hovudkorpuset, det syntaktiske korpuset, aviskorpuset, parallellkorpuset, undervisningskorpuset, dialektkorpuset, poesikorpuset, det munnlege korpuset, korpuset med trykkmarkering og multimediekorpuset.

I NKRJa-ak blir det brukt ulike typar merking av tekst, mellom anna merking som informerer om forhold kring oppstoda av teksten, forfattar, tematikk og sjangerkjenneteikn. Ei slik metamerking gjev forskaren høve til å undersøkje berre ein del av tekstane i korpuset, der alle tekstane oppfyller kriteria som forskaren sjølv bestemmer. Leksikalsk-grammatisk merking er nyttig mellom anna for å finna alle former av same leksem. Slik merking gjev òg høve til å finna ord som har same eigenskapar av anna slag, som til dømes ordklasse. I denne typen merking inngår òg lemmatisering.

Det er diskutabelt om ein kan kalla utvalet i NKRJa-ak for representativt for avisspråket, fyrst og fremst fordi det, som nemnd, er diskutabelt kva ein kan leggja i omgrepet representativitet, men òg på grunn av spesifikke trekk ved korpuset. For det fyrste har brorparten av kjeldene i korpuset base i Moskva. Ifylgje korpuset sine sider (*Sostav i struktura. Nacional'nyj korpus russkogo jazyka*) består aviskorpuset av om lag like mykje tekst frå kvar av kjeldene. Dersom dette stemmer, er i det minste alle kjeldene representerte i like stor grad, sjølv om fordelinga ikkje vil vera gjort etter omsyn til kor stor del av avisspråket kvar kjelde representerer. Daniel' fortel at publikasjonane som er valde ut til NKRJa-ak «etter forholda jamnt representerer mangfaldet av dei sentrale avissjangerane.» Eg har ikkje undersøkt om avisene kan reknast som representative for alle aviser, ut frå kva sjangrar dei representerer eller kva type avis dei er. Daniel' hevdar at tekstane i korpuset «er jamnt fordelt over eit visst tidsrom (2000-2010)». Daniel' sluttar at tekstane, uformelt sett, kan kallast representative (personleg kommunikasjon, Daniel' 3.4.2012).

I grafen under viser eg fordelinga materiale i NKRJa-ak, målt i tal på ord, i kvart av åra 2000-2008.



Grafen viser at korpuset *ikkje* har ei jamn fordeling av tekstmateriale i perioden 2000-2010. Materiale frå 2009 og 2010 er fråverande i korpuset. Det er store skilnader mellom storleiken på materialet i dei einstilte åra, særleg mellom perioden frå 2000 til 2003 og dei fire neste åra (2004-

2007). Materialet frå 2008 er minst, med 1,09 millionar ord i 2008, og materialet frå 2007 er størst, med 24,91 millionar ord. Sjølv materialet frå 2008 er relativt stort, men materialet frå dei ulike åra står ikkje i forhold til kvarandre. Eg meiner at målinga tilbakeviser Daniel' sin påstand om at tekstane er jamnt fordelte over tidsrommet 2000-2010, med atterhald om at han måler fordelinga av tekstmateriale etter andre kriterium enn tal på ord, eller snakkar om ein versjon av korpuset som ikkje er tilgjengeleg på korpuset sine nettsider. Vidare kan det vera eit problem at det er ganske få kjelder. Særtrekk ved ei av kjeldene vil kunna påverka resultatata i ganske stor grad.

Eit merka korpus som inneheld *alle* aviser i russisk presse over ein gjeven periode, der det òg er gjort ei proporsjonal fordeling av tekst frå dei ulike avisene vil kunna føra ein nærare eit representativt bilete av avisspråket. Eit slikt korpus er, så vidt meg er kjend, ikkje tilgjengeleg i dag. Slik det står i dag er NKRJa-ak likevel ein nyttig ressurs for forskning på ei stor mengd avistekst. Tekstmaterialet er stort, og det gjev mange døme på bruk av språket i russiske aviser, over ein konsentrert periode.

### 4.2.3 Integrum

Integrum er ei database som inneheld mellom anna ei stor samling med avistekst frå og med slutten av 1900-talet og utover på 2000-talet. Integrum vart oppretta i Moskva i 1996, som eit bibliotek for handelsmenn og journalistar. Dei viktigaste skilnadene mellom Integrum og Internett er at Integrum inneheld berre heile tekstar, og at Internett, til skilnad frå Integrum, inneheld ikkje-redigert språkbruk. I eit innleiande avsnitt til boka *Integrum: točnye metody i gumanitarnye nauki* skriv Nikiporec-Takigava (2006:6ff.) at Integrum no blir nytta av forskarar frå ulike fagområde. At fleire har fatta interesse for Integrum, mellom anna lingvistar, kan forklarast med eigenskapar som tekstsamlinga har. Eg vil visa nokre eigenskapar som er relevante for lingvistisk forskning, og nokre kvalitetar som skil Integrum frå NKRJa(-ak).

Integrum har primært som føremål å gje informasjon om realia, og ikkje om sjølve språket. Systemet for merking er difor ikkje like detaljert som den ressurskrevjande merkinga i NKRJa. Integrum gjev likevel høve til å avgrensa søket etter somme kriterium, og ein har mellom anna høve til å søkja på former av ordet, heile lemma og fleire ord saman. Integrum kan forståast som eit korpus, sjå til dømes hos Plungjan, som meiner Integrum og korpus kan utfylla kvarandre i lingvistiske undersøkingar (2006:83), og Mustajoki (2008:13ff.). Undersøkingar Plungjan nemner spesielt er undersøkingar innan historisk leksikografi, som til dømes undersøkingar av når eit ord vart nemnd for fyrste gong (2006:84). Marinova peiker òg på at Integrum passar til denne typen

undersøkingar (2008:284). Eg vil omtala Integrum som tekstsamling, nærare bestemt ei database, fordi eg sjølv har lagt vekt på dei utfyllande eigenskapane mellom Integrum og NKRJa-ak når eg har vald dei to kjeldene.

Materialet i både NKRJa-ak og Integrum kan brukast til å gje utfyllande opplysningar om same type tekst. Både tekstsamlingane består av journalistiske tekstar, noko som gjer det mogleg å samanlikna to samlingar av same type språk. Dei viktigaste skilnadane mellom NKRJa-ak og Integrum er talet på ord, måten tekstsamlingane er merkte på, og måten dei er organiserte på. Integrum inneheld ei mykje større mengd tekst enn NKRJa-ak. Om ein er ute etter å samla mange ulike førekomstar av eit ord til ei undersøking vil det logisk sett vera større sjanse for å oppnå dette, dess større tekstmaterialet er.<sup>43</sup> I Integrum har ein høve til å undersøka førekomstar i eit langt større materiale enn det som er mogleg i til dømes NKRJa-ak. I trefflista gjev NKRJa, og deriblant NKRJa-ak, mindre kontekst enn Integrum. I NKRJa blir ordet ein søkjer på presentert i ein avgrensa kontekst. I Integrum er konteksten berre avgrensa av dokumentet sin storleik: ordet blir presentert som del av ein større tekst. I mange tilfelle kan ordet si tyding avgjerast ved å sjå på nær kontekst, men ein større kontekst kan i somme tilfelle avsløra tydingar som står i samanheng med heile teksten. Den einaste funksjonen ved Integrum eg har nytta er søkjemotoren *Artefakt*. Søkjemotoren *Artefakt* gjev trefflister der stoffet er organisert etter kjelde, slik kan ein velja ut kjelder eller grupper av kjelder etter behov. Mustajoki nemner dette som nyttig i lingvistiske arbeider, om ein berre vil undersøka ein viss type kjelder (2006:50f.). Trefflista syner syner ei grov inndeling som er basert på kvar avisene er trykte; *central press* er til dømes aviser som kjem ut i Moskva, som stadfesta av Beloblotskaja ved Integrum (personleg kommunikasjon, 3.4.2012), og *regional press* er presse som blir gjeven ut andre stader i Russland. Mustajoki peiker òg på at data i Integrum held høg kvalitet: det er få skrivefeil eller trykkfeil. Ei slik organisering av data er ikkje mogleg i NKRJa-ak, men ein kan organisera treffa mellom anna etter datering, namn på forfattaren eller til og med etter når forfattaren vart fødd.

Det er ikkje mogleg å sjå på arkivet til Integrum som ei finitt mengd tekst. Det blir ikkje *mindre* tekst i Integrum, då tekst i Integrum blir lagra i arkivet og ikkje sletta, men samstundes blir det kontinuerleg lagt til nye databaser i arkivet. Kjeldene er både av nyare og eldre datering (personleg kommunikasjon, Korol, 15.6.2012). I undersøkingar i Integrum er ein difor ikkje garantert same

---

43 Dette gjeld sjølvsagt ikkje alltid – om ein til dømes leitar etter fagspesifikke ord innan broderi, er det oftast større sjanse for å finna dei i eit aktuelt fagblad enn i ei barnebok. Orda eg undersøker er samla på bakgrunn av avistekst i NKRJa-ak, og Integrum inneheld avistekst. Av di tekstmaterialet er av same type reknar eg Integrum sitt omfang som fordelaktig.

resultat frå søk til søk: tekstmengda kan auka. Det er samstundes alltid mogleg å gå tilbake til tidlegare funn. I NKRJa-ak har mengda av tekstmateriale vore uendra over lengre tid, og det har vore mogleg å gjera søk i same materiale over lang tid.<sup>44</sup> Om ein bruker data frå Integrum og vil koma med påstandar der alle tal eller data skal kunna sporast, er det naudsynt å spesifisera grundig nok kva for nokre kjelder ein bruker. Dette har ikkje vore relevant i mi undersøking.

Belikov (2007) si undersøking av to nemningar for *mobilttelefon* i russisk, *sotovoj* og *mobil'nyj*, er eit døme på korleis Integrum har blitt brukt i lingvistiske undersøkingar. Belikov har brukt data frå ulike årstal i Integrum. Han har observert skilnader i bruk mellom ulike aviser, regionale skilnader og utvikling over tid. Undersøkinga er døme på at Integrum kan gje grunnlag for ulike typar samanlikningar. Ein kan få innblikk i skilnader i språket mellom kjelder og tendensar til endring over tid.

#### 4.2.4 Ordbøker

Ordbøker har visse særtrekk samanlikna med annan tekst med førekomstar av eit ord. Det finst ulike typar ordbøker, og eg vil her nøya meg med å visa somme sider ved utforminga av eittspråklege ordbøker, og ordbøker over lånord spesielt. For meir litteratur om ulike typar eittspråklege russiske ordbøker, sjå til dømes Krysin (2007:201ff.).

Definisjonar i ordbøker gjev tydingar av ord som står fritt frå kontekst, og definerer innhaldet i språklege einingar. I fritekst finn ein derimot døme på orda slik dei blir forstått av einskildindivid, i ein kontekst, og i den grad det er mogleg å trekkja ut noko tyding av eit ord ut frå ei tekstsamling, er det ved å samanlikna ulike døme på bruk av ordet. Somme ordbøker, som til dømes Šagalova (2009) og Baš m. fl. (2012), illustrerer definisjonane med døme frå autentisk tekst. I slike ordbøker er det ein meir glidande overgang mellom definisjonar og autentisk bruk av ord, og forfattarane viser at dei har basert seg på observasjon av autentiske døme, sjølv om det ikkje alltid blir opplyst kva for eit materiale dei brukar. Plungjan meiner at ein bør basera grammatikkar og ordbøker på informasjon frå korpus:

I dag treng ein ikkje tradisjonelle ordbøker og grammatikkar, men ordbøker og grammatikkar av ein ny generasjon, det vil seia ikkje berre ordbøker og grammatikkar, men ordbøker frå eit korpus og grammatikkar frå eit korpus, noko som gjev høve til å kontrollera dei med det same – korleis kunne ein tidlegare kontrollera om denne grammatikken var korrekt eller ikkje?<sup>45</sup> (Plungjan 2009).

44 I alle fall september 2011-juni 2012

45 И словари и грамматики теперь нужны не традиционные, а нового поколения, то есть не просто словари и грамматики, а словари такого-то корпуса и грамматики такого-то корпуса, что сразу дает нам возможность их проверить – а как проверить было раньше, права эта грамматика, или нет? (Plungjan 2009).



Podhajecka og Piotrowski (2004) ser på ordbok og korpus som ressursar som utfyller kvarandre ved undersøkingar av lite frekvente ord, som til dømes lånord. COBUILD-prosjektet (Collins Birmingham University International Language Database), som vart starta opp på 1970-talet, var det fyrste leksikografiske prosjektet som hovudsakleg nytta korpus til føremålet om å finna informasjon om ord og bruk av ord (Boguraev 1990). Prosjektet resulterte i ei ordbok som er basert på analyse av førekomstane av ord i eit korpus. Krysin peiker på at ikkje alle leksikalske nydanningar utan vidare skal takast opp i ordbøker, og at det ofte kan vera tilfeldige døgnfloger blant lånorda. Ordet bør bli nedskrive i ordbøker når det er hyppig brukt og blir opplevd som vanleg for dei fleste språkbrukarar (Krysin 2010:5). Korpus kan gje informasjon om bruk av ordet som kan vera nyttig i så måte. I korpuset vil det vera størst sjanse for at dei orda som er nemnde oftast er vidt brukte, medan det er størst sjanse for at dei minst frekvente orda, særleg dei som er brukte i berre eitt dokument, er tilfeldige førekomstane. Slik kan observasjonar i korpus vera eit hjelpemiddel når ein skal dokumentera ord i ordbøker.

Krysin har vist ulike kriterium som bør oppfyllest i skildringar av tydinga til leksikalske einingar, altså definisjonar av ord (2007:192ff.). Skildringa skal for det fyrste ikkje vera sirkulær. Vidare skal den visa berre det naudsynte, men samstundes det tilstrekkelege. Til slutt skal orda i forklaringa vera enklare enn det ordet som blir forklart. Dette idealet blir ifylgje Krysin ikkje alltid følgt: leksikografisk vitskap skal i det einskilde tilfellet kombinerast med språkleg intuisjon og ei evne til å skildra tydinga til leksikalske einingar i ei form som er tilgjengeleg for alminnelege språkbrukarar. Definisjonar i eittspråklege ordbøker kan òg, skriv han, opplevast som sirkulære, i og med at det er *ord* som er gjevne som forklaring på andre ord. Desse andre orda må òg tolkast.

Definisjonar i ordbøker er bestemte av ein eller fleire ordbokforfattarar. Definisjonane vil difor vera avhengige av kva haldningar, bakgrunn og kunnskapar ordbokforfattarane har. Lingvisten Andersen peiker på at ordforrådet er i konstant endring og at det er eit behov for oppdaterte ordlister (Andersen 2011). Sidan språket og delar av språket endrar seg konstant, vil ordbøker alltid vera på etterskot i forhold til språkutviklinga. I tilfelle der eit ord endrar tyding må ordbokforfattaren avgjera kva for ei endring det er snakk om. Dersom det er snakk om ei relatert, polysemisk tyding blir tydingane plasserte under same oppslagsord. Dersom det oppstår ei ny tyding av den same ortografiske/fonologiske forma som ikkje er relatert til den som allereie eksisterer i språket, oppstår det homonymi mellom to tydingar, og orda blir normalt plasserte under ulike oppslagsord (Saeed 2009:64). I praksis kan det variera mellom ulike ordbøker kva tydingar som blir førte opp som

homonym og kva som blir førte opp som delar av same polysemiske eining.

Til ei ordbok er det naudsynt å gjera eit utval. Utvalet av ord til ei ordbok er avhengig av målsetjing med ordboka. Ordboka kan vera meint å representera heile språket eller den kan vera spesialisert, til dømes til ein viss terminologi; den kan vera laga på grunnlag av eit visst materiale, til dømes til eit korpus; eller den kan vera retta mot ei spesiell gruppe menneske, til dømes skuleelevar. Utvalet til ordboka kan òg vera påverka av omfanget. Ei mindre ordbok vil ha plass til færre ord enn ei større ordbok. Å gjera seg kjend med målet for den einskilde ordboka og med forfattaren sine kriterium for utval vil i mange høve gje ei betre forståing av kvifor ord eller tydingar er tekne med eller utelatne. Kriterium for utval gjer seg òg gjeldande når lånord skal ha plass i ei ordbok: det at eit nytt lånord er brukt i eit språk tyder ikkje naudsynleg at ordet vil bli nedteikna i ordbøker med det same. Kriterium som Krysin meiner må avgjerast før eit ord blir teke opp i ei ordbok er om ordet er vidt brukt, om det er kjend for mange, om det blir brukt i ein spesiell del av språket og om det er grunn til å tru at ordet vil bli verande i språket (Krysin 2006).

Marinova (2008:277-8) viser døme på at definisjonar av nye lånord i ordbøker kan vera baserte på ulike tolkingar av orda sitt innhald, og difor ikkje alltid fell saman.

#### **4.2.4.1 Ordbøkene i undersøkinga mi**

Eg har vald å bruka engelske og russiske eittspråklege, lingvistiske ordbøker i undersøkinga mi for å finna definisjonar av dei orda eg òg undersøker i Integrum, i kjelde- og målspåk. Orda er lånord i engelsk og russisk, og difor har eg vald russiske ordbøker over lånord. Eg har vald ut ordbøker frå tidsrommet 2001-2012, for at ordbøkene i størst mogleg grad skal spegla språket etter 2000.

Eg har vald ut dei engelske ordbøkene Oxford English Dictionary (2010; vidare OED) og Chambers 21<sup>st</sup> Century Dictionary (1997; vidare Chambers). Målet med å visa dei engelske ordbokartiklane er å skildra orda i undersøkinga mi slik dei framstår i det eg reknar som kjeldespråket. Lånordet har gjerne eigne tydingar og assosiasjonar i russisk som ikkje er dei same som i engelsk, men skildringar av ordet i kjeldespråket kan gje ei forståing av kva for nokre tydingar som har blitt lånte, og kva tydingar dei har blitt lånte frå. For å kunna samanlikna orda i dei to språka utover dette er det mellombels naudsynt å utføra tilsvarande undersøkingar i engelsk som i russisk kjeldemateriale.

Dei russiske ordbøkene i undersøkinga er avgrensa til å femna om framandspråklege ord i russisk (*slovari inostrannykh/inojazyčnykh slov*), men dei er ikkje avgrensa tematisk, og heller ikkje

avgrensa til bestemte brukargrupper. Alle er daterte etter 2000: Krysin 2001, *Bol'shoj illjustrirovannyj slovar' inostrannykh slov (vidare BISIS)*, Bunimovič 2002, Zenovič 2002, Krysin 2009, Šagalova 2009, Baš 2012. Dei engelske og russiske ordbøkene eg har vald til undersøkinga er ikkje baserte på avisspråk, slik resten av undersøkinga mi er.

Eg vel å forholde meg til både definisjonar i ordbøker og førekomstar i fritekst som tolkingar av ord. I denne oppgåva prøver eg å summera opp funn frå ordbøkene og Integrum, og på denne måten samla ulike perspektiv på kva semantisk informasjon ing-orda inneheld. Idet eg nettopp *summerer opp* funn frå ulike tolkingar kan ein seia at oppgåva mi ikkje skil seg vesentleg frå oppgåva til ordbokforfattarar: å samla tydingar. Eg vil presisera at målet mitt ikkje er å gje retningsliner for bruk av orda, men observasjonar av korleis orda blir brukt og forstått.

### 4.3 Mi undersøking av ing-ord

Undersøkinga mi starta med eit søk i NKRJa-ak, og heldt fram med eit forsøk på å skaffa data om utvikling av relativ frekvens av nokre ord, før eg utførte ein analyse av materiale frå Integrum og ordbøker. Materialet til undersøkinga er henta frå perioden 2000-2011.<sup>46</sup> Eg har basert meg på alt materiale frå NKRJa-ak i den forma det låg føre hausten og vinteren 2011/12, og utdrag frå materialet i Integrum, i tillegg til ordbøker som er daterte etter 2000. I laupet av undersøkinga har eg teke ulike val som har hatt tyding for resultata, og i denne delen av kapittelet vil eg gjera greie for framgangsmåte og val, slik at det er mogleg å spora funna mine i størst mogleg grad.

#### 4.3.1 Undersøkinga av data frå korpus

Ved hjelp av data frå aviskorpuset NKRJa-ak ville eg gje oversikt over førekomstar av alle ing-ord i ei stor, avgrensa mengd avistekst, og visa korleis tal på førekomstar av dei einskilde orda varierer. Skildringa mi av framgangsmåte kan virka i overkant detaljert, kanskje i særleg grad for ein humanist, men forklaringane er naudsynte for å forstå innhaldet i lista fullt ut, kva den kan seia og kva ein må ta omsyn til ved eventuell bruk i andre undersøkingar.

Fyrste ledd i undersøkinga mi var å sortera ut alle substantiv på *-ing* i korpuset. NKRJa gjev høve til å søkja på ord som sluttar på det same, og som er av same ordklasse. Om ein undersøker ord som ikkje kan identifiserast som gruppe ut frå dei karakteristika som søkjemotoren til NKRJa føreslår, kan ein ikkje finna gruppa ved hjelp av ein søkjestreng. Podhajecka og Piotrowski har, til liks med

<sup>46</sup> Chambers 21<sup>st</sup> Century Dictionary er frå 1997, og er altså noko eldre.

meg, utført ei undersøking av ord i ei tekstsamling (korpus) og i ordbøker. Podhajecka og Piotrowski (2004) undersøkte *lånord frå russisk til engelsk* i British National Corpus (BNC). Grappa dei undersøkte har ikkje andre felles karakteristika enn at dei er lånord frå russisk. Det er difor forståeleg at Podhajecka og Piotrowski har begynt undersøkinga si ut frå materiale frå ordbøker, og ikkje ut frå eit søk i korpuset. Eg har derimot samla alle substantiv som sluttar på *-ing* ved hjelp av enkle manøvrer.

Omarbeiding av data har vore gjort manuelt. Det har vore gjort ein del val undervegs, og eg vil gjera greie for både søket og omarbeidinga, så det skal vera klart kva lista inneheld og kva den ikkje inneheld. Målet med ein detaljert gjennomgang er at funna mine skal kunna kritiserast, og at ein skal ha høve til å tilpassa data frå mi undersøking til eigne undersøkingar. Materialet er nøye kontrollert ved alle dei ulike stega i sorteringa, og ved mistanke om feil har eg gått tilbake til ei datafil som inneheld alt materialet frå søket *\*ing S (\*инг S)*. Det er likevel ikkje umogleg at det har sleppt gjennom feil i laupet av omarbeidinga. Arbeidet med å laga lista over *ing*-ord er berre gjort ein gong.

NKRJa-ak har vore uendra i heile den perioden eg har arbeidd med det, men vart oppdatert i august 2012. Den versjonen eg har arbeidd med er framleis tilgjengeleg på sida for val av underkorpus, men algoritmane for søk har blitt utbetra, slik at til dømes ord som er skrivne med bindestrek oftare enn før blir tolka som ei samla eining. Søk i materialet vil difor gje resultat som delvis skil seg frå mine. Materialet er dessutan mindre enn tidlegare, og inneheld no 111 846 207 ord. Grunnar til dette kan vera at somme dokument har blitt flytta til eit anna korpus, eller at dei har blitt fjerna frå korpuset (personleg kommunikasjon, Zobnin 3.9.2012).

### 4.3.1.1 Søkjestrengen

Alt seinare arbeid med ing-ord tek utgangspunkt i funn frå eit søk i NKRJa-ak der eg har brukt fylgjande søkjestreng:

\*ИИГ S<sup>47</sup>

Eg vil omtala søket med denne søkjestrengen som *hovudsøket* i undersøkinga mi av korpuset.

Søkjestrengen er skriven inn i felt for leksikalsk-grammatisk søk (*leksiko-grammatičeskij poisk*).

Ved å bruka desse felta får ein treff på førekomstar i alle kasus og tal. Symbolet [\*] kan brukast i starten eller slutten av ei rekkje teikn for å søkja på ord som høvesvis sluttar eller startar med det same. Stjerna kan erstatta eitt eller fleire teikn. Om ein, som eg har gjort, skriv \*ing i rubrikken for ord (slovo) gjev trefflista alle førekomstar som sluttar på *-ing*. Eg skreiv S (substantiv) i rubrikken for grammatiske kjenneteikn (grammatičeskie priznaki), og søkte såleis berre etter substantiv på *-ing*. Denne spesifikasjonen av søkjestrengen vart gjort etter erfaringar frå eit prøvesøk, der det mellom anna dukka opp adjektiv der *-ing* var fylgd av adjektivendinga *-ovyj*. Spesifikasjonen har hatt visse implikasjonar for søket. Den kan ha gjort at det er færre *ikkje-relevante* ord i lista, men det kan òg ha gjort at nokre *relevante* ord er utelukka frå lista. Korpuset er merka automatisk, noko som kan ha ført til at ikkje alle substantiv har blitt merkte som substantiv. Ein kan hevda at det ikkje burde vore spesifisert for substantiv i hovudsøket. Ein kan òg spørja seg om det burde vore spesifisert for ord som sluttar på *-ing*: lemmaform av ordet kan ha blitt misforstått til dømes der ordet står i eit anna kasus enn nominativ eintal. Dette blir eit spørsmål om ein skal stola på den automatiske merkinga av korpuset. Merkinga gjev fordelar som andre metodar ikkje gjev.

Alternativet til søk i automatisk merka tekst, å gå gjennom eit tekstmateriale på mange millionar ord manuelt, vil i dei fleste høve vera eit reint uoverkomeleg alternativ.

### 4.3.1.2 Trefflista og omarbeiding av data i trefflista

Det totale talet på treff i hovudsøket var 69 640 ord. Desse orda var fordelte på 32 422 dokument.

Eg har teke med eitt treff frå kvart dokument, for å ikkje leggja uforholdsmessig stor vekt til dokument der eitt og same ord blir gjenteke fleire gongar etter kvarandre.<sup>48</sup> Søkjerestata er

---

<sup>47</sup> Vidare blir \*ing og \*ing S (med latinske skrifteikn) brukt ved referanse til søkjestrengen. Eg vil presisera at det er kyrilliske skrifteikn som er brukte i søkjestrengen.

<sup>48</sup> NKRJa-ak gjev høve til å velja tal på treff per dokument under *Innstillingar (nastrojki)* over trefflista.

fordelte over 325 sider med 100 treff på kvar side.<sup>49</sup> Kvar side har ein tabell som syner tal på førekomstar av kvar einskilde *ordform* og av kvart einskilde *lemma*, eller *ordbokform* av ordet. Eg har gjort all vidare redigering av resultatata i eit rekneark. Her har eg plassert tabellane over lemma under kvarandre, og sortert dei alfabetisk, slik at førekomstar av kvart einskilde lemma er samla under kvarandre. Vidare har eg gått gjennom lista og rekna saman den totale mengda førekomstar av kvart einskilde lemma i søket. Dette har resultert i ei liste som inneheld alle førekomstar av substantiv i korpuset som sluttar på *-ing*, i alle tal og kasus. I denne lista er det mange treff som ikkje kvalifiserer som *ing-ord*.

Sjølv om søket er avgrensa til å gjelda substantiv, har åtte adjektiv<sup>50</sup> kome med i trefflista. Eg har ikkje inkludert avleiingar av *ing-ord* i lista, og har difor fjerna adjektiva. Eg har ikkje kompetanse til å vurdere tekniske grunnar til at nettopp desse adjektiva har kome med i lista, men går ut frå at POS-merkinga (part-of-speech-merking) av korpuset ikkje fungerer like bra i alle tilfelle. Andre ord i lista oppfyller dei tekniske krava i søkjestrengen: dei er substantiv, og dei sluttar på *-ing*.

Ifylgje definisjonen min kjem *ing-ord* frå engelsk, og dei har opphav i ei form av verbet. Andre ord måtte fjernast frå lista. Eg har ikkje vore interessert i å inkludera namn og titlar i lista, og difor har førekomstar av *ing-ord* som var anten namn, titlar, del av namn eller del av titlar vore blant dei førekomstane som måtte fjernast. Etterarbeidet med lista vart meir tidkrevjande enn venta, særleg av di somme *ing-ord* er namn eller titlar i somme, men ikkje alle tilfelle. Dette førte til at det var naudsynt å kontrollera alle førekomstar av kvart einskildord manuelt. Ein større del av orda har synt seg å vera irrelevante for undersøkinga mi enn det eg på førehand venta.

Å fastslå kva språk eit ord kjem frå kan i ein del tilfelle vera problematisk, og eg har teke utgangspunkt i Krysin (2004:64ff.) sine prinsipp om sannsynleg kjeldespråk. Som ein konsekvens av dette vil eg handsama *ing-ord* som lånord frå engelsk òg i tilfelle der orda kan vera lånt til russisk via eit anna språk – så lenge det finst eit verb i engelsk som ordet kan vera henta frå.

Nemningar som er namn på personar og stader, så vel som titlar på fotballag, bøker, filmar og anna, er fjerna frå lista. Denne oppgåva er det per dags dato (4.4.2012) ikkje mogleg å utføra automatisk i NKRJa-ak. Dei ikkje-relevante nemningane det er minst komplisert å fjerna er personnamn, stadnamn og andre namn, til dømes på idrettsklubbar med utanlandsk tilhøyre. Eit døme på slike

---

49 Kontrollert 7.8.2012

50 Adjektiva *rejtingovyyj*, *sterlingovyyj*, *kholdingovyyj*, *dopingovyyj*, *mitingovyyj*, *lizingovyyj*, *tjubingovyyj* og *šejpingovyyj*; til saman førekomstar i 1392 dokument.

ord er *rolling*, som i dei fleste, men ikkje alle treffa er del av band-namnet *Rolling stones*.

Nemningar som dette er ikkje del av noko heilsetning, men er del av eit namn. Eg har vidare sortert ut tilfelle der *ing*-ordet er del av ein engelsk setning, som til dømes her:

4.1 Сатэй из о' кей, бат кэнт ай хэв **энисинг** мор икзотик? (mi utheving BFV).

I somme tilfelle har ordet eit semantisk innhald på trass av at det er del av eit namn. Til dømes er *smoking* i nemninga på TV-serien «*KGB v smokinge*» del av tittelen på ein film, men det refererer likevel til realia bak *smoking*. *Smoking* er likevel ikkje del av ei heilsetning, og eg har vore konsekvent og fjerna dette og tilsvarande treff frå lista. *Finmonitoring* er døme på ei nemning som ikkje er rekna som namn. Bakgrunnen for dette er at nemninga ikkje blir brukt som del av namn eller tittel, men har fleire moglege referentar:

4.2 Кроме того, по мнению Никонова, деятельность Зубкова на предыдущей должности была тесно связана с **финмониторингом**, поэтому, возможно, Путин связывает его приход в правительство с необходимостью борьбы с коррупцией (NKRJa: mi utheving BFV).

Som nemnd i kapittel 3 har ein del av orda som sluttar på *-ing* i russisk eit etymologisk opphav som ikkje er verbalt. Av slike ord har eg fjerna til dømes *ring*, *sving* (*ring*, *swing*). I ordet *faking* (*fucking*) er *-ing* eit suffiks som kan vera verbalt, men *faking* er brukt som adverb, og ikkje substantiv i russisk: «

4.3 - Она **факинг** арабка! —шипит араб Амин. (mi utheving BFV).

### 4.3.1.3 Feil i merking

Somme treff i lista har synt seg å vera del av eit anna ord. Dette er døme på feil i merking av korpuset. Merkinga kan mangla fyrste delen av orda, som i desse døma: *salting* skulle ha vore merka som *konsalting*, *erlifting* skulle vore merka som *pouerlifting* og *ding* skulle i tre tilfelle ha vore merka som *kholding*. Eg har vald å føya treffa til oppføringane på dei aktuelle leksema. *Šering* er i alle tilfelle *kod-šering*, og eg har difor plassert alle treffa under oppslagsordet *kod-šering*. Eg har slått saman *fejslifting* med *lifting*, av di orda har same referent. Ein kan argumentera for at orda er sjølvstendige leksikalske einingar som er synonym, men eg vurderer dei som såpass like òg i språkbiletet, at dei har blitt slått saman. I lista mi er *džamping* ført opp som eige leksem, men *-džamping* inngår berre i samansetjingar. Dette fann eg ut etter at korpuset var oppdatert, og det var difor ikkje lenger mogleg å endra på det.

#### 4.3.1.4 Samanslåing av ord med varierende stavemåte

Somme av orda i lista blir stava på ulike måtar. I slike tilfelle har eg samla alle variantar av eit ord under oppslagsordet til den varianten som har treff i flest dokument. Eg har ikkje teke stilling til om variantane er der på grunn av stavefeil eller til dømes på grunn av ulike måtar å overføra ordet frå latinske til kyrilliske skrifteikn. *Spinning* og *spining* utgjer eit tvilstilfelle. Konteksten gjev ikkje nok informasjon til å syna om det er snakk om ulike leksem eller ikkje, og eg har landa på å føra opp orda kvar for seg. Somme ord, som *minting* og *reijtiing*, er etter konteksten å døma trykkfeil, og desse er oppførte høvesvis under *miting* og *rejting*. Eg har ikkje oppdaga tilfelle av motiverte avvik frå den ortografiske norma, det vil seia skrivemåtar som har ei ekstra tyding i kvalitet av å vera avvik. Ord med bindestrek er førte opp som eigne oppslagsord i lista.<sup>51</sup>

Eg har vald å ikkje slå saman over- og underordna ord som dannar eit forhold av hyponymi. Ein del av desse orda er samansette, og ing-ordet utgjer bakre del av samansetjinga. *Mediakholding* er til dømes ikkje slått saman med *kholding*. Eg har vald å handsama *mediakholding*, *svinsvimming* og liknande samansette ord som ing-ord, sjølv om berre delar av dei kan førast tilbake til eit engelsk verb, der ing-ordet som er del av samansetjinga har tyding av å vera eit hyperonym for samansetjinga.

Fordi søket \*ing S gav treff på både namn og førekomstar i heilsetningar har eg undersøkt alle førekomstar av kvart einskildord. Tala ein kan sjå i lista er difor ikkje resultat frå hovudsøket, men resultat av søket på det einskilde ordet, minus førekomstar der nemninga er brukt som del av namn eller titlar. I eitt tilfelle har eg latt vera å kontrollera alle førekomstar av ordet for individualnemningar, nemleg for ordet *miting*. I dei fyrste 2000 av dei 3180 treffa registrerte eg eitt tilfelle der *miting* var del av eit namn.

#### 4.3.1.5 Kva lista ikkje inneheld

Med somme atterhald utgjer materialet i lista alle ing-ord i det utvalet avistekst som korpuset representerer, på det tidspunktet som søka er utførte, i det tidsrommet som korpuset dekkjer. Lista inneheld ikkje alle ing-ord i mediespråket, og inneheld difor ikkje informasjon om avis- eller mediespråket generelt. Det er umogleg å undersøkjia all bruk av språket i pressa, men ein kan oppnå

---

51 Ei av utbetringane i NKRJa-ak som vart tekne i bruk 8. august 2012 galdt algoritmar for å identifisera leksem. I den nye versjonen blir ord med bindestrek oftare enn før identifiserte som eitt leksem (personleg kommunikasjon, Zobnin, 3.9.2012)



sikrere informasjon om avis- og mediespråket generelt ved å utføra fleire liknande undersøkingar i anna materiale.

For å unngå skeivskapar i materialet som kan koma av at fleire førekomstar av eit ord i same dokument, er det berre teke med eitt ord på *-ing* frå kvart dokument i lista. Det er det fyrste ordet på *-ing* frå kvart einskild dokument som er teke med i trefflista. For ein diskusjon om fylgjene av å nytta berre eit treff frå kvart dokument, sjå Fruchtmann (2006:172ff.). Eg har vurdert mi løysing som ein føremålstenleg måte å måla førekomstar på, då materialet mitt inneheld mange ord med få førekomstar, og mange førekomstar av eitt og same ord i eitt og same dokument kan gje store utslag når det gjeld ordet si plassering på lista. Resultatet av dette er at lista mi refererer til frekvens berre indirekte.

Sidan det er vald eitt treff frå kvart dokument i hovudsøket *\*ing S* er det ikkje utelukka at somme ing-ord ikkje er representerte i lista mi. Dersom eit ing-ord ikkje blir nemnd som *fyrste* ing-ord i eit dokument, vil ordet ikkje vera representert i lista, for dersom det finst fleire ing-ord i eitt og same dokument, vil berre det fyrste koma med. Opplysningane om dei orda som er komne med er kontrollerte gjennom kontrollsøk, og difor vil talet på dokument stemma for desse orda. I ettertid skjønar eg at avgrensinga til eitt treff per dokument ikkje burde vore gjort i hovudsøket, men berre i etterfylgjande kontrollsøk, for å få med eventuelle ord som er utelatne.

#### **4.3.1.6 Lista**

Lista eg sit att med er resultat av den omarbeidinga av data som er skildra over, og skal innehalda nemningar på alle ing-ord som er del av heilsetning. I kapittel 5 vil eg diskutera kva informasjon lista kan gje.

#### **4.3.2 Undersøking av relativ frekvens**

Som ein del av undersøkinga var det ynskjeleg å sjå etter trekk i utvikling av den relative frekvensen for somme av ing-orda. Teoretisk sett kan ei måling av relativ frekvens over tid visa om det er ein relativ oppgang i bruk i perioden. Ein oppgang vil etter mi meining tyda på at folk er meir eksponerte for orda, fordi orda vil utgjera ein større del av det totale tekstmaterialet.

I NKRJa-hk kan ein laga *ngram*, som automatisk lagar tabellar med utviklinga av relativ frekvens

for ord eller rekkjer av ord, over tid. Ein liknande funksjon er per dags dato (august 2012) ikkje tilgjengeleg for NKRJa-ak, som har den største mengda avistekst frå etter 2000 i NKRJa. Løysinga mi for å få rekna ut relativ frekvens i NKRJa-ak var å laga underkorpus. Eit underkorpus gjev brukaren høve til å justera ein del parameter ved teksten, og avgrensa søkjematerialet. Det varierer noko mellom dei ulike delkorpusa kva for nokre parameter ein har høve til å bestemma sjølv. I somme delkorpus er det mogleg å velja mellom ulike versjonar av delkorpuset, og avgrensa søket til dokument som er lasta opp til korpuset før eller etter eit bestemt tidspunkt. I somme delkorpus, mellom anna i NKRJa-ak, kan ein søkja i materiale frå ein avgrensa periode. Dersom ein berre vil søkja i tekst frå år 2000 vel ein perioden frå 2000 til 2000 i rubrikkane for *god publikacii*, og søka ein utfører vil då berre gje resultat frå 2000.

Eg har kome fram til at ei undersøking av relativ frekvens ikkje er tenleg for ord som ikkje er nemnde ofte i materialet. For å illustrera dette vil eg visa relativ frekvens for *rejting* og *lifting*, i målestokken i ord/million ord.<sup>52</sup>

	<i>rejting</i>	<i>lifting</i>
2000	56,01	0,27
2001	62,91	0,11
2002	60,69	0
2003	73,49	0,94
2004	120,85	0,57
2005	135,64	0,68
2006	129,29	0,43
2007	151,90	0,28
2008	166,97	0

4.4 Tabell: Relativ frekvens over *rejting* og *lifting* 2000-2008

Det er 13 292 treff på *rejting* i perioden 2000-2008, og 48 treff på *lifting*.<sup>53</sup> Ein kan sjå at den prosentvise variasjonen mellom målingane av *lifting* dei ulike åra er stor, og at det er ikkje treff på *lifting* i 2002 og 2008. Den relative frekvensen er i tillegg låg for alle åra. For *lifting* vil eitt einskildtreff frå eller til kunna spela ei stor rolle. Dersom det hadde vore eitt treff på *lifting* i 2008, hadde dette treffet, til dømes, gjeve ordet ein relativ frekvens på 0,93 ord per million ord. Resultata kan med andre ord lett bli påverka av einskildtreff når det gjeld lågt frekvente ord. Eg har vald å ikkje gå vidare med analyse av resultata frå undersøkinga, då eg har vurdert resultata som lite haldbare, særleg når det gjeld dei minst frekvente orda. Ein liknande problematikk vil oppstå ved undersøkingar i NKRJa-hk ved hjelp av *ngram*, då NKRJa-hk heller ikkje vil ha eit stort nok materiale til at funna blir haldbare.

52 For å kunna nytta målestokken ord/million ord er alle treff på ordet frå alle dokument tekne med.

53 Tala gjeld alle treff i alle dokument i perioden 2000-2008.

Som tidlegare nemnd er det ikkje gjeve opplysningar om ordmengd i Integrum. Difor er det ikkje mogleg å gjera undersøkingar av relativ frekvens på same måte som i NKRJa-ak ved å bruka *Artefakt*. Eg har funne absolutte tal for fem av ing-orda i Integrum, som eit alternativ til relativ frekvens. Tala er henta frå heile 2000, heile 2008 og heile 2011. Sidan storleiken på kjeldematerialet er ukjend kan ikkje tala seia noko om kor populære ing-ord er i eit materiale, men dei kan seia noko om utviklinga av popularitet for ing-orda, samanlikna med dei andre ing-orda.

	rejting	kasting	trening	bodibilding	lifting	
2000	5795	91	269	65	16	
2008	17836	1104	1758	127	49	
2011	26261	1842	1736	157	104	

4.5 Tabell: Absolutte tal for rejting, kasting, trening, bodibilding og lifting 2000-2008-2011.

Om ein set tala frå 2000 som 1, og tala frå 2008 og 2011 i forhold til dette, blir tabellen slik:

2000 = 1	rejting	kasting	trening	bodibilding	lifting	
2000	1	1	1	1	1	1
2008	3	12	6,5	2	3	
2011	4,5	20	6,5	2,4	6,5	

4.6 Tabell: Absolutte tal for rejting, kasting, trening, bodibilding og lifting 2000-2008-2011. 2000 = 1.

Tala viser at *kasting* er det ordet som har størst auke i absolutte tal, samanlikna med dei andre orda, både i perioden 2000-2008, som korpussøket mitt dekkjer, og i perioden 2000-2011, som undersøkinga av Integrum dekkjer.<sup>54</sup> *Bodibilding* er det ordet som har lågast auke, samanlikna med dei andre orda. Samla sett tyder tala i tabellen på at auka i popularitet varierer mellom ulike ing-ord.

### 4.3.3 Undersøkinga av Integrum og ordbøker

Eg har vald ut fem ord til den den kvalitative undersøkinga, som nyttar Integrum og ordbøker som materiale. Ved å undersøkje få ord har det vore mogleg å undersøkje fleire parameter ved det einskilde ordet. Utval i tid og kjelder er gjort med vekt på å få mest mogleg like vilkår for undersøkingar av dei einskilde orda, slik at det skal vera om lag like sannsynleg å gjera interessante funn for dei ulike orda. Eg har vald å undersøkje dei einskilde orda i to tidsperiodar – ein i 2000 og ein i 2011. Slik er det mogleg å vurdera om det kan ha skjedd noko utvikling av tyding og assosiasjonar mellom periodane. Undersøkinga i Integrum er kvalitativ, men det er gjort avgrensingar i tidsrom for at det skal vera om lag like sannsynleg å gjera interessante funn for dei

<sup>54</sup> Tala er henta frå *central press*.

ulike orda. Tidsrom for undersøkinga er vald med utgangspunkt i ei tilfeldig vald veke i dei to åra, 17. til 23. oktober, og sidan tilpassa perioden slik at den femnar kring 30-40 dokument for kvart ord. Som fylgje av dette valet er det stor skilnad mellom anna mellom kva tidsrom *lifting* og *rejting* er undersøkte i. Særleg *rejting* kan vera forma av *parole*, det det blir snakka om, i og med at ordet berre er undersøkt på datoane 17. og 18. oktober baa åra. Tilpassinga har ikkje vore lukkast i to tilfelle. Det er 16 treff på *lifting* i heile 2000, og eg har vald å ikkje utvida tidsrommet utover år 2000. Vidare er det 104 treff på *rejting* på datoane 17. og 18. oktober 2011. Eg har ikkje vilja henta dokument frå berre ein dag, og i staden for å avgrensa søket til ein dag har eg vald ut tilfeldige dokument frå ulike kjelder over to dagar.

Kjeldene eg har vald som grunnlag for analysen er frå *Central press*, aviser som blir gjevne ut i Moskva. Somme av desse avisene er retta mot innbyggjarar i Moskva og område kring Moskva, andre er retta mot eit vidare publikum. Eg vurderer denne typen kjelder som ei gruppe som har mange lesarar. I 2011 er det ein del dokument som er gjevne i PDF-format. Desse er ofte duplikattekst, og for å sikra meg mot duplikat har eg vald bort alle PDF-dokument i søket i 2011.

Undersøkinga i Integrum er meint å gje eit bilete av korleis somme ing-ord blir brukte i kontekst. Ein bør vera merksam på at bruken i kontekst kan vera påverka av medvitne og umedvitne val som journalistane bak tekstane har gjort; journalistane sin språkbruk og deira oppfatning av tydinga bak ord påverkar korleis orda framstår i avistekst. Ut frå døma har eg prøvd å identifisera tendensar i tyding og konnotasjonar, men det er mogleg at desse observasjonane kunne blitt annleis dersom tekstutvalet hadde vore eit anna. I tillegg til at teksten er påverka av journalistane sine val er analysen farga av mine eigne val om mellom anna parameter, og den er avgrensa av dei kunnskapane eg har.

Døme frå Integrum er samanlikna med definisjonar i engelske og russiske ordbøker. Eg har nytta definisjonane for å få ei forståing av tydingar orda har blitt gjevne i russisk. Sidan har eg undersøkt om definisjonane i ordbøkene stemmer med bruk i Integrum.

#### 4.3.4 NKRJa-ak, Integrum og ordbøker som utfyllande ressursar i undersøkinga

I undersøkinga mi er NKRJa-ak, Integrum og engelske og russiske ordbøker meint å gje utfyllande informasjon om ing-ord på 2000-talet. Her vil eg summera opp dei viktigaste eigenskapane ved kjeldene.

*NKRJa-ak* har gjort det mogleg å raskt få oversikt over alle førekomstar av ing-ord i eit stort tekstmateriale, ei oppgåve som ville vore tilnærma uløseleg utan tilgang til ei merka, elektronisk tilgjengeleg tekstsamling. Korpuset gjev informasjon om kor mange ord materialet totalt inneheld, og difor er det mogleg å samanlikna tal frå korpuset med tal i anna materiale. Korpuset gjev ein avgrensa kontekst for ord.

*Integrum* inneheld fullstendige tekstar, og gjev såleis høve til å undersøkje førekomstar av ord i ein større kontekst. Integrum er òg ein større tekstsamling enn NKRJa-ak, og ein har høve til å undersøkje fleire førekomstar av einskildord i Integrum enn ein har i NKRJa-ak. Integrum har ikkje noko funksjon som gjer at ein kan søkje på ord som sluttar på det same, som til dømes *-ing*. Det er ikkje umogleg å utføra ei undersøking lik den eg har utført i NKRJa-ak i Integrum, for å finna ord på *-ing*, men dette ville vore langt meir krevjande. Ein måte å utføra ei slik undersøking på er å samla ei stor mengd dokument frå Integrum i ei datafil, telja kor mange ord dokumentet inneheld ved hjelp av ein ordteljingsmekanisme, og sidan gå gjennom dokumentet og sortera ut relevante ord manuelt. Dette kan ein i prinsippet gjera med kva som helst type tekst. Metoden er likevel langt meir tungvint og tidkrevjande enn undersøkinga eg har gjort i NKRJa-ak.

*Ordbøker* viser definisjonar av ord. Slik er dei grunnleggjande ulike frå materialet i NKRJa-ak og Integrum: dei viser den isolerte tydinga til eit ord, snarare tydingar i kontekst. I definisjonar i ordbøker er det ikkje mogleg for ein kontekst å påverka tydinga, samstundes som ordbøkene viser kva for ei tyding som har oppstått gjennom diskurs. Det er òg diskutabelt om ein kan seia at eit ord har tyding *utanfor* kontekst. Ordbøker har ofte, men ikkje alltid, ein normativ innfallsvinkel til forståing av språket. Ein slik normativ ståstad er ikkje typisk i arbeidet med materiale frå til dømes korpus.

## 5.0 Presentasjon av lista over ing-ord

Undersøkinga av NKRJa-ak har ført fram til ei liste over 272 ing-ord, som ein finn i vedlegg til denne oppgåva (Vedlegg 1). Orda i lista er førekomstar av ing-ord i fritekst, det vil seia at ein del nemningar er fjerna frå lista: namn, titlar, samt tilfelle der ing-ordet er del av eit namn eller ein tittel. Ein introduksjon til NKRJa-ak er gjeven i kapittel 4.2.2.1. I kapittel 4.3.1 er det gjort greie for korleis eg har gått fram for å laga lista og val eg har gjort undervegs. Lista inneheld førekomstar av ulike ing-ord i til saman 28 363 dokument.<sup>55</sup>

Undersøkinga har ført fram til ein oversikt over ing-ord som finst i russisk presse i den perioden korpuset dekkjer, frå 2000 til 2008. Samanliknande undersøkingar i andre tekstsamlingar vil kunna fylla ut lista med fleire ord. Lista over ing-ord som er laga på bakgrunn av materiale frå NKRJa-ak inneheld eit større tal ord enn tidlegare undersøkingar, og kan tyda på at det er fleire ing-ord i bruk på 2000-talet enn på tidspunktet då Bobrova (1980) Sešan (1996) gjorde undersøkingar. Tala mine kan ikkje samanliknast fullt ut med tidlegare undersøkingar, av di Bobrova og Sešan ikkje har gjort greie for val og bruk av materiale i tilstrekkeleg grad.

Eg vil kommentera kort kva for nokre ord lista inneheld, gje nokre merknader om korleis dei er distribuerte og kommentera bandet til verb for dei 50 orda som har førekomstar i flest dokument i NKRJa-ak.

### 5.1 Orda i lista

Lista gjer det mogleg å sjå ulike ing-ord som finst i bruk i russisk presse. Data frå lista syner oss at ing-ord er ei heterogen tematisk gruppe. I lista er det mellom anna uttrykk frå sport og idrett, som *kikboksing*, *restling*; ord som kan knytast til livsstil, som *lifting*, *šop(p)ing*, ord som kan knytast til økonomi/business, som *merčendajzing*, *autsorsing*, *brending*; og ord som kan knytast til daglegliv, som *kemping*, *smoking*. At ing-ord høyrer til mange sfærer av språket samsvarer med Sešan, Soelsuren og Nikolaeva sine observasjonar (sjå kapittel 3.1.6). Lista syner ikkje at det er grunnlag for å venta felles tydingar på bakgrunn av deira tematiske tilhøyre.

---

<sup>55</sup> Tal frå den versjonen av korpuset som eg har brukt i mi undersøking, som var tilgjengeleg fram til august 2012. Somme dokument kan innehalda fleire ing-ord.

### 5.1.1 Tal på førekomstar

Lista syner kva for nokre ing-ord som er mest frekvente i det materialet som eg har undersøkt. Eg har vald å visa råfrekvens av førekomstar, det vil seia at frekvensen syner talet på førekomstar i materialet som er undersøkt. Ved ei eventuell samanlikning med tal frå andre korpus vil det vera naudsynt å normalisera råfrekvensen. Ein måte å gjera dette på er ved å visa tal på førekomstar per million ord.

Lista syner at dei ulike leksema i undersøkinga distribuerte i svært ulik grad i korpuset. Dei tre øverste treffa, *rejting*, *kholding* og *miting* har til saman 15172 treff, noko som utgjer 53,5 % av det totale talet på ing-ord. Tre treff står altså for over halvparten av det totale talet på førekomstar. Dei 140 orda som er nederst på lista, altså 51,5 % av orda i lista, har til saman 208 treff. Treffa på desse orda utgjer 0,73 % av det totale talet på treff på ing-ord. Me kan slutta at lista inneheld nokre få ing-ord som er relativt vidt distribuerte i materialet, og mange treff som er distribuerte i relativt liten grad. Ulik distribusjon av ing-ord i materialet er eit teikn på at somme ing-ord er meir utbreidde enn andre. Dette kan delvis vera eit utslag av at realia bak orda er diskuterte i ulik grad.

### 5.1.2 Tilknyting til engelske verb

Orda i lista er sjekka opp mot engelske ordbøker. Der det finst eit engelsk ord som svarer til det russiske, har eg gått ut frå at ordet er lånt frå engelsk. Der ordet er samansett har eg slått opp ing-ordet i samansetjinga. I *mediakholding* kan til dømes siste delen av ordet knytast til verbet *to hold*.

Som ein del av utforskinga om det er noko opplagt band mellom ing-orda og engelske verb har eg laga ein tabell som syner bandet mellom det einskilde ing-ordet i russisk og ordklassane substantiv og verb i engelsk hjå dei femti mest frekvente orda i lista (vedlegg 2).<sup>56</sup> Tabellen viser det russiske ing-ordet, den engelske ing-forma som ing-ordet kan seiast å ha opphav i, og infinitivsform av det verbet som ing-forma logisk sett har opphav i. Vidare er to kolonnar i lista via ordet sitt tilhøyre til ordklasse i engelsk. Desse kolonnane syner om ordet er oppført som substantiv (S), verb (V) eller både substantiv og verb, i OED og Chambers. Ing-former kan òg ha funksjon som adjektiv eller adverb i engelsk, men eg har ikkje vurdert desse funksjonane som relevante for mi undersøking. Informasjon om tilhøyre til ordklasse er basert på søk på ordet i ing-form (*rating*, *holding*, *meeting* ...), ikkje infinitivsform av verbet. Under fylgjer ei samanfatting av resultatata:

---

<sup>56</sup> Undersøkinga er utført i juli 2012.

	substantiv	verb	substantiv og verb inga oppføring		
OED		46	2	2	0
Chambers		2	16	29	3

### 5.1 Definisjonar av ing-former som substantiv og verb i OED og Chambers

OED og Chambers definerer ofte ulikt tilhøyre til ordklasse for ing-forma. OED fører nesten utelukkande opp ing-forma som eit substantiv. Dette kan for det fyrste tyda på at OED gjerne ikkje nemner ing-forma i definisjonar av verb, noko som skaper eit misforhold i tabellen min: at OED ikkje fører ing-forma opp i definisjonane av verb vil ikkje seia at ing-forma ikkje blir tolka som ei form av verbet. Undersøkinga mi har såleis vist seg å ikkje vera eigna til å konstatere om ordbøkene definerer ei infinitivform av verbet. Det at ing-forma er ført opp som eit substantiv kan vidare tyda på at det har oppstått ei tyding av substantivet som skil seg frå verbet sitt tydingsinnhald, men ikkje i alle tilfelle. Substantivet har i somme tilfelle berre tyding av verbalhandling, i andre tilfelle inneheld definisjonen òg andre tydingar. Definisjonar av substantivet i OED byrjar gjerne med «the action of...», men OED kan vidare ha tydingar som ikkje er tydeleg bundne til noko verbalhandling. Til dømes er definisjonen av *consulting* slik: «The action of the verb consult v.; consultation» (OED).

Chambers fører oftast opp ing-forma som både ei form av verbet og eit substantiv. Dei mange treffa på verb kan forklarast med at definisjonane inneheld fleire former av verbet, som til dømes: «*lift verb (lifted, lifting)*». Chambers fører likevel sjeldnare enn OED opp ing-forma som substantiv. OED definerer ing-forma av ordet som substantiv eller substantiv/verb i 48 av 50 tilfelle, medan det tilsvarande talet for Chambers er 31 av 50 tilfelle. Dette kan tyda på at OED finn ei tyding som går utover tydinga som verbalsubstantiv oftare enn Chambers, eller at OED vel å visa til substantiveringa av verbet oftare enn Chambers. Chambers er eldre enn OED, og det kan tenkjast at det har gått føre seg ei konkretisering av ing-former i engelsk, noko det hadde vore interessant å undersøkje nærare.

Eitt av orda er berre definert som ei form av verbet både i Chambers og i OED. Dette er *monitoring*. Dette kan tyda på at det ikkje blir forstått ei tyding utover verbalhandling for dette ordet. Det kan òg tyda at substantivet ikkje er brukt ofte i engelsk, i motsetnad til i russisk, der det er relativt frekvent. Ein kan spørja seg om *monitoring* kan ha blitt lånt til russisk på grunnlag av analogi, ved at ordet blir oppfatta som å ha fellestrekk i tyding og morfologisk struktur med andre ing-ord, jamfør Krysin (2007). To av orda er berre definerte som substantiv både i Chambers og OED. Dette er *arm-wrestling* og *windsurfing*. Dette viser berre at desse verba ikkje er nedteikna i Chambers. I OED



finst det treff på infinitivsforma av verba (*to arm-wrestle, to windsurf*).

Søket syner at orda ikkje naudsynleg er definerte som verb i engelsk: ein del av orda er definerte som substantiv. Dette kan vera eit teikn på at ing-forma i mange tilfelle har fått ei tyding utover ei rein substantivering av ing-forma av verbet i engelsk. Dei engelske ordbøkene viser at orda i nesten alle tilfelle har utvikla seg vidare frå å vera reine verbalsubstantiv, og støttar opp om at ein bør vera kritisk til definisjonar av ing-ord som verbalsubstantiv i russisk, uavhengig av kva språkleg tilhøyre ein føreset.

Lista gjer det klart at ein ikkje kan seia at felles kjenneteikn hjå ing-ord i russisk er baserte på eit tilhøyre for orda i kjeldespråket til ordklassen verb. Det er ikkje opplagt at verbale eigenskapar fylgjer ing-forma når den blir lånt til russisk: ordet kan vera lånt frå eit substantiv på *-ing*. Det må med andre ord utforskast for det einskilde russiske ing-ordet kva slags tyding som har blitt lånt til russisk.

## 5.2 Atterhald

Som vist i kapitlet om undersøkingar av mediespråket må ein ta atterhald om at korpuset ikkje er ein fasit for kva som finst i alt avisspråk. Lista som denne undersøkinga har ført fram til inneheld ikkje alle ing-ord i russisk presse i perioden 2000-2008. Det er ulike måtar å kartleggja kva ord som finst i eit språk på, og det er fordelar og ulemper med mitt val av metode. Ein viktig fordel med å nytta data frå NKRJa-ak er at det gjev talfesta resultat som ein kan samanlikna med resultat frå undersøkingar av liknande type, jamfør kapittel 4, der eg viser til korleis eg kom fram til lista. Materiale frå ei anna tekstsamling ville truleg gjeve andre resultat. Data frå aviskorpuset kan likevel vera nyttige som ein peikepinn på kva som finst i russisk presse.

## 6.0 Ein kvalitativ analyse av semantisk innhald og utvikling hjå somme ing-ord

I dette kapittelet vil eg presentera ein kvalitativ analyse av tydingar og konnotasjonar hjå ing-orda *rejting*, *kasting*, *trening*, *bodibilding* og *lifting*. Målet med analysen er å finna meir ut om eventuelle felles tydingar eller konnotasjonar hjå dei fem orda i perioden 2000-2011, og om det er teikn til noko utvikling i felles retning når det gjeld tydingar og konnotasjonar frå 2000 til 2011.

Engelske og russiske ordbøker vil gje ein introduksjon til den tydinga som er definert for orda i kjeldespråket og i målspråket. Hovudvekta i undersøkinga vil liggja på analyse av autentisk bruk av orda, slik dei framstår i avistekstar frå Integrum. Undersøkinga vil samla sett danna grunnlag for å samanlikna mellom definisjonar i ordbøker, og å samanlikna bruk i avistekst med definisjonar i ordbøker. Til sist vil det vera grunnlag for å samanlikna materialet for ulike ord, og materialet frå 2000 og 2011.

Orda som er valde ut til analyse er blant dei femti orda som er omtalte i flest dokument i NKRJa-ak. Dei er valde ut frå ei forventning om at dei mest brukte orda i lista òg skal vera blant dei som blir nemnde oftast i mediespråket. Det er òg ei forventning om at det er ein større sjanse for at lesarar har møtt desse orda før, og at desse orda i større grad har hatt høve til å tilpassa seg i språket. Det er stor skilnad mellom *lifting* med sine 41 treff og *rejting* med sine 6917 treff i NKRJa-ak. Det ordet som er nemnd sjeldnast, *lifting* er likevel nemnd i såpass mange kjelder at eg ventar å finna definisjonar av ordet i ordbøker og bruk i Integrum. Eg har vald ord frå ulike sfærar. Målet med dette er ikkje å dekkja alle delar av språket der ing-ord opptrer, men at undersøkinga ikkje skal kunna fargast av tydingar og konnotasjonar som kan knytast til ein spesiell del av språket.

Eg vil fokusera på det eg vurderer som mest interessant for det einskilde ordet, men undersøkinga er gjort med dei same rammene for alle orda. Som introduksjon til kvart einskilde ord vil eg visa definisjonar frå fyrst russiske, så engelske ordbøker. Desse skal gje eit inntrykk av kva for ei tyding som har blitt lånt til russisk, eller, meir presist, kva for ei tyding som har blitt *definert* som lånt til russisk. Sidan vil eg visa bruk av ordet i avistekst frå Integrum, i to periodar: materiale frå 2000 og 2011. I Integrum er orda undersøkte for tyding, konnotasjonar, bruk i overført tyding, bruk saman med ord med nærliggjande tyding, og relasjon til verbalhandling blant ing-orda. Til slutt i kvar presentasjon vil eg kommentera om det er teikn til noko utvikling i bruk av orda frå 2000 til 2011.

Når orda er analyserte kvar for seg vil eg freista å finna ut om materialet mitt har synt teikn til felles tydingar eller konnotasjonar.

Materialet mitt har vist at ing-orda har band til verbalsubstantiv, men at dette har fått ulikt utslag av tydingar. Som ei ramme for undersøkinga vil eg skilja mellom fylgjande kategoriar:

1. *Aktivitet*. Med aktivitet meiner eg den reine substantiveringa av verbalhandlinga, som ikkje er knytt til ei bestemt hending. Eit døme på dette er *lesing* i tydinga «det å lesa»;
2. *Hending*. Med *hending* meiner eg eit utslag av verbalhandlinga. Hendingar kan stå i fleirtalsform. Eit døme på ei hending er *innviing* i tydinga «opning av eit arrangement, eit bygg eller anna»;
3. *Resultat av verbalhandling*. Med resultat av verbalhandling meiner eg det som verbalhandlinga fører til. Eit døme på eit resultat av ei verbalhandling er *klipp* i tydinga «frisyre»;
4. *Samling av fleire økter med verbalhandling*. Med dette meiner eg ei tyding av gjenteken verbalhandling. I denne tydinga er det vekt på fleire gjentakningar av verbalhandlinga, til skilnad frå tydinga av *aktivitet*, der det vekt på sjølv aktiviteten bak verbalhandlinga. Denne tydinga står ikkje i fleirtalsform. Eit døme på ei samling av fleire økter med verbalhandling er *undervisning* i tydinga «alle undervisningstimane i eitt emne».

Dei fire nemnde tydingane er ikkje utelukkande kategoriar, og femner heller ikkje om alle tydingar verbalsubstantiv kan ha. Det kan tenkjast tilfelle der ein og same førekomst av eit ord kan ha fleire tydingar som overlappar. Det kan òg tenkjast at somme tydingar av verbalsubstantiv ikkje passar til nokre av desse tydingane. Inndelinga er gjort ut frå kva typar eg har observert i mitt eige materiale, men vil ikkje passa like godt i alle tilfelle.

Eg har ikkje hatt som mål å overføra eventuelle funn frå dette kapittelet til å gjelda alle ing-ord eller avisspråket generelt. For å leggja til rette for generalisering bør ein undersøka fleire ord, samt vera sikker på at utvalet ein gjer er representativt for den gruppa ein vil omtala. Trass det låge talet på ord i undersøkinga vonar eg at mine observasjonar vil gje ein peikepinn på kva retning framtidige undersøkingar av ing-ord kan ta. Val som er gjort undervegs i undersøkinga, som til dømes media sine eigenskapar, og utval i kjelder og tid, kan ha påverka utfallet av undersøkinga. Dette er diskutert meir utførleg i kapittel 4.

I analysen har eg vald å presentera ing-orda etter kor mange treff dei har i NKRJa-ak: frå det med flest treff til det med færrest treff. Uthevingar av ing-ord i døma frå Integrum er mine eigne.

## 6.1 Rating

Lånordet *rejting* har opphav i engelske *rating*, som i somme tydingar omsettast til norsk som *popularitet ifylgje meiningsmålingar*, og som òg kan innebera ulike typar *vurdering*. *Rejting* er det ing-ordet som er nemnd oftast i NKRJa-ak, og lista mi viser at det er brukt i 6917 dokument. Av dei fem orda som er undersøkt i Integrum er det òg *rejting* som er nemnd i flest dokument.

### 6.1.1 *Rejting* i russiske ordbøker over lånord

Eg har sett på definisjonar av *rejting* i seks russiske ordbøker over lånord.<sup>57</sup> I fem av ordbøkene<sup>58</sup> består definisjonen av to relaterte tydingar. Den eine tydinga syner i alle ordbøkene til ein sjakkspelar eller idrettsutøvar si plassering samanlikna med andre utøvarar, som i BISIS: «individuell numerisk indikator på vurderinga av prestasjonane til ein sjakkspelar i ei klassifiseringsliste (rating-liste) over dei sterkaste sjakkspelarane i verda»<sup>59</sup> (BISIS 2002). Den andre tydinga syner til eit siffer, som i BISIS mellom anna blir forstått som «ei talfesta vurdering av populariteten eller autoriteten til ein person, ein organisasjon, ei gruppe, deira verksemd, program, planar eller politikk ved eit bestemt tidspunkt».<sup>60</sup> Denne andre tydinga syner òg hos Krysin og Šagalova til plassering på ei liste. Med andre ord er det etter definisjonane naudsynt å utføra ei undersøking av eitt eller anna slag for å kunna snakka om ei *rejting*.

Baš (2012) sin definisjon består av fire relaterte tydingar. Baš si ordbok skil seg frå dei andre ved at den *daterer* tydingane. Den fyrste tydinga, som er datert til midten av 1900-talet, definerer *rejting* som ein individuell indikator med tal som syner ein sjakkspelar si plassering, i ei liste med prestasjonane til sjakkspelarar på internasjonalt nivå. Tyding 2 syner kvalifikasjons- og prestisjenivå hjå idrettsutøvarar generelt, med ei plassering blant andre idrettsutøvarar innan same idrettsgrein, og er datert til andre halvdel av 1900-talet. Tyding 3 er datert til andre halvdel av 1900-talet. Her er *rejting* ein individuell, talfest indikator der ei vurdering av populariteten til ein person, ein organisasjon eller eit TV- eller radioprogram kjem fram. Det er nemnd ulike metodar ein kan ta i bruk for å finna denne vurderinga, mellom anna avstemming og spørjeundersøkingar. Til slutt nemner Baš ei tyding som er lånt mot slutten av 1900-talet, nemlig tydinga av *rejting* som grad av

57 Krysin (2001, 2009, 2010); BISIS (2002); Šagalova (2009); Baš (2012).

58 Alle utanom Baš (2012).

59 «индивидуальный числовой показатель оценки спортивных достижений шахматиста в классификационном списке (рейтинг-лист) сильнейших шахматистов мира» (BISIS 2002).

60 «числовой показатель оценки популярности, авторитета какого-л. лица, организации, группы, их деятельности, программ, планов, политики в определенное время» (BISIS 2002).

popularitet for ein berømt person. Denne nyaste tydinga hjå Baš er ifylgje definisjonen *utvida*. At dette nettopp er den nyaste tydinga kan uttrykkja at det har vore ei utvikling mot ei tyding av *rejting* der målingar ikkje er påkravd. Med andre ord kan ein seia at det er resultatet av ei verbalhandling bak *rejting* som står i fokus, og vegen er då kort til at det ikkje trengst noko undersøking for å fastslå *rejting*. At Baš skil mellom ulike lån av *rejting* er teikn på at det kan ha skjedd sekundærlån av ordet.

### 6.1.2 Rating i engelske ordbøker

I engelsk kan *rating* vera ei form av verbet *to rate*<sup>61</sup> eller substantivet *rating*.<sup>62</sup> Eg vil gå gjennom tydingar som kan gje ei forståing av tydingar og funksjonar av *rejting* som er lånte til russisk.<sup>63</sup>

Det er definert fleire tydingar av *rating* i OED og Chambers enn dei som er definerte av *rejting* i russiske ordbøker. Ei tyding av *rating* (1a) i OED inneber handlinga bak verbet *to rate*; «especially the action of setting rates» (OED). Hjå Chambers har verbet *to rate* fire ulike tydingar. Ei av tydingane inneber å gje verdi til noko eller nokon, ei anna av tydingane inneber det å plassera noko eller nokon i ei rangering eller i ei gruppe. Det å gje verdi eller å plassera noko eller nokon kan ein finna att i russiske ordbøker. Dei andre tydingane av *to rate* som Chambers<sup>64</sup> oppgjev kan ein ikkje finna att i russiske ordbøker.

Ei anna tyding (5a) av *rating* i OED er relatert til måling eller avgjersle av til dømes prestasjonar, oppførsel, dugleikar eller status hjå ein person, men kan òg vera ein karakter, kategori eller posisjon. Tyding 5b i OED viser at *rating* kan vera ei måling av mellom anna verdi, utføring eller innhald i noko kommersielt. Tyding 5d i OED syner at *rating* i engelsk kan vera brukt på same måte som i ei av tydingane hjå Baš: *rejting* kan mellom anna syna oppslutnad kring eit TV-program, altså sjåartal. Chambers presiserer at *rating* kan brukast som eit mål på populariteten til eit program. *Popularitet* kan i Chambers visa til sjåartal. OED opnar òg for at *rating* kan vera den relative populariteten til eit program, altså kor godt sjåarane likar programmet. Korkje OED eller Chambers har ei tyding som er like generell som Baš sin *grad av popularitet*, men i og med at *rating* kan vera til dømes eit mål på verdi, kan det tenkjast at ein kan dra slutningar om popularitet basert på desse.

---

61 Infinitivmerket *to* er brukt for å unngå ambivalens. Infinitivmerket er ikkje brukt i definisjonane i OED og Chambers.

62 OED nemner to homonyme substantiv *rating*. I dei russiske ordbøkene er det ikkje teikn til at tydingar av *rating n.2* (Vehement or angry reproach; (as a count noun) a fierce rebuke, a scolding, OED) er lånte til russisk, og vidare er det *rating n.1* som vil bli omtalt som *rating*.

63 For ei fullstendig oversikt over *to rate* og *rating* sine tydingar i OED og Chambers, sjå ordbøkene.

64 2 to be worthy of something; to deserve; 4 in the UK until 1990: to determine the value of property for the purposes of assessing the rates (sense 2) payable on it. (Chambers)

Blant tydingar av *rating* som ikkje er lånte til russisk er tydinga «ein vanleg sjømann» (Chambers) og «ein klasse som seglbåtar blir plasserte i i ein konkurranse, basert på måling av dimensjonane deira» (OED).

### 6.1.3 *Rejting* i aviser frå 2000

Eg har sett på førekomstar av *rejting* i 42 ulike dokument i Integrum frå datoane 17. og 18. oktober 2000.

#### 6.1.3.1 Bruk av *rejting* i materialet frå 2000

I dokumenta frå Integrum i 2000 har eg funne døme på bruk av *rejting* i ein del av tydingane som er nedteikna i dei russiske ordbøkene. Eg har funne døme på at *rejting* kan visa til ei plassering på ei liste eller i ein kategori, eller etter ei forholdsvis vurdering som er rekna i prosent, og at det kan visa til sjåartal. I materialet har eg ikkje funne døme på at *rejting* er brukt for å visa til posisjonen til ein sjakkspelar, dugleiken hans, eller annan bruk av *rejting* i samband med sjakk. Dette kan vera tilfeldig. Ei tyding eg har funne i dokumenta som ikkje finst i ordbøkene er *rejting* i tyding av ei liste der ulike individ er plasserte, som i dømet under:

6.1 Вчера был обнародован новый **рейтинг** теннисисток WTA Tour с учетом результатов прошлой недели.

Tydinga av *rejting* som ei liste kan vera eit utslag av at det blir utelate ein del av eit lengre uttrykk som er nemning på lista, for å gjera nemninga kortare. Ein kan kalla slike bortfall av delar av uttrykket for *ellipse*. Resultatet av ellipse blir spesialisering i tyding (Endresen m. fl. 2000:330f.). I dømet kan *rejting* òg seiast å vera substantiveringa av verbalhandlinga bak *rejting*, det vil seia at det blir forstått ei verbalhandling bak det å rangera tennisspelarane. Ei innvending mot ei slik tolking er at ei verbalhandling ikkje er konkret, og det er diskutabelt om verbalhandlinga kan publiserast.

I tydinga «plassering på ei liste» er *rejting* i døma frå 2000 fastsett på grunnlag av tal eller undersøkingar. Under er eit døme der *rejting* er fastsett på grunnlag av vurderinga av kor mange prosent som ville stemt på kandidaten Abramovič ved valet:

6.2 Местные наблюдатели не сомневаются, что легкую победу кандидат Абрамович одержит и на этот раз. По данным социологов, его **рейтинг** сейчас даже превышает процент отданных за господина Абрамовича голосов на думских выборах.

*Rejting* kan visa til sjåartal, som definert mellom anna hjå Baš (2012), men eg har òg funne døme på

at *rejting* kan visa til lesartal, eller generelt til aviser sin *popularitet*. *Rejting* har her breiare referanse enn tydinga *sjåartal* hjå Baš:

6.3 Впервые будут представлены газеты московских округов, имеющих, как выяснилось, огромный **рейтинг** у читателей.

Eg har funne døme på at koplinga mellom *rejting* og popularitet er uttalt, då *rejting* kan vera eit mål på mellom anna popularitet:

6.4 Если взглянуть на **рейтинги** популярности телепрограмм, то увидим, что возглавляются они исключительно детективами и приключенческими (...).

I dette og andre treff frå 2000 er det likevel ikkje klåre døme på at sjølve ordet *rejting* har den tydinga av *popularitet* som Baš dokumenterer. Samstundes kan ein merka seg at å ha høg *rejting* er positivt, både her og i resten av døma eg har vist til no, og dømet der aviser har høg *rejting* kan vera eit teikn på utvikling mot *rejting* mot tyding av popularitet. Det er ikkje utenkjeleg at *rejting* kan brukast til dømes i tydinga «grad av popularitet» på grunnlag av positive konnotasjonar.

### 6.1.3.2 Konnotasjonar

Som nemnd syner materialet mitt frå 2000 at det ser ut til å vera rekna som positivt å ha høg *rejting*, og, implisitt, negativt å ha låg *rejting*. Utover dette har eg ikkje observert spesielle konnotasjonar ved bruk av ordet *rejting*.

### 6.1.3.3 Overført tyding

I dømet under blir sjåartala for ishockey diskuterte, og det blir nemnd reformer som «kan heva ishockey si *rejting*» i USA. Her er det snakk om kva som kan gjerast for at fleire skal sjå på ishockey. Sjølv om det er ei TV-sending som har den eigentlege *rejting*, er det snakk om *rejting* til ishockey. Dette kan vera eit tilfelle av metonymi, der *ishockey* har fått eigenskapane til *TV-sending som viser ishockey*. Det er altså ikkje eigentleg snakk om bruk av *rejting* i overført tyding, men bruk av *ishockey* i overført tyding har implikasjonar for bruk av *rejting*. Når *ishockey* kan ha *rejting* tolkar eg det slik at det òg kan liggja ei forståing av popularitet bak *rejting*. Samstundes kan det liggja ei meir generell forståing av grad av popularitet bak *rejting*. Her kan det altså òg tenkjast at Baš si fjerde tyding kan vera uttrykt. Konteksten er tvitydig:

6.5 Из безусловного фаворита зрительских симпатий НХЛ сегодня превращается в пасынка баскетбола, американского футбола и бейсбола. Для того чтобы отбить болельщиков у этих монстров, руководству Лиги придется сконцентрировать свои усилия не на численном росте числа команд, а на реформах, которые могли бы повысить **рейтинг** хоккея именно в США.

#### 6.1.3.4 Ord med nærliggjande tyding i 2000

I materialet frå 2000 har eg ikkje funne døme på at *rejting* er sidestilt med nærliggjande ord eller synonym.

#### 6.1.3.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2000

I dokumenta har eg funne døme på ei mogleg tyding av *hending* bak bruk av *rejting* i fylgjande døme:

6.6 Как выясняется, англичане не равнодушны к президенту Путину: на днях популярный британский еженедельник "Обсервер" в **рейтинге** 300 самых влиятельных людей страны поставил ВВП на 52-е место.

Her kan *rejting*, slik eg tolkar det, referera til «det å utarbeida ei rangering», som i WTA-dømet i avsnitt 6.1.3.3. I laupet av arbeidet med å rangera menneske vart det bestemt at Putin skulle plasserast på 52. plass. Marinova (2008:213) kallar *rejting* eit abstrakt substantiv som har dei russiske ekvivalentane *ocenka*, *ocenivanie*. *Rejting* kan ha teke over eigenskapar frå desse orda, som mellom anna kan uttrykkja ei tyding av handling (Townsend 1975). Innanfor ei slik tolking er den nemnde bruken av *rejting* mogleg. Samstundes er *ocenka* eit ord som ikkje alltid viser til ei handling. Det er likevel minst like sannsynleg at *rejting* refererer til sjølve lista *rejting*, ei tyding som er vist i avsnitt 6.1.3.1. Bortsett frå WTA-dømet i 6.1.3.3 og kanskje dømet med rangering av Putin over, har eg ikkje funne noko direkte tyding av aktivitet hjå *rejting* i resten av materialet frå 2000, så det er rimeleg å tru at ei slik tyding ikkje er typisk for ordet. Samstundes kan sendar og mottakar av ei ytring tolka ei tyding av verbalhandling i ulike døme der *rejting* blir brukt.

I alle dei andre døma frå 2000 har *rejting* konkret tyding, og kan seiast å ha tyding av å vera *resultat* av den verbalhandlinga som ligg bak *rejting*: det å rangera noko eller nokon. Resultat av verbalhandlinga kan vera ei liste eller ein plassering. *Rejting* er då eit teljeleg substantiv. I den grad det finst eit abstrakt substantiv *rejting* i russisk, slik Marinova hevdar at det gjer, har det òg gjennomgått *hypostase*, *konkretisering*, eller det har blitt lånt frå engelsk òg i ei konkret tyding. Sju av dokumenta frå 2000 inneheldt bruk av *rejting* i fleirtalsform, og dette viser at *rejting* blir brukt i teljeleg form. Eg har funne *rejting* brukt i fleirtalsform i tyding av «fleire undersøkingar»:

6.7 То, что питерские власти сделали выбор в пользу именно "Славнефти", не слишком удивляет. Известная российско-белорусская компания, согласно многочисленным **рейтингам**, показывает в нынешнем году неплохие результаты по динамике развития.



Fleirtalsforma er òg observert i tydinga «fleire sjåartal»:

6.8 [В]ышедшая в минувшее воскресенье программа об Уинстоне Черчилле имела один из самых высоких зрительских **рейтингов**.

Eg har ikkje funne døme på at fleirtalsforma er brukt i tyding av «fleire plasseringar på ei liste eller i ein kategori». På grunnlag av materialet frå 2000 er det difor til dømes ikkje mogleg å seia om det ville blitt brukt eintalsform eller fleirtalsform i ei ytring som *Rejting(i) Putina i Medvedeva sil'no otičajutsja drug ot druga*, altså om tydinga «fleire plasseringar» blir uttrykt gjennom eintalsform eller fleirtalsform av *rejting*.

#### 6.1.4 *Rejting* i aviser frå 2011

Eg har undersøkt 33 dokument som inneheld *rejting* frå datoane 17. og 18. oktober 2011. Då det er svært mange treff på *rejting* desse to datoane har eg vald ut 25 aviser. Eg har henta eitt dokument frå ein del av dei, og to treff frå nokre kjelder.

##### 6.1.4.1 Bruk av *rejting* i materialet frå 2011

Tydingar av *rejting* i dokumenta frå 2011 skil seg ikkje stort frå tydingar som er dokumenterte i 2000. Som i 2000 kan *rejting* syna til ei plassering målt anten i prosent, i forhold til andre på ei liste eller ved plassering i ein kategori. Òg i 2011 har eg funne døme på at *rejting* kan vera sjølve lista over rangerte individ. *Rejting* er heller ikkje i 2011 brukt i relasjon til sjakk.

##### 6.1.4.2 Konnotasjonar

I det fylgjande dømet er det uttalt ei kopling mellom høg *rejting* og popularitet:

6.9 «Мой **рейтинг** в регионе выше **рейтинга** губернатора и любого мэра, - утверждает Донской. - Сергей Митрохин не скрывал, что партия позвала меня из-за популярности. (...)».

Donskoj uttaler at hans eiga *rejting* er høgare enn både guvernøren og borgarmeistrar si *rejting*. I neste setning seier han at han har blitt vald til partiet på grunn av populariteten sin. Det blir underforstått at høg *rejting* inneber ein høg grad av popularitet. Sjå diskusjonen avsnitt 6.1.4.4 for vidare diskusjon om kva konnotasjonar som blir forstått ved *rejting* der det er brukt saman med *stepen' doverija*.

I materialet frå 2011 er det døme på *rejting* av positivt og negativt slag, og det er altså ikkje naudsynleg positivt å ha høg *rejting*. Eitt dokument viser uttrykket *rejting nenadežnosti*. Oppstoda

av *rejting nenadežnosti* kan vera grunna i lån av tydingar frå engelsk, då eit uttrykk som *disapproval rating* har mange treff i søk på Google. For å undersøkje om negative typar av *rejting* har utvikla seg utover 2000-talet kan ein med fordel undersøkje eit større materiale. I ein tekst blir det stilt spørsmålsteikn ved om *rejtingi*, meiningsmålingar, har noko tyding:

6.10 А ведь ранее Владимир Владимирович, например, высказывался в том духе, что **рейтинги** не имеют никакого значения.

Dette kan vera eit uttrykk for mistillit til realia bak ordet *rejting*. Konteksten gjer det likevel klårt at det snarare kanskje er snakk om mistillit til Vladimir Putin, som går til val på bakgrunn av høge meiningsmålingar, medan han tidlegare har hevda at *rejting* ikkje har noko tyding.

### 6.1.4.3 Overført tyding

Eg har ikkje funne døme på at *rejting* er brukt i overført tyding i materialet frå 2011.

### 6.1.4.4 Ord med nærliggjande tyding

I ytringa under er *stepen' doverija* sidestilt med *rejting*:

6.11 «И мой **рейтинг**, или степень доверия ко мне как к президенту, и **рейтинг** Владимира Владимировича Путина высокие для любого политика. Но его **рейтинг** выше. Мы практические политики, а не фантазеры, мы должны исходить из того, как проще достичь заявленных политических целей», — заявил Медведев.

*Rejting* fortel her kor mange som ville stemt på høvesvis Medvedev og Putin som president, og er eit mål på politisk oppslutning, som mellom anna kan målast på bakgrunn av meiningsmålingar. Medvedev sidestiller ordet *rejting* med *grad av tillit*: *stepen' doverija* blir brukt som forklaring på ordet *rejting*. Slik blir *rejting* eit mål på tillit. Eg meiner at denne bruken av ordet *rejting* kan tolkast som eit retorisk grep. Bakgrunnen for *rejting* er ikkje kjend, men kan tenkjast å vera ei meiningsmåling med spørsmål om kven folk ville stemt på av ei rekkje kandidatar, som viser at fleire ville stemt på Putin enn Medvedev. Medvedev forklarar utfallet av undersøkinga med at folk har høg tillit til Putin. Eg meiner at Medvedev gjev ei tolking av objektive resultat. Tolkinga er framstilt som ei objektiv ytring, og kan oppfattast som tillitsvekkjande, medan det kan vera fleire grunnar til at folk har svart som dei har gjort i meiningsmålinga. Denne typen bruk av *rejting* har eg berre funne i dette eine dømet. For å finna ut om bruken er utbreidd bør ein sjå på eit større materiale.

#### 6.1.4.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2011

I materialet frå 2011 har eg ikkje funne nokre døme på at *rejting* kan uttrykkja noko verbalhandling. Materialet frå 2011 inneheld, til skilnad frå 2000-materialet, døme på at både «fleire lister» og «fleire plasseringar på ei liste eller i ein kategori» kan uttrykkjast. Den sistnemnde tydinga er uttrykt både gjennom eintalsform og fleirtalsform, noko eg vil visa i dei neste to døma. I dømet under er det tale om nedgang i Dmitrij Medvedev og Vladimir Putin si *rejting*, og her er det brukt fleirtalsform av *rejting*:

6.12 Чем ближе выборы в Госдуму РФ и президента РФ, тем больше к ним интереса. Люди пристально следят за политическим полем. (...) Такая политическая "включенность" совпадает со снижением **рейтингов** Дмитрия Медведева и Владимира Путина.

I dømet under er den same tydinga av «fleire plasseringar» uttrykt gjennom eintalsform av *rejting*:

6.13 В пятницу утром стало известно, что рейтинговое агентство Fitch снизило на одну ступень **рейтинг** швейцарских банков UBS и Credit Suisse.

Grunnen til at det er brukt fleirtalsform i det fyrste av desse to døma og eintalsform i det andre kan vera at det i det andre dømet er snakk om *rejting* som ein eigenskap, medan nemninga i det fyrste dømet gjerne blir forstått som ei hending, som ein kan gjenta.

Avleiinga *rejtingovanie* er dokumentert i materialet frå 2011 med tydinga «det å rangera»:

6.14 Возможно, если когда-нибудь примут закон об обязательном **рейтинговании** всех публичных компаний, тогда имеет смысл подумать о том, чтобы создать единый наблюдательный совет независимых директоров.

*Rejtingovanie* finst ikkje i bruk i materialet frå 2000, men dette kan vera tilfeldig. Det kan òg vera eit teikn på at *rejting* har mista ei tyding av verbalhandling som den kanskje i større grad hadde i 2000. Å leggja til *-ovanie* på slutten av *rejting* gjer ei tyding av verbalhandling uttalt. *Rejtingovanie* opptrer i materialet mitt som eit verbalsubstantiv, og har tyding av *handlinga å rangera*. Dette er eit teikn på at *rejtingovanie* utfyller ein funksjon som nemning på handling som *rejting* ikkje utfyller. Som nemnd i kapittel tre er verbalsubstantiv som endar på *-и-е* vanlegvis nemning på ei handling, ein prosess eller tilstand som er uttrykt i verbalstammen.

### 6.1.5 *Rejting* i 2000 og 2011

Materialet som dannar bakgrunn for undersøkinga av *rejting* er henta frå berre to datoar, både i 2000 og 2011. Difor kan materialet i høg grad vera påverka av innhaldet i avisene (*parole*) som er frå nettopp desse dagane. Avgrensinga gjer dessutan at det ikkje er mogleg å vurdera tydinga av fråvere av ein førekomst, til dømes at *rejting* ikkje er relatert til sjakk i det materialet eg har sett på.

Det ser ut til å ha skjedd ei utvikling frå Krysin si ytring om at *rejting* vanlegvis blir brukt om personar: *rejting šakhmatista*, *rejting politika* (1996:158). Bruk av *rejting* om anna enn personar er, ifylgje Krysin, ikkje vanleg i 1996. I treffa mine frå 2000 og 2011 er det døme på at *rejting* kan gjelda mellom anna bankar og verksemder. Utviklinga bort frå Krysin sin observasjon kan ha skjedd før 2000. Dei russiske ordbøkene eg har sett på syner ikkje teikn til at *rejting* er lånt i abstrakt tyding. For å finna ut om *rejting* hovudsakleg har vore eit abstrakt substantiv, slik Marinova (2008) hevdar, om det fyrst var lånt som abstrakt substantiv, eller om det er lånt i konkret tyding, er det naudsynt med fleire undersøkingar, til dømes av bruk av *rejting* i både engelsk og russisk.

Marinova skriv at lånord som ikkje har noko ekvivalent i russisk vanlegvis blir fort tileigna i språket, blir stilistisk nøytrale, vidt brukte og vidt forstått, og at dei har potensiale til å danna ord. Mitt materiale har vist at *rejting* er eit ord som ikkje har blitt forklart anna enn i eitt døme, eit døme som kan ha retoriske grunnar bak. *Rejting* er òg det einaste ordet i undersøkinga der eg ikkje har funne døme på ei forståing av modernitet bak bruk av nemninga. Forklaringa på dette kan vera at *rejting* ikkje har noko ekvivalent i russisk, og er det Marinova kallar ein *aktuell neologisme* (Marinova 2008:426).

Materialet frå 2011 viser samstundes fleire døme på at (høg) *rejting* kan knytast til popularitet enn i 2000. Dette kan kanskje vera eit uttrykk for at det har skjedd ei utviding av *rejting* si tyding av den typen som Baš (2012) viser til: mot at *rejting* kan visa til *grad av popularitet*. I materialet frå 2011 er det ulike typar *rejting*, både av positivt og negativt slag. Ein negativ type *rejting* kan ha utvikla seg i perioden, og i så fall kan det vera eit uttrykk for at *rejting* har eit større bruksområde i 2011 enn i 2000.

I 2011 kan fleirtalsforma av *rejting* uttrykkja tydinga «fleire plasseringar på ei liste», ei tyding som ikkje vart uttrykt gjennom fleirtalsform i materialet frå 2000. Dette kan vera tilfeldig. For å kunna avgjera om fleirtalsform av tydinga «fleire plasseringar» har utvikla seg i laupet av 2000-talet, eller

om den har eksistert i media heile denne tida, er det behov for å undersøkje eit større materiale. Materialet mitt tyder på at *rejting* kan tolkast som ein eigenskap når det er snakk om plassering i ein kategori og ikkje ei liste, og difor blir brukt i eintalsform når det er snakk om fleire plasseringar av denne typen.

Fleirtalsforma uttrykkjer at *rejting* er eit teljeleg substantiv: *rejting* + *rejting* = to *rejting*. I den grad *rejting* kan koplast mot ei handling er det nesten utelukkande i tyding av *resultat av ei verbalhandling*. Det er difor ikkje særleg relevant å snakka om telisitet bak ei verbalhandling for *rejting*. Medan eg i 2000 fann eit par tilfelle der *rejting* kunne tolkast som ein aktivitet, fann eg ikkje denne tydinga i 2011. Dette kan vera eit teikn på at *rejting* i mindre grad kunne tolkast som verbalsubstantiv i 2011 enn i 2000. Verbalsubstantivet *rejtingovanie*, som eg fann i 2011, men ikkje i 2000, uttrykkjer ei tyding av verbalhandling som *rejting* i seg sjølv sjeldan ser ut til å uttrykkja.

## 6.2 *Kasting*

Lånordet *kasting* har opphav i engelske *casting*, som i ei av sine tydingar kan omsetjast til norsk som *casting*, *rollefordeling*. *Kasting* er nemnd i 569 dokument i NKRJa-ak.

### 6.2.1 *Kasting* i russiske ordbøker over lånord

Eg har funne definisjonar av lånordet *kasting* i sju russiske ordbøker over lånord.<sup>65</sup> Hjø Bunimovič og Krysin kan *kasting* vera ei utveljing av jenter ved venleikskonkurransar, eller ei utveljing av skodespelarar. Zenovič definerer *kasting* som utveljing av modellar, men hans definisjon femner ikkje om utval av skodespelarar. I BISIS er *kasting* relatert til utveljingar innan film og teater, men ikkje til utveljing av modellar.

Bunimovič, Zenovič, BISIS og Šagalova viser til ei tyding av *kasting* som ein type idrett, aktivitet eller konkurranse som inneber *kasting* med fiskestong. Šagalova skil denne tydinga ut som eit homonym *kasting*<sup>1</sup>, og understrekar slik at den ikkje er relatert til andre tydingar av *kasting*. Definisjonen av *kasting*<sup>2</sup> hjå Šagalova er fleirtydig. Den fyrste av *kasting*<sup>2</sup> sine tydingar viser til utveljing av anten modellar eller skodespelarar. Tyding 2 syner at *kasting* òg kan vera ei utveljing av noko eller nokon i svært vid forstand. Dømet som er nemnd i definisjonen under illustrerer bruk av *kasting* og *kastingovat*<sup>1</sup> i vid forståing:

---

<sup>65</sup> BISIS (2002), Bunimovič (2002), Zenovič (2002), Šagalova (2009), Krysin (2001, 2009, 2010).

2. Выбор кого- или чего-либо согласно обозначенным критериям. *Кастинг бывает разный. Есть кастинг – выбор места съемок, есть кастинг животных – для одного из пивных роликов кастинговали (не путать с «кастрировали») лошадей, а еще есть кастинг продуктов питания. Так, для ролика маргарина «Пышка» совершенно серьезно кастинговали пироги. (...)* (IP, 2003, 13).

Definisjonen til Šagalova tyder på at det har skjedd ei generalisering frå utveljingar innan teater- og modellbransjen til utveljingar på alle område. Utveljinga *kasting* kan gjelda kven eller kva som helst. Definisjonen til Šagalova er frå 2008 og dømet hennar, som gjeld ein reklamefilm, frå 2003. Det kan tenkjast at ei slik generalisering kan vera relativt ny, eller at *kasting* sjølv i den generaliserte tydinga er knytt til noko ein kan forstå som ein opptreden.

### 6.2.2 *Casting* i engelske ordbøker

*Casting* er definert som substantiv i OED og Chambers, men kan òg vera ei form av verbet *to cast*. Substantivet *casting* har ei rekkje tydingar i engelsk. Spesialiserte tydingar innan støyping av metall og pløying i OED er blant tydingar ein ikkje finn att i dei russiske ordbøkene i undersøkinga.<sup>66</sup>

Ei tyding av *kasting* innan teater- og filmbransjen er: «1 c. *Theatr. and Cinematogr.* The assigning of parts to suitable actors and actresses» (OED). Chambers definerer ei liknande tyding: «3 the process of choosing actors to take part in a production». Tydinga er relatert til ei verbalhandling: det å velja ut skodespelarar (til ein produksjon). Blant sine tydingar har verbet *to cast* ei liknande tyding som den eg nemnde for substantivet: «48 a. *Theatr.* To allot (the parts of a play) to the actors; to appoint (actors) for the parts»<sup>67</sup> (OED).

Nokre av særtrekka i dei russiske definisjonane finst ikkje i dei engelske definisjonane. Dette gjeld mellom anna tydinga av *casting* som «utveljing av jenter ved venleikskonkurransar». *Casting* som nemning på ei generell utveljing er heller ikkje dokumentert i dei engelske ordbøkene. Korkje OED eller Chambers har ei tyding av substantivet *casting* som er relatert til fiske. Ordbøkene har derimot ei liknande tyding av verbet *to cast*, som er dokumentert slik i OED:

6. a. To throw forth (a net, fishing line, hook, or the like, also the sounding lead, an anchor). (OED)

Det er difor sær sannsynleg at den tydinga av russiske *kasting* som er relatert til fiske kan vera lånt til dømes frå ing-forma av verbet *to cast*.

<sup>66</sup> For detaljar, sjå [OED, Chambers]. *Casting* er òg ført opp som adjektiv i OED, men tydingane til dette adjektivet vil ikkje bli gjennomgått her.

<sup>67</sup> For ei fullstendig oversikt over tydingar av *to cast* i OED og Chambers, sjå ordbøkene.

Marinova (2008:268) kommenterer at *kasting* har fått ei smalare tyding i russisk enn *casting* har i engelsk. Eg meiner at dette berre delvis er rett. Definisjonar i dei russiske ordbøkene eg har sett på syner at russisk berre har lånt ei eller to<sup>68</sup> av engelske *casting* sine mange tydingar. Samstundes er det nokre av tydingane til russiske *kasting* som ikkje finst i dei engelske ordbøkene eg har sett på. *Kasting* ser ut til å delvis ha utvikla eit eige sett med tydingar i russisk.

### 6.2.3 *Kasting* i aviser frå 2000

Eg har undersøkt dei 31 dokumenta der *kasting* er nemnd frå perioden 1. juli til 31. desember 2000.

#### 6.2.3.1 Bruk av *kasting* i materialet frå 2000

I materialet frå Integrum har eg funne bruk av *kasting* som nemning på ei utveljing av skodespelarar eller modellar. Innanfor denne tydinga er *kasting* brukt på ulike måtar. Det kan vera nemning på ein aktivitet, ei hending, og resultatet av verbalhandlinga *kasting*. Dette vil eg gå gjennom i avsnitt 6.2.3.5 under. Førebels nøyer eg meg med å gje døme på den tydinga av *kasting* som er nytta oftast i materialet frå 2000, som er hendinga *kasting, prøvespel*:

6.x - **Кастинг** на роль Каменской в Италии еще не проводился?.. - Нет. **Кастинг** проводится после утверждения второго варианта сценария.

*Kasting* er brukt både om utveljing av modellar og utveljing av skodespelarar. Eg har ikkje funne noko bruk av *kasting* i tyding som er relatert til fiske.

#### 6.2.3.2 Konnotasjonar

Eg har funne eitt døme frå 2000 der det blir gjeve direkte uttrykk for ei forståing av modernitet bak bruk av *kasting*:

6.15 Одни (...) ставят свою картину конкретно на звезд или подбирают по конкурсу, проводя отборочные туры под модным названием "**кастинг**".

Nomenfrasa *prøvespel med det moderne namnet «kasting»* uttrykkjer at konseptet bak nemninga *kasting* eksisterer frå før. Nemninga *kasting* kan gje konnotasjonar til noko moderne. *Kasting* blir vald framfor ei russisk nemning – kanskje for å overføra konnotasjonar til noko moderne til realia bak nemninga.

---

68 Avhengig om ein reknar den tydinga som er relatert til fiske som eit lån frå *casting*.

### 6.2.3.3 *Kasting* i overført tyding

I dømet under inngår *kasting* i ein metafor der fotballcupar blir omtalte med terminologi frå underhaldningsbransjen. Kampar blir omtalte som *opptak* og *seriar*. Eit fotballag er ein *skodespelar*, medan kvalifiseringsrundar er *kasting til hovudrollene*.

6.16 *Российские клубы начинают "съемки" в новом футбольном сериале*. В этом спортивном боевике задействовано 193 актера - именно столько команд примут участие в двух популярнейших футбольных Кубках – Лиге чемпионов и Кубке УЕФА. (...) Нынешний квалификационный этап можно сравнить со своеобразным **КАСТИНГОМ** - подбором актеров на главные роли.

Denne metaforen spelar på likskapar mellom utveljinga *kasting* og utveljing av dei beste fotballlaga – ikkje til catwalken, ein film eller ei oppsetjing, men til UEFA-cupen.

### 6.2.3.4 Ord med nærliggjande tyding

I to dokument frå 2000 blir ordet *kasting* forklart med det russiske ordet *otbor* som tyder *val* eller *utveljing*. I eitt av desse døma er det russiske ordet plassert i parantes:

6.17 Обуреваемая жадной узнать, как делается телевидение изнутри, я решила принять участие в **кастинге (отборе)** – по-русски).

*Otbor* er eit verbalsubstantiv som er avleidd av verbet *otobrat'* og er nemning på eit abstrakt forhold. Det at *otbor* er eit verbalsubstantiv kan gje implikasjonar for forståinga av *kasting*. Marinova har synt at abstrakte ing-ord gjerne blir forstått gjennom eit ekvivalent russisk ord med abstrakt tyding, noko som gjer at det fylgjer ei viss verbal forståing med abstrakte ing-ord. Dømet syner at dette kan vera tilfelle med *kasting*. Både *kasting* og *otbor* er brukte som nemningar på ei konkret gjennomføring av utveljing. Ifylgje Marinova finst ikkje nemninga *otbor* i fleirtalsform. *Kasting* utfyller eit bøyingsparadigme som det russiske ordet ikkje kan utfylla (Marinova 2008:213). *Kasting* gjev ein høve til å snakka om meir enn ei hending – *kastingi* – ved å bruka eitt einskildord.

### 6.2.3.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2000

Som nemnd har eg funne døme på at *kasting* kan ha fleire funksjonar i russisk: ordet kan vera nemning på ein aktivitet, ei hending, og resultatet av verbalhandlinga. Bruken av ordet *kasting* kan ha både teliske og ateliske trekk. I dømet under kan *kasting* uttrykkja ei rein substantivering av verbalhandlinga *kasting*, men òg ei samling av fleire økter med verbalhandlinga *kasting*:



6.18 Что касается главных героев, то **кастинг** пока продолжается, и имена актеров мы узнаем только в начале сентября.

Her uttrykkjer *kasting* den handlinga det er å velja ut personar til ein film. Ei forståing av rein substantivering av verbalhandlinga føreset at ein forstår *kasting* som ein aktivitet som går føre seg over tid, uavhengig av om ein driv med ei konstant vurdering av skodespelarar eller berre ikkje har teke avgjersler enno. Denne verbalhandlinga ser ut til å ha ateliske trekk, og er fylgjeleg utan naturleg avgrensing: om ein driv med *kasting* over ei viss tid, men avbryt den, har ein likevel drive med *kasting*. Samstundes kan ein argumentera for at *kasting* har ein naturleg slutt, og teliske trekk, dersom fokus er på det at ein skal skaffa skodespelarar til roller, og *kasting* ikkje har gått føre seg dersom ein ikkje oppnår å bestemma seg for skodespelarar.

Ei forståing av *kasting* i dømet over som *ei samling økter (hendingar) som til saman utgjer kasting* gjev ordet teliske trekk. *Kasting* har ei avslutning; ein gjennomfører *kasting* over ei avgrensa tid, og om ein avsluttar verbalhandlinga bak *kasting* før ein er ferdig, har ein ikkje gjennomført *kasting*. Dersom målet med *kasting* er å fylla visse roller eller andre arbeidsplassar, men ein ikkje har fått gjort dette, har ein ikkje handlinga.

I dømet under er *kasting* ei hending, *prøvespel*:

6.19 Главное, чтоб личность была. На **кастинге** некоторые ведут себя просто замечательно, ну просто красавцы, а в эфир сядут и молчат.

Tydinga av *hending* er avgrensa i tid, og har teliske trekk: det uttrykkjer ei verbalhandling som har ein naturleg avslutning. Tydinga av *hending* viser at *kasting* kan vera eit teljeleg substantiv, og det er den einaste tydinga som er uttrykt i fleirtalsform i materialet. Fleirtalsforma, *kasting* for modellar eller skodespelarar, er observert i ni dokument i 2000, som er ein ganske stor del av materialet på 31 dokument. I dømet under er bruk av fleirtalsforma illustrert:

6.20 Детишки - чужой бизнес, да и не люблю я этого. Получают по сто-двести долларов за съемку. Находим их на **кастингах** в модельных агентствах.

I tre dokument har eg observert at *kasting* har tyding av å vera resultatet av verbalhandlinga:

6.21 Ну а что касается **кастинга**, то тут сплошные сюрпризы. Во-первых, в "Границе" снялась манерная, изысканная и утонченная Рената Литвинова. Во-вторых, свое долгое киномолчание нарушила Татьяна Окуневская.

Som resultat av utveljinga er det fordelt roller, og *kasting* kan her tyda «kven spelar kva rolle»: kva for nokre skodespelarar som har blitt valde ut til ein produksjon og som har ei rolle i det ferdige produktet. Ein kan òg seia at *kasting* har tyding av å vera eit samleomgrep på alle skodespelarane i produksjonen. *Kasting* fungerer som eit samlande substantiv med ein intern struktur av fleire einingar (skodespelarar), og har difor trekk av å vera eit uteljeleg substantiv. Dømet under er eit nytt døme på at *kasting* refererer til skodespelarane og altså resultatet av verbalhandlinga:

6.22 Бернад Шоу, "Дом, где разбиваются сердца" в постановке Чхеидзе, соответствуя давно бродившим по Москве слухам, накрылся медным тазом: по признанию Табакова, "не удалось собрать достойный **кастинг**". Проще говоря, нет хороших артистов.

Ein verdig *kasting*, som blir omtalt her, kan tolkast som bra nok skodespelarar. Denne tydinga er ikkje dokumentert i dei engelske ordbøkene eg har sett på.

## 6.2.4 *Kasting* i aviser frå 2011

Eg har undersøkt dei 32 dokumenta frå 10. til 26. oktober 2011 der *kasting* er nemnd.

### 6.2.4.1 Bruk av *kasting* i materialet frå 2011

Som i 2000 har eg funne døme på at *kasting* er brukt som nemning på aktiviteten *kasting*, hendinga *kasting* og resultatet av verbalhandlinga *kasting*. I dokumenta frå 2011 har eg funne eitt døme på at *kasting* er relatert til terminologi innan fiske. At det er treff på denne tydinga i 2011, men ikkje i 2000 reknar eg som tilfeldig. At det er berre eitt treff til saman i alt materialet kan vera eit teikn på at *kasting* ikkje er nemnd så ofte i den tydinga i russisk presse.

### 6.2.4.2 Konnotasjonar

I neste avsnitt (6.2.4.3) vil eg visa at konnotasjonar til *kasting* kan koma fram gjennom bruk av ordet i overført tyding. Eg har ikkje funne tilfelle der *kasting* har konnotasjonar i direkte tyding.

### 6.2.4.3 Overført tyding

Her vil eg visa somme døme der *kasting* er brukt i overført tyding i 2011. I eitt av desse døma er *kasting* del av ein metafor der verda er samanlikna med Hollywood:

6.23 Многих сейчас волнует вопрос о том, кто заменит **старых персонажей политического Голливуда**? Есть ли сейчас хотя бы один лидер, способный **пройти кастинг на роль «доктора Зло»**? Новый глава «Аль-Каиды» Айман аль Завахири привык **быть актером второго плана**. «Он всегда выполнял функции Табаки при Шерхане — бен Ладене, — пишет The Spectator, — и хотя орговик Завахири превосходный, харизмой своего наставника он не обладает и вряд ли мог бы стать воплощением всемирного зла».

Eg har framheva dei delane av teksten der kvalitetar frå Hollywood og skodespelarbransjen er spegla i verda. *Kasting* si rolle i metaforen er basert på likskap mellom verkemiddel i politikken og utveljing innan skodespelarbransjen: ulike personar får visse roller i verdsbiletet. Det metaforen kan seia om *kasting* er at *kasting* skil ut dei som passar best. Det er ikkje kven som helst som er «god nok» til å kunna innta rolla som «doktor Vondskap»,<sup>69</sup> på same måte som det ikkje er kven som helst som er god nok til å fylla meir tradisjonelle roller.

Eg har funne to andre døme der *kasting* ikkje er brukt i direkte tyding. I dømet under er *kasting* ei utveljing av personar, ikkje til ei rolle eller ein jobb som modell, men til eit arrangement, sannsynlegvis eit foredrag, der presidenten er til stades. Ein må gå gjennom *kasting* for å få tilgang til dette arrangementet. Bruk av ordet *kasting* til denne utveljingsprosessen gjev arrangementet eit eksklusivt preg:

6.24 Четверокурсницы Вера Кичанова и Ольга Кузьменко не прошли **кастинг** на допуск к президенту - как и остальные 99 процентов журфаковцев. Но пока глава государства шел в аудиторию, они успели поднять плакаты (...).

Somme kjem gjennom nålauget, andre ikkje. I det andre dømet eg har sett på er *kasting* brukt om ektefellar:

6.25 **кастинг женихов.**

Denne typen *kasting* syner nok til stemnemøte av ein meir eksklusiv karakter enn vanlege stemnemøte. Desse siste to døma kan vera uttrykk for endring mot eit fokus på å vera *bra nok* til å fylla ulike roller i samfunnet, og dette kan igjen vera uttrykk for eit endra samfunn, med fokus på individet og på å koma opp og fram, noko som står i kontrast til livet i sovjettida.

#### 6.2.4.4 Synonym/nærleggjande ord

I dokumenta frå 2011 har eg ikkje funne døme på at *kasting* blir forklart med synonym eller nærleggjande ord.

---

<sup>69</sup> *Doctor Evil* er ein karakter frå filmane om Austin Powers, t.d. *Austin Powers – spionen som kom ut av fryseren*, og det er tenkjeleg at referansen er til denne karakteren.

#### 6.2.4.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2011

I materialet frå 2011 har eg som nemnd funne bruk av ei tyding av aktiviteten *kasting*, den konkrete hendinga *kasting* og resultatet av verbalhandlinga *kasting*. Som i 2000 har eg funne døme på at *kasting* har tyding av resultatet av verbalhandlinga *fordeling av roller*. Noko nytt er at *kasting* i 2011 til og med kan brukast som ein eigenskap ved ein film:

6.26 В целом с точки зрения психофизики **кастинг** картины не должен оскорбить вкус (...).

Likevel er det ikkje stor skilnad mellom desse to tydingane. Fire av dokumenta inneheld *kasting* i fleirtalsform, noko som er ein nedgang frå 2000. Som i 2000 er dette døme der *kasting* er ei konkret hending som kan teljast:

6.27 Мне все говорили: "Нет, реклама - это плохо, после рекламы тебя никто снимать не будет". Но так получилось, что за три года я снялась почти в 40 рекламных роликах - все игровые, не какие-то там проходные. Причем я долго, чуть ли не каждый день ходила на три-четыре **кастинга** в фильмы.

#### 6.2.5 *Kasting* i 2000 og 2011

Materialet syner at ei konkretisert tyding av *kasting* i russisk har kome i bruk i 2000. Dette er ikkje oppsiktsvekkjande, sidan *casting* blir brukt i ei slik konkretisert tyding òg i kjeldespråket. *Kasting* i tydinga «utval av jenter til catwalken» finst ikkje i materialet frå 2011. Det hadde vore interessant å undersøkje om denne tydinga på veg ut av språket, men funna mine gjev ikkje eit godt nok grunnlag for å hevda dette. Eg har funne teikn til at *kasting* blir brukt oftare i overført tyding i 2011 enn i 2000. I 2000 er det eitt tilfelle der *kasting* er brukt i ein metafor, og i 2011 er det eitt tilfelle der *kasting* er brukt i metafor, og tre tilfelle av *kasting* i overført tyding.

I to dokument frå 2000 vart *kasting* forklart med nemninga *otbor*, medan eg ikkje har døme frå 2011 på at *kasting* blir forklart ved hjelp av eit russisk ord. Dette kan vera eit teikn på at *kasting* ikkje blir forstått som eit så framand ord i 2011 som i 2000. Som vist i kapittel fire er *kasting* det ordet som har størst auke i førekomstar frå 2000 til 2011, om ein samanliknar med absolutte tal for dei andre fire orda som er undersøkte spesielt her. Det er mogleg at semantikken til *kasting* i mindre grad blir forstått som uklår i 2011 enn i 2000, noko ei undersøking i større materiale vil kunna fastslå sikrare. Dette kan då eventuelt hengja saman med at ordet har blitt meir populært.

I både 2000 og 2011 er *kasting* brukt i tyding av å vera aktivitet, hending eller resultat av hending. Det kan sjå ut til at *kasting* i 2011 òg kan brukast i tydinga *eigenskap*.

## 6.3 Trening

Lånordet *trening* har opphav i engelske *training*, som i somme tydingar kan omsetjast til norsk som *trening/øving*. *Trening* er nemnd i 456 dokument i NKRJa-ak.

### 6.3.1 Trening i russiske ordbøker over lånord

Eg har funne definisjonar av *trening* i seks ulike russiske ordbøker over lånord.<sup>70</sup> I desse ordbøkene blir det anten presentert ein einsarta definisjon av *trening*, eller det blir forstått polysemi, med to relaterte tydingar av *trening*. Krysin (2001) gjev ein homogen definisjon for *trening*. Definisjonar hjå BISIS<sup>71</sup> og Krysin (2009, 2010) svarer til denne definisjonen:

тренинг, а, *мл.нет*, м. [англ. training]. Специальный тренировочный режим, тренировка. *Тренинговый* – относящийся к тренингу. (Krysin 2001).

*Trening* kan ifylgje definisjonen forståast anten som eit særeige treningsopplegg eller som synonym til *trenirovka*. Ifylgje Krysin kan ikkje *trening* brukast i fleirtalsform. Ordet blir altså ikkje oppfatta som eit teljeleg substantiv. Ein kan altså ikkje bruka fleirtalsform av *trening* brukast til dømes for å snakka om ulike typar treningsopplegg. Hjå Bunimovič og Zenovič blir det vist to semantisk relaterte tydingar av *trening*, som svarer til kvarandre i innhald. Bunimovič gjev fylgjande definisjon:

тренинг (англ. *training*) - 1) спец. режим тренировок, система подготовки в какой-л. сфере деят-ти; т. делового общения — вид соц.-психол. упражнения, направл. на развитие установок, необходимых для успешного общения в професс. деят-ти; 2) в коневодстве и конном спорте система упражнений для выработки у лошади максимальной работоспособности. (Bunimovič 2002).

I den fyrste tydinga til Bunimovič opptrer *trening* og *trenirovka* i større grad i relasjon til kvarandre enn hjå Krysin: *trening* består av fleire *trenirovka*. Eg forstår *trenirovka* som dei konkrete øktene med førebuing eller utvikling av eigenskapar. *Trening*, på si side, er bygd opp av økter, eller systemet av fleire *trenirovka*. Definisjonen av den andre tydinga hjå Bunimovič viser bruk av *trening* i ei snevrare tyding, innan hesteavl og hestesport. Slik bruk av *trening* er ikkje dokumentert i det materialet eg vil undersøkje.

Eit døme på den fyrste tydinga av *trening* hjå Bunimovič er *trening delovogo obščeniya*, øving i forretningskommunikasjon. Dei sosio-psykologiske øvingane det er tale om er mynta på utvikling i

<sup>70</sup> AST (2002), Bunimovič (2002), Zenovič (2002), Krysin (2001, 2009, 2010).

<sup>71</sup> I BISIS blir det ikkje gjeve noko merknad om at *trening* er singularis tantum.

positiv retning: utvikling av retningslinjer for vellukka kommunikasjon. I og med at *trening* refererer til noko positivt kan bruk av ordet implisera positive evalueringar. I materialet frå Integrum vil eg difor mellom anna undersøkje om sjølve ordet *trening* har positiv verdilading.

### 6.3.2 *Training* i engelske ordbøker

Ei samanlikning mellom definisjonar i russiske og engelske ordbøker tyder på at russisk berre har lånt ein del av tydingane til engelske *training*, og hovudsakleg tydingar som er merkte med «tydingar som involverer betring eller utvikling» i OED.<sup>72</sup>

Definisjonane av *training* syner at ordet kan vera nemning på fysiske førebuingar til ein konkurranse eller instruksjon og øving på eitt eller anna område, og definisjonane syner eit klårt band til tydingar av verbet *to train*:

3 c. Sustained instruction and practice (given or received) in an art, profession, occupation, or procedure, with a view to proficiency in it. Also with up. 4 a. Physical preparation of oneself or another for athletic or sporting competition; engagement in a programme to enhance fitness or bodily appearance. (OED)

I båe definisjonane kan *training* visa til anten noko ein gjev eller noko ein mottek. I tyding 4 a. har *training* trekk av å vera avgrensa i å ha eit mål: *training* inneber at ein førebur seg til ein konkurranse. Definisjonen av substantivet *training* har tydingane:

1 the act or process of being prepared for something, of being taught or learning a particular skill and practising it until the required standard is reached 2 the state of being physically fit (Chambers).

Den fyrste tydinga er tydeleg målretta: ein lærer eller blir lært visse eigenskapar og øver på dei *til ein har nådd den standarden ein treng*. Handlinga bak denne tydinga kan oppfattast som telisk, då ein trener *mot* noko. Om ein trener til ein maraton, men sluttar med det før maraton er det diskutabelt om ein kan seia at ein har trent til maraton. Andre tydingar av *to train* kan oppfattast som ateliske, med mindre ein kontekst endrar på tydinga. I det andre dømet er det snakk om ein tilstand som ein kan vera i, som til dømes: *He is in good training*. Ei konkret tyding av *trening* innan sport er, ifylgje Marinova (2008:316) ikkje mogleg i russisk, men det er uklårt om ho meiner at det er mogleg med ei *ikkje-konkret* tyding som er relatert til sport.

Det er ikkje noko definisjon av *training* i dei engelske ordbøkene som svarer til Bunimovič si snevre tyding, der *trening* er relatert til hesteoppdrett og -sport, men OED har ein definisjon der *to*

---

<sup>72</sup> «Senses involving improvement or development» (OED). For fullstendige definisjonar av *training* og *to train*, sjå ordbøkene (OED, Chambers).

*train* er relatert til hestar: «11 b. to train racehorses; to be a racing teacher». Denne tydinga av *to train* er skild ut som ei eiga tyding hjå Bunimovič kan det tenkjast at han forstår lånet som uavhengig frå den andre tydinga av *trening*.

Ordbøkene gjev inga tematisk avgrensing for *training* og *to train*. Bortsett frå Marinova sin merknad om at *trening* ikkje kan brukast i konkret tyding av sport, blir det heller ikkje i russisk gjeve noko tematisk avgrensing for bruk av *trening*. I både OED og Chambers har *training* og *train* mange tydingar, og berre nokre av dei er lånte til russisk: i hovudsak tydingar som er relaterte til utvikling av dugleikar.

### 6.3.3 *Trening* i aviser frå 2000

Eg har undersøkt 33 dokument frå perioden frå 1. til 31. oktober 2000 der *trening* er nemnd.

#### 6.3.3.1 Bruk av *trening* i materialet frå 2000

I materialet frå Integrum i 2000 er *trening* brukt som nemning på øving eller førebuing på eit visst område, i form av ei hending eller ei samling av hendingar. Dette samsvarer med definisjonar i russiske ordbøker over lånord. Materialet syner at *trening* kan ha å gjera med ulike sfærar, som definert hjå Bunimovič. Døme på ulike typar *trening* som er nemnde i materialet er *trening sotrudnikov*, *psikhologičeskij trening*, *meždunarodnyj antiterrorističeskij trening*, *trening po russkomu jazyku*.<sup>73</sup> I materialet er det ikkje dokumentert bruk av *trening* som nemning på fysisk trening. I dømet under ser ein bruk av *trening* som øving eller førebuing:

6.28 Обучают своих коллег преподаватели из российского отделения DHL, причем делают они это по тем методикам, которым их, в свою очередь, обучали в штаб-квартире компании в Брюсселе. (...) Участники **тренинга** должны предложить такое решение проблемы, которое удовлетворяло бы интересы клиентов в максимальной мере.

I avsnitt 6.3.3.5 vil eg kommentera fleire bruksområde for *trening* som er relaterte til ulike utslag av verbalhandling.

#### 6.3.3.2 Konnotasjonar

I ulike samanhengar blir *trening* brukt i tyding av å vera noko moderne. I det fyrste dømet under kjem utradisjonelle sider ved *trening* fram. Det blir fortalt at seminar for invalide liknar på *trening*, og går føre seg med konkurransar, quizar og diagram på ein vegg, slik at det er «umogleg å seia at dei muntre ungdommane ikkje berre har det kjekt». Dette står i kontrast til tradisjonelle

<sup>73</sup> *trening* for medarbeidarar, psykologisk *trening*, internasjonal antiterroristisk *trening*, *trening* i russisk

undervisningsformer. Ein kan forstå *trening* som ei moderne form for opplæring:

6.29 Всю неделю в Москве в гостинице "Салют" общественная организация "Перспектива" проводила семинар. (...) Семинары эти проходят регулярно и больше всего похожи на **тренинг**, который устраивают молодым работникам менеджеры McDonald's. Конкурсы, викторины, диаграммы на стене. Так сразу и не скажешь, что веселые молодые люди не просто развлекаются, а учатся въехать на коляске в кабинет, скажем, губернатора и рассказать, что во вверенном ему регионе нет ни одного пандуса, а значит, не соблюдается Конституция.

I dømet under blir det vist til at forelesarane ved *Sibirskij centr sertifikacii*, Sibirsk sertifiseringscenter, nyttar «dei mest moderne formene for intensiv opplæring: arbeid med konkrete situasjonar frå det verkelege forretningslivet (cases), lagarbeid (teambuilding) og *treningi*».

6.30 Преподаватели (...) дают непосредственно стратегический маркетинг, кризис-менеджмент, используя самые современные формы интенсивного обучения: разработку конкретных ситуаций из современной реальной практики предприятий ("кейсов"), командную работу (тимбилдинги) и **тренинги**.

Her ser *trening* ut til å bli brukt med konnotasjonar til modernitet. Nye lånord som *trening*, *cases* og *teambuilding* blir brukte for å referera til nye former for undervisning. Dei andre nemningane kan ha blitt lånte saman med realia ikkje langt tilbake i tid. *Trening* og dei andre lånorda som er nemnd verker med på å framstilla undervisninga, og, indirekte, undervisningsinstitusjonen, som moderne.

I neste døme blir det stilt spørsmål om korleis vestlege selskap skil seg frå russiske. Ein skilnad som blir nemnd er at vestlege selskap verdset heving av kvalifikasjonar, og at dei organiserer *trening*. Viktigheita av *trening* der ein utviklar leiareigenskapar blir òg nemnd. Biletet som blir forma av vestlege selskap er positivt og uttrykkjer modernitet, og *trening* er ein del av dette biletet:

6.31 Вопрос, на который лучшего ответчика не найти: чем западная компания отличается от российской? Отличий, по Щербакову, много. В западной компании развит культ повышения квалификации, постоянно проводятся **тренинги**, разыгрываются нестандартные ситуации, читаются спецкурсы. Особо важны **тренинги**, где выявляют лидерские качества.

Det moderne som kan knytast til *trening* inneber likevel ikkje alltid noko udelt positivt. I utdraget under, som er henta frå ei liste over kjenneteikn på sekter som har dukka opp i Russland etter Sovjetunionen, framstår *trening* som noko framand eller mystisk. Ordet *sborišče* har blitt definert som å ha negative konnotasjonar, jamfør Ušakov (<http://dic.academic.ru>). *Trening* er synonymt med *sborišče*, og er nemning på religiøse samlingar som går føre seg i sektene:

6.32 Ритуалы. Без них не обходится ни одна секта. Это и сборища, именуемые **тренингами**, это совместные песнопения и паломничества, это наличие степеней и рангов ("уровни", "караты", "звезды" и т.п.); соответствующие знаки отличия с гордостью носятся на лацканах.



Som vist kan altså *trening* i somme tilfelle visa til modernitet og utvikling, og til nye realia, men kva verdi ein eventuelt tillegg *trening* er avhengig av korleis ein forstår det utslaget for modernitet og utvikling som ordet kan vera.

### 6.3.3.3 Overført tyding

Eg har ikkje funne tilfelle der *trening* er brukt i overført tyding i materialet frå 2000.

### 6.3.3.4 Nærleggjande ord: *trening* og *trenirovka*

I materialet frå 2000 har eg observert at *trenirovka* kan opptre som synonym eller nærleggjande ord til *trening*. I dette avsnittet vil eg utforska kva relasjon desse orda har til kvarandre når dei blir brukte i same kontekst.

Forholdet mellom *trening* og *trenirovka* kan i dømet under synast å uttrykkja differensiering. Her er både *trenirovka* og *trening* brukt om førebuingar på dykk ned til «Kursk» i Barentshavet. Her kan det verka som om *trenirovka* er ei hending, altså eit utslag av verbalhandlinga, som kan stå i fleirtalsform, medan *trening* har tyding av å vera ei samling av fleire økter:

6.33 Группа из 20 водолазов и специалистов ВМФ прибыла в Североморск, чтобы провести последние **тренировки** перед операцией по извлечению погибших моряков с подлодки "Курск" в Баренцевом море. (...) В целях детального изучения всего корпуса "Курска" **тренинг** на "Орле" будет проводиться в его надводном положении.

Det er likevel ikkje klårt at *trening* og *trenirovka* er nemning på ulike konsept. Det er mogleg at dei er synonym. I dømet under kan *trening* forståast som ein aktivitet ein driv på med i den konkrete treningsøkta, og *trenirovka* er ein generell føresetnad for å lukkast som stripperske: ein *aktivitet*, og noko ein generelt må driva med, men samstundes kan båe orda vera uttrykk for *aktivitet*, og det kan henda at dei snarare blir oppfatta som synonyme enn ulike:

6.34 [P]аботая в известном клубе <UP and DOWN>, мне приходилось танцевать до утра и, подхватившись, бежать на первую электричку, а с нее – к дочери. А в пять вечера – уже быть в Москве, чтобы час за часом отдавать жесткому **тренингу**. (...) Конечно, танцовщицей нужно родиться, а без профессиональной **тренировки** и работы стриптизерки из тебя не выйдет.

I utdraget kan *trening* og *trenirovka* vera synonym: Jacek driv med aktiviteten *trenirovka* av europeiske anti-terroristiske spesialstyrkar, og skal til Sør-Amerika for å driva med aktiviteten *trening* som er relatert til antiterror. *Trening* kan òg forståast som som noko anna enn *trenirovka*: eit kurs der *trenirovka* er sett i system. I laupet av ein ekspedisjon skal Jacek gjennomføra *trening*, som er ei samling av hendingar, medan han til vanleg driv med *trenirovka*, ein *aktivitet* som er ei

substantivering av verbalhandlinga *trenirovat'*:

6.35 Несколько лет Яцек занимается, как вы уже знаете, **тренировкой** европейских антитеррористических спецподразделений в экстремальных условиях пустыни и джунглей. Не успев возвратиться из Сахары, Палкевич уже готовится в начале будущего года к экспедиции в Южную Америку. Это тоже будет **тренинг** в рамках антитерроризма.

Døma ser ikkje ut til å visa noko strengt forhold mellom tydingane til *trenirovka* og *trening*. Funna samsvarer med det som kjem fram i definisjonar i ordbøker, der orda kan opptre som synonym, men òg i ein relasjon der *trening* er bygd opp av *trenirovka*.

### 6.3.3.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2000

I materialet frå 2000 har eg funne døme på bruk av *trening* som ei hending eller ei samling hendingar med pause mellom hendingane. I dømet under er *trening* ei samling av hendingar. I slike døme kan ein med andre ord ikkje snakka om ei eller fleire *trening*:

6.36 Виртуальные, то есть чисто компьютерные операции известны в медицине давно. Но они всегда служили лишь **тренингом** для хирургов.

Handlinga bak *trening* kan i dette høvet oppfattast som atelisk. «Det å utføra virtuelle operasjonar» har ikkje noko naturleg avslutning, i motsetnad til «det å utføra ein (konkret) operasjon», som har ein naturleg avslutning. *Trening* kan her dessutan tolkast som ein *aktivitet*: det å driva med øving. I det tidlegare nemnde dømet *сборища, именуемые тренингами, сторсамлинг*ar som blir kalte *trening* (pl.) er *trening* ei hending, og ikkje ei samling av hendingar. Her kan ein seia at *trening* opptre med tyding av å vera telisk: *trening* har ei naturleg avslutning og kan gjentakast: *trening* + *trening* = to *trening*.

*Trening* blir brukt i fleirtalsform i 10 av dei 33 dokumenta i perioden, noko som utgjer 30,3 % av dokumenta. Dette tilbakeviser Krysin sin påstand om at *trening* ikkje finst i fleirtalsform. Bruk av fleirtalsform kan tyda på ei konkretisering av ordet: ei konkret gjennomføring av *trening* blir referert til som *trening*. Eksistensen av *trening* i fleirtalsform er eit teikn på at *trening* kan vera eit teljeleg substantiv. Ein kan gjennomføra ei eller fleire *treningi*:

6.37 [И]дея проводить такие **тренинги** принадлежит вовсе не полковнику Семенченко, а его зарубежным коллегам.

Verbalhandlinga som substantivet uttrykkjer kan gjentakast, og det er ei naturleg avslutning for handlinga. Difor kan ein seia at *trening* uttrykkjer teliske kvalitetar i det sistnemnde dømet. I dømet

under blir *trening* brukt i både eintals- og fleirtalsform. Tilfellet er interessant, av di det tilsynelatande er slik at det er snakk om ulike referentar for ordet i eintalsform og fleirtalsform:

6.38 Участники **тренинга** должны предложить такое решение проблемы, которое удовлетворяло бы интересы клиентов в максимальной мере. На **тренинги** приглашаются и настоящие клиенты DHL - они формулируют возможные проблемные ситуации, а заодно делятся собственным маркетинговым опытом.

*Trening* ser her ut til å kunna ha tyding av å vera ei samling av økter i eintalsform, men kanskje òg ei einskild økt med prosessen *trening*, der ordet opptrer i fleirtalsform. Ein kan i dømet over bli invitert til desse øktene – eller til heile kurs, dersom fleirtalsforma *treningi* tyder *fleire samlingar av økter*.

I dømet under har *trening* ein stilistisk funksjon som har bakgrunn i ein spesiell bruk av fleirtalsforma. I utdraget blir det kasta eit kritisk blick på organisering innan ikkje-kommersielle organisasjonar:

6.39 Многие некоммерческие организации предлагают всевозможные **тренинги** и семинары для подготовки специалистов по активизации общественных инициатив и вовлечению в них широких масс. Все это должно служить одной цели -- созданию гражданского общества. Именно ради этого организации несут огромные затраты на дорогую полиграфию и платят приличные зарплаты своим сотрудникам.

Marinova (2008:214) peiker på at ord som *vsjakie (tam)*, *vse (eti)* og *vsjačeskie* kan uttrykkja ein stilistisk funksjon og ei negativ vurdering av realia, når dei blir brukte saman med eit ing-ord. Eg tolkar *vsevozmožnye* som eit ord av same slag. Konteksten viser at metodane ikkje-kommersielle organisasjonar bruker i sitt arbeid i dag blir oppfatta som negative. *Trening* er del av skildringa av ei moderne arbeidsform, og ing-ordet saman med dei nemnde orda kan uttrykkja ei negativ forståing av denne arbeidsforma. Modernitet uttrykkjer ikkje naudsynleg noko positivt.

### **6.3.4 *Trening* i aviser frå 2011**

Eg har undersøkt 35 dokument som inneheld *trening* i perioden frå 15. til 26. oktober 2011, i presse som er gjeven ut i Moskva.

#### **6.3.4.1 Bruk av *trening* i materialet frå 2011**

Som i 2000 blir *trening* brukt om førebuingar på eit område, men samanlikna med treffa frå 2000 kan *trening* i treff frå 2011 synast å bli brukt på fleire ulike område. Nokre typar *trening* eg har funne i treffa frå 2011, men ikkje frå 2000, er *erotisk trening*, *trening for innsette i fengsel*, *trening for skodespelarar*, *trening* i bruk av EI<sup>74</sup> og funksjonstrening, som er ei spesiell treningsform. Det er

74 EI – emosjonell intelligens. *Min merknad, BFV*.

mogleg at *trening* har fått eit vidare bruksområde i perioden. Dette er likevel ikkje interessant i seg sjølv, då definisjonar i ordbøkene, som nemnd, ikkje gjev noko avgrensing for kva tematiske område *trening* kan gå føre seg på. Det som derimot kan vera interessant er å sjå om det har utvikla seg noko spesialisert tyding. Dette vil eg undersøkje seinare i kapittelet, ved å sjå på bruk av *trening* saman med *repeticija*.

### 6.3.4.2 Konnotasjonar

Som i 2000 har eg funne døme på at *trening* er knytt til modernitet. I tillegg har eg i 2011 funne døme der *trening* er brukt for å visa til ein del av suksess, eller det å vera vellukka. I dømet under blir det fortalt om Petr, som er «ein suksessfull forretningsmann» med høg utdanning, som ser det som viktig å læra heile livet. Difor sender han dei tilsette på *trening*:

6.40 Петр - довольно успешный бизнесмен, официальный дилер известного транснационального химического концерна. Он уверен, что учиться человек должен всю жизнь, поэтому за его плечами - два института и диплом MBA. Сотрудники его компании регулярно проходят **тренинги**. Возможно, не все они разделяют уверенность своего босса в том, что знания - сила, но выбора у них нет: два раза уклонился от **тренинга** - можешь собирать вещи на выход.

Petr sin suksess er bunden til at tilsette får opplæring og at selskapet hans går bra: utvikling av kunnskapar inngår i drifta av eit suksessfullt firma. Dømet under viser derimot at det ikkje naudsynleg er slik at ein får umiddelbare resultat av *trening*. Talaren ser ut til å meina at den forståinga som sjefar har til *trening* kan vera ukritisk og feilaktig:

6.41 Почему-то многие руководители считают, что если провести двух-трехдневный **тренинг** для продавцов, они сразу станут продавать, но на практике этого не происходит, потому что требуется пролонгированный эффект, чтобы появилась мотивация. Прежде чем человек пройдет **тренинг**, он должен четко понимать, что он собирается у себя улучшить.

Dei to døma eg har vist syner til ulike evalueringar av *trening* som noko moderne: anten del av noko positivt eller del av noko negativt.

### 6.3.4.3 Overført tyding

Eg har ikkje funne bruk av *trening* i overført tyding i materialet frå 2011.

### 6.3.4.4 Nærleggjande ord: *repeticija*

I materialet frå 2011 har eg funne tre døme der det er skodespelarar eller andre scenekunstnarar som driv med *trening*. Slik bruk har eg ikkje funne i materialet frå 2000. Dømet under viser differensiering mellom *trening* og *repeticija*. Både nemningane viser til noko som kan gå føre seg i

eit rom for teaterprøver.

6.42 Помимо долгожданной премьеры, старейший театр России встретил новый сезон заново оформленным кассовым залом, обновлённым напольным покрытием сцены и отполированным паркетом зрительного зала. Также в течение лета была отремонтирована репетиционная комната, в которой отныне будут проходить не только репетиции, но и **тренинги**.

*Repeticija* kan omsetjast til norsk som *prøve*, og ut frå differensieringa i dømet er det klart at *trening* ikkje er det same som *repeticija*.<sup>75</sup> Det er ikkje utelukka at *trening* i dette dømet viser til det same som hjå Bunimovič (2002): *trening* som eit system med førebuing innan ei viss sfære.

*Repeticija* inneber førebuing til opptreden, men det kan tenkjast at *trening* er ein ny, eller i alle fall annleis, arbeidsmetode i teateret for at skodespelarar skal utvikla bestemte dugleikar. I så fall er *trening* noko moderne innan teateret. Det at *trening* står i fleirtalsform indikerer at *trening* blir utført i økter, men det er diverre vanskeleg å fastsetja noko nøyaktig tyding for *trening* ut frå den konteksten som er tilgjengeleg.

*Trening* og *repeticija* er berre brukt saman i eitt tilfelle, men òg i neste døme er *trening* relatert til skodespelarar. Her er *trening* skildra som noko som skodespelarar treng kvar dag, «på same måten som ballettdansarar treng å jobba ved benken kvar dag». Eg tolkar dette slik at skodespelaren gjennom *trening* held dugleikar og talent ved like eller utviklar dei:

6.43 - Вам не хотелось бы уйти в "свободное плавание"? - Нет. Я уверена, что каждый актер нуждается в ежедневном **тренинге**, так же, как и артисты балета должны каждый день работать у станка.

Kva *trening* inneber kjem heller ikkje i denne konteksten tydeleg fram. Ein kan ikkje utelukka at *trening* har fått ei spesialisert tyding innan teateret. For å finna ut om dette er tilfelle er det derimot naudsynt å utføra ei undersøking der ein undersøker om *trening* er tvitydig eller vag samanlikna med annan bruk av *trening*.

### 6.3.4.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2011

Eg har funne døme på at *trening* blir brukt i tyding av ein aktivitet, ei hending og ei samling av hendingar med pause mellom. I dømet under er *trening* ein aktivitet:

6.44 Надо иметь в виду и то, что раньше большинство актёров играло в театрах, это постоянный **тренинг**.

Tydinga til *trening* kan seiast å vera ikkje-avgrensa og atelisk, og *trening* opptrer som eit ikkje-teljeleg substantiv. Det ein gjer for å utvikla seg utgjer *trening*, og *trening* har ikkje tyding av å vera

---

75 Øving for skodespelarar.

eit kurs eller ei økt i eit kurs – men ei rein substantivering av verbalhandlinga. I dømet under ser *trening* ut til å vera ei hending:

6.45 - Я помню, как на одном из **тренингов** дети на вопрос "Что же важно для них?" высказали желание чаще бывать с родителями, вместе отдыхать, ужинать, проводить выходные.

Det blir vist til eit konkret spørsmål som blir stilt på ei *trening*, og det blir oppgitt svar som vart gjevne på spørsmålet. Sjølv om eg tolkar dette som at det då er mest sannsynleg at det er snakk om ei hending, i tydinga *økt som er del av eit kurs*, er det likevel mogleg at *trening* snarare har tyding av å vera ei samling av økter, altså eit kurs, og at det finst fleire slike kurs. I båe tydingar opptrer *trening* med telisk tyding: det er ei naturleg avslutning for *trening*, og handlinga kan gjentakast.

23 av dokumenta frå 2011, eller 65,7 %, inneheld bruk av *trening* i fleirtalsform. Dette tyder på ein oppgang i bruk av fleirtalsform frå 2000, men i og med at materialet mitt er avgrensa, kan dette vera tilfeldig. Marinova karakteriserer *trening* som eit abstrakt substantiv, men skriv at fleirtalsforma av *trening* kan syna anten til ei hending (*pomeščenija dlja treningov*) eller til ulike variantar av *trening* (*psikhologičeskie treningi*) (Marinova 2008:211). Dette indikerer at tydinga av *trening* har ei spesiell tyding i fleirtal. Eg har funne tydinga av *ulike variantar av trening* i fleirtal, men har ikkje teke stilling til om dette kan kallast ei eiga tyding.

### 6.3.5 *Trening* i 2000 og 2011

I 2011 ser det ut til å vera eit vidare bruksområde for *trening* enn i 2000, men dette kan ikkje seiast sikkert, då det i utgangspunktet ikkje er avgrensingar for kva område *trening* kan gå føre seg på. I materialet frå både 2000 og 2011 kan *trening* brukast med konnotasjonar til modernitet, noko som kan evaluerast positivt eller negativt. Materialet frå 2011 viser at *trening* dessutan kan knytast til suksess. Det er ikkje klårt om det her er snakk om ei utvikling eller om det er tilfeldig. Korkje i 2000 eller 2011 er *trening* brukt i overført tyding.

Marinova forklarar forholdet mellom *trening* og *trenirovka* med at det har gått føre seg ei konkretisering av *trening* etter modell frå ordet *trenirovka*, som opptrer som ekvivalent til ordet eller blir oppfatta som ekvivalent. Ing-ordet har blitt påverka av semantiske prosessar i eit russisk ord og grammatiske prosessar i dette ordet, gjennom språkleg analogi (Marinova 2008:213). Eg har ikkje funne noko klårt forhold i tyding mellom *trening* og *trenirovka*, men har funne somme døme på at orda kan vera nemning på det same konseptet, og somme døme på at *trening* består av *trenirovka*.

I 2011 fann eg klårare døme på at *trening* kunne vera nemning på aktivitet enn i 2000. Dei vanlegaste tydingane er likevel *trening* som ei hending eller som ei samling av hendingar. I 2011 fann eg døme på at *trening* kunne uttrykkja fleire typar *trening*.

I 2011 fann eg teikn til ei tyding av *trening* som ikkje er funne i materialet frå 2000, nemlig *trening* som ein arbeidsmetode innan teateret. Materialet har ikkje gjeve forklaring på kva denne arbeidsmetoden inneber, og det er ikkje klårt om det er snakk om ei eiga terminologisk tyding eller ikkje. Materialet er for lite til å kunna seia om det er snakk om ei utvikling i tyding eller om funna er tilfeldige.

## 6.4 Bodibilding

Lånordet *bodibilding* har opphav i engelske *bodybuilding* (*body-building*), som kan omsetjast til norsk som *kroppbygging*, i tydinga «systematisk belastningstrening for å øke muskelvolumet» (Guttu 2005). *Bodibilding* er nemnd i 134 dokument i NKRJa-ak.

### 6.4.1 Bodibilding i russiske ordbøker over lånord

Eg har funne sju ulike definisjonar av *bodibilding* i russiske ordbøker over lånord.<sup>76</sup> I alle definisjonane er det vist at *bodibilding* er det same som, eller relatert til, *kul'turizm*. Hå Krysin (2001, 2010) er definisjonen slik: «*bodibilding* – det same som *kul'turizm*.»<sup>77</sup> Bunimovič og Krysin (2009) skil ut ei tyding der *bodibilding* er synonym til *kul'turizm*, i tillegg til ei anna tyding av *bodibilding*: eit system med øvingar med vekter; Hå Krysin òg den tilsvarande sporten. Zenovič oppgjev at *bodibilding* er «ein type friidrett, eit system med øvingar som er utvikla for å byggja opp volumet i ulike muskelgrupper og tilføra dei proporsjonalitet.»<sup>78</sup> Bunimovič skriv at *bodibilding* Hå kvinner blir utøvd «med spesiell sminke.»<sup>79</sup>

Definisjonane tyder på at *bodibilding* kan oppfattast som eit synonym til *kul'turizm* i somme, men ikkje alle høve. Krysin gjev merknad om at det ikkje finst fleirtalsform av *bodibilding*, noko dei andre ordbokforfattarane ikkje gjer.

<sup>76</sup> Krysin (2001, 2009, 2010), BISIS (2002), Bunimovič (2002), Zenovič (2002), Baš 2012.

<sup>77</sup> «То же, что и культуризм» (Krysin 2001).

<sup>78</sup> Вид атлетики, система упражнений, разработанная для наращивания объема и придания пропорциональности различным группам мышц (Zenovič 2002).

<sup>79</sup> у женщин — со спец. макияжем (Bunimovič 2002).

## 6.4.2 *Bodybuilding* i engelske ordbøker

*Bodybuilding* (*body-building*) er både i OED og Chambers definert som eit substantiv, og ikkje som form av eit verb. OED syner likevel at substantivet etymologisk kan førast tilbake til *body* og *building* frå verbet *to build*. I OED er *bodybuilding* definert som polysemisk:

1. The construction of vehicle bodies or bodywork
2. The development and strengthening of the human body; *spec.* (esp. in later use) the action or process of enlarging the muscles through a regime usually combining strenuous exercise with a specialized diet. (OED)

I Chambers er det definert ei einsarta tyding av *body-building*: 'physical exercise designed to develop the muscles and strengthen the body' (Chambers). Både definisjonen i Chambers og tyding 2 i OED er relaterte til utvikling og styrking av menneskekroppen. Slik eg ser det uttrykkjer tyding 2 i OED prosesstydinga bak substantivet *bodybuilding* klårare enn definisjonen i Chambers. I OED inneheld den spesialiserte tydinga orda *action* og *process*. I Chambers blir *body-building* skildra som ei *fysisk øving* som skal føra til bestemte resultat. Ei øving kan vera abstrakt eller konkret.

Russiske *bodibilding* ser ut til å liggja nært tydinga i Chambers og tyding 2 i OED, men eg har ikkje funne støtte for merknaden i OED si spesialiserte tyding, om at *bodybuilding* kan innebera ein spesiell diett. Bunimovič sin merknad om at målet med *bodibilding* er å byggja opp volumet i muskelgrupper og tilføra dei proporsjonalitet er heller ikkje nemnd i engelske ordbøker.

Tyding 1 i OED, som ein ikkje finn i Chambers og heller ikkje i dei russiske definisjonane som er nemnde, er relatert til bygging av køyrety.

## 6.4.3 *Bodibilding* i aviser frå 2000

Ordet *bodibilding*, kroppsbygging, er nemnd i 35 dokument i Integrum i perioden frå 1. juli til 31. desember 2000.

### 6.4.3.1 Bruk av *bodibilding* i materialet frå 2000

Eg har funne døme på bruk av *bodibilding* i tyding av å vera treningsform og idrettsgrein. I dømet er tittelen *verdsmeister i kroppsbygging (bodibilding)* nemnd. Her refererer *bodibilding* til idrettsgreina kroppsbygging:

- 6.46 Борис Шамраев привез из новозеландского города Крайстчерча титул абсолютного чемпиона мира по **бодибилдингу**, который он получил в борьбе с тремя сотнями конкурентов из 40 стран мира.



Kroppsbygging blir òg brukt for å referera til ein aktivitet, som her, etter verbet *zanimat'sja*:

6.47 Со штангой юноша был знаком и раньше - **занимался бодибилдингом**.

*Bodibilding* kan altså visa til aktivitet på amatørnivå eller profesjonelt nivå. Eg har ikkje funne skildringar av at kvinner utøver *bodibilding* med sminke, som i Bunimovič sin definisjon.

### 6.4.3.2 Konnotasjonar til *bodibilding*

I materialet frå 2000 er det somme døme der eg forstår konnotasjonar til modernitet ved bruk av *bodibilding*. Konteksten i det fyrste dømet er ei samanlikning av styrke hjå ein mannleg og ein kvinneleg atlet. I parantesen blir det nemnd at *bodibilding* er *på mote* hjå «det smukke kjønn»:

6.48 Кто сильнее -- женщина или мужчина? (...) А если взять двух атлетов экстра-класса -- ее и его? Одного роста, одного веса, с одинаково развитой мускулатурой (у прекрасного пола **бодибилдинг** давно в моде).

I dømet blir det vist til at det finst fysisk sterke kvinner. Ved å bruka det nye, moderne lånordet *bodibilding* underbyggjer forfattaren ei forståing av modernitet bak det at kvinner er fysisk sterke.

I neste døme er *bodibilding* nemnd som eitt av fleire uttrykk for menn si auka interesse for utsjånad og kropp. I seg sjølv er ordet *bodibilding* ein rein referanse til kroppsbygging. I konteksten blir det derimot klart at det ligg noko meir i *bodibilding* enn berre ein syssel: *bodibilding* er eitt av fleire symbol på ei auka interesse for utsjånad og kropp blant menn:

6.49 Социологи также отмечают растущий среди мужчин интерес к собственной внешности и телу: эстетическая хирургия, **бодибилдинг**, всевозможные имплантации и наращивания повсеместно распространены.

Bruk av ordet *bodibilding* kan i dei to døma over tolkast som ei utvikling av idealbiletet både av kvinner og menn, mot eit større fokus på kropp. Utover å referera til realia kan *bodibilding* ha funksjon av å vera eit moderne ord og omgrep, og eit uttrykk for modernitet.

For å undersøkje om det kan knytast ei tyding av modernitet til ordet i fleire tilfelle har eg vald å undersøkje konnotasjonar til *bodibilding* i eit større materiale frå 2000. Knyšev, som er intervjuet i dømet under, seier om *fitness-kluby*, treningssenter, at «vitjing av slike stader er snarare ei hylling av mote og eit spørsmål om prestisje enn reelt helsemessig utbyte». Knyšev seier at for han er *bodibilding* synonymt med *svekling*:

6.50 Андрей Кнышев, поэт: - По-моему, фитнес-клубы нужны больше женщинам. И вообще посещение таких мест – скорее, дань моде и вопрос престижа, нежели реальная польза здоровью. Я пытался ходить в такие клубы, но быстро остыл к ним. Сейчас бег, коньки, лыжи я предпочитаю занятиям для поддержания культуры тела. И вообще в слове "бодибилдинг" мне слышится слово "дебил". Но многие мои приятели и особенно приятельницы хвастаются, что ходят в тренажерные залы и очень ими довольны.

For Knyšev er *bodibilding* ikkje berre ein måte å halda seg i form på, men heng saman med den prestisjen som eit treningssenter er meint å gje. Knyšev ser ut til å spekulera i om det er konnotasjonane bak *bodibilding* og *fitness-kluby* som er viktige for dei som driv med det, medan sjølve aktiviteten kanskje er mindre viktig. *Bodibilding* har konnotasjonar til modernitet, men vurderinga av dette uttrykket for modernitet er negativ.

Under er *bodibilding* del av ein «vanvittig cocktail av fyll, kroppsbygging og sex». Dei ferierande «fortaper seg i ein avgrunn av fyll» med den nemnde cocktailen som ingrediensar. Her er ikkje *bodibilding* i fyrste rekkje knytt til noko moderne, men har negativ verdilading på grunnlag av konteksten:

6.51 «Многие отпускники погружаются в пучины опьянения безумным коктейлем из выпивки, бодибилдинга и секса.»

At *bodibilding* blir oppfatta som eit utslag av språkleg demokratisering og endring kjem fram i teksten under. Det blir kommentert at nye lånord som mellom anna *bodibilding* blir innført på TV, radio og i aviser. Forfattaren meiner at «fellesmenneskelege verdiar» (i hermeteikn) blir prakka på ein, og at det blir vekka russofobi i landet. Innføringa av lånorda blir skildra som negativ:

6.52 Нам навязывают "общечеловеческие ценности" и возбуждают в стране русофобию, стремясь подавить морально. В соответствии с поставленной целью, телевидение, радио, газеты изощряются в изобретении нового демократического языка, пытаются внедрить в обиходную речь слова вроде "саммита", "бодибилдинга", "провайдеров" и прочие "неологизмы".

Analysen syner at *bodibilding* kan ha konnotasjonar til noko moderne, med bakgrunn i dei realia det refererer til eller det lingvistiske uttrykket det representerer. Haldningar til *bodibilding* kjem fram gjennom positive eller negative evalueringar av realia bak ordet. Samstundes blir ordet i andre døme brukt nøytralt for å visa til referenten, som er ein idrett eller ein sportsleg aktivitet. Det er såleis ikkje mogleg å seia at *bodibilding* i seg sjølv er verdiladd.

### 6.4.3.3 Overført tyding

Eg har funne bruk av *bodibilding* i overført tyding i eitt døme, der *bodibilding* blir brukt metaforisk:

6.53 «Компьютеры увлеклись **бодибилдингом**»

Overskrifta «Datamaskinene har blitt interesserte i kroppsbygging» er ei personleggjering av datamaskiner: dei overtek kroppsbyggjarar sine eigenskapar. Teksten fortel at kroppsbygging er relatert til utsjånad. Medan kroppsbyggjarar endrar utsjånad ved å byggja musklar, har datamaskiner blitt prega av eit større fokus på design: «Ein kan ikkje utelukka at datamaskiner med tida vil vera tiltrekkjande ikkje så mykje grunna tekniske eigenskapar som grunna utsjånad.»<sup>80</sup>

### 6.4.3.4 Nærleggjande ord

I materialet frå 2000 har eg funne somme døme på at *kul'turizm* er brukt i same tekst som *bodibilding*, og eg har sett etter skilnader i bruksområde for orda. I dømet under er *kul'turizm* brukt som nemning på aktiviteten kroppsbygging, og det blir arrangert meisterskap i *bodibilding*:

6.54 Серьезные занятия **культуризмом** доступны только представителям весьма ограниченного круга профессий, в который журналисты, к сожалению, не входят. (...) Чтобы убедиться в этом, достаточно ознакомиться с проспектом любого чемпионата по **бодибилдингу**. Для остальных это занятие не более чем развлечение в свободное время, не вредное, но и мало полезное для здоровья.

I fylgjande døme er forholdet mellom orda omvendt, *kul'turizm* er nemninga på profesjonell idrett:

6.55 [O]н занимался и **бодибилдингом**, и кикбоксингом. (...) Следующая удача пришла лишь в 1986-м, когда Жан Клод (...) женился на двукратной чемпионке мира по **культуризму** Гледис Португез.

*Kul'turizm* og *bodibilding* ser ut til å kunna nyttast om einannan, og det ser altså ikkje ut til at *bodibilding* generelt er nemning på profesjonell idrett, medan *kul'turizm* er nemning på annan aktivitet. Margje Post (personleg kommunikasjon, 14.9.2012) har funne at *kul'turizm* er brukt i berre 27 dokument i NKRJa-ak, mot 245 treff på *bodibilding* i same materialet. Det kan vera tilfelle at *bodibilding* er meir brukt i russisk presse etter 2000 enn *kul'turizm*.

### 6.4.3.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2000

I materialet frå 2000 kan *bodibilding* vera nemning på ein aktivitet. Det kan ikkje uttrykkja tyding av hending, resultat av verbalhandling eller ei samling av fleire økter med verbalhandlinga.

---

<sup>80</sup> «Не исключено, что со временем компьютер будет привлекать не столько техническими характеристиками, сколько внешним видом.» (Integrum: Izvestija, 24.10.2000).

I materialet frå 2000 har eg ikkje funne bruk av *bodibilding* i fleirtalsform. Dette kan hengja saman med at det berre er førekomstar av *bodibilding* i tyding av *aktivitet*. *Bodibilding* uttrykkjer såleis ikkje noko naturleg avslutning: under *bodibilding* er det difor mogleg å forstå ateliske eigenskapar. Om ein driv med *bodibilding* ei stund, og så sluttar, har ein framleis drive med *bodibilding*.

#### 6.4.4 *Bodibilding* i aviser frå 2011

Materialet frå perioden frå 1. juli til 30. november 2011 utgjer 36 ulike dokument der *bodibilding* er nemnd.<sup>81</sup>

##### 6.4.4.1 Bruk av *bodibilding* i materialet frå 2011

Som i 2000 refererer *bodibilding* til idretten eller treningsforma kroppsbygging. Ein del av dokumenta inneheld ordet *bodibilding* som del av konstruksjonar med preposisjonen *po*. Nokre døme er *žurnal po bodibildingu*, *čempion po bodibildingu*, *sorevnovanie po bodibildingu*.

*Bodibilding* er òg brukt saman med verba *uvlekat'sja* og *zanimat'sja*. Dette er konstruksjonar som er vanlege i omtale av andre idrettsgreiner, som til dømes *futbol*. Konstruksjonar med ordet ser ut til å bli danna på grunnlag av konstruksjonar som alt eksisterer i språket, noko som kan uttrykkja at ordet er integrert i språket. Det er fleire døme på konstruksjonar med *po bodibildingu* i materialet frå 2011 enn i 2000. Dette kan vera tilfeldig, men det kan òg vera eit uttrykk for at ordet og realia i større grad har blitt integrert i russisk, som ei idrettsgrein.

##### 6.4.4.2 Konnotasjonar

Som i materialet frå 2000 blir *bodibilding* i nokre tilfelle forstått som noko moderne. I avsnitt 6.4.4.5 vil eg visa at *bodibilding* kan forståast som noko ein del av noko negativt, sjå dømet med Putin og *bodibilding*.

I andre døme frå 2011 kan ein forstå konnotasjonar til ein sunn eller balansert livsstil bak *bodibilding*. Eg har teke med eit utdrag frå presentasjonen av City SPA, som ligg i Estland. Det blir fortalt at det i Estland er «vanskeleg å finna eit menneske som ikkje driv med ein slags sport». Det kan vera snakk om *bodibilding*, pilates og yoga eller «ein heilt alminneleg sykkel»:

6.56 Вход в City SPA отдельный, и это понятно: посетители комплекса часто приходят в спортивных костюмах. Дело в том, что культура SPA в Эстонии развита мощно, даже в большей степени, чем в Швеции, самой спортивной стране Скандинавии. В Эстонии трудно найти человека, который не занимался бы каким-нибудь спортом, будь то **бодибилдинг**, пилатес, йога или же самый обыкновенный велосипед.

81 Det er utført søk i aviser som er trykte i Moskva, men ikkje i PDF-dokument.

*Bodibilding* kan assosierast med eit sunt, aktivt Estland. *Bodibilding* er ei av dei treningsformene som ikkje er like «alminneleg» som det å sykla, og ein kan forstå det som noko meir moderne enn tradisjonelle treningsformer.

Utdraget nedanfor er henta frå ei framstilling av terroristen Breivik som legg vekt på sider ved livet hans som viser at han tilsynelatande fungerte godt i samfunnet: han budde i ein prestisjefylt del av hovudstaden, dreiv med dykking og *bodibilding*, hadde ikkje pengeproblem og dreiv sitt eige selskap. *Bodibilding* ser her ut til å vera brukt som nemning på ein del av ein tilsynelatande balansert livsstil, som står i kontrast til terrorhandlingane hans:

6.57 Брейвик родился и жил в престижном районе норвежской столицы, занимался дайвингом и **бодибилдингом**, не испытывал проблем с деньгами, имел собственную компанию по выращиванию овощей.

*Bodibilding* kan altså forståast som eit uttrykk for eit balansert liv. Konnotasjonar til *bodibilding* ser generelt sett ut til å vera farga av ei vurdering av realia bak nemninga i positiv eller negativ retning.

#### 6.4.4.3 Overført tyding

I dømet under er det ikkje fyrst og fremst snakk om den direkte tydinga av *bodibilding*, men det blir gjeve råd av å tenkja seg om når det gjeld kva mål ein skal setja seg, og dette rådet blir formulert som at ein bør driva meir med utvikling av egoet (*egobilding*) enn med *bodibilding*, inneforstått at ein bør tenkja mindre på ytre kvalitetar og meir på indre kvalitetar, det vil seia personlegheitstrekk:

6.58 Студенту следовало бы взглянуть на свои потенциальные и реальные возможности, открыть нечто новое в себе, научиться более конструктивно взаимодействовать с людьми, определить свою роль в решении жизненных вопросов и создать программу по саморазвитию. Точнее ставить цели и находить пути их достижения, т.е. образно говоря — заниматься не столько <**бодибилдингом**>, сколько <эгобилдингом>.

#### 6.4.4.4 Nærleggjande ord

I materialet frå 2011 har eg ikkje funne døme på at *bodibilding* er forklart ved hjelp av ord som har nær eller synonym tyding.

#### 6.4.4.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2011

Òg i materialet frå 2011 har eg funne førekomstar av *bodibilding* i eintalsform, men ikkje i fleirtalsform. Dette kan igjen hengja saman med at *bodibilding* er ein *aktivitet* i dei treffa eg har sett på, eller del av eit uttrykk.

Marinova (2008:200) dokumenterer ei tyding av fleirtalsforma av *bodibilding* som *ein person som driv med bodibilding*. I fylgjande døme har eg undersøkt om ei slik tyding kan ha gått over til eintalsforma av ordet:

6.59 Все эти мохнатые и чешуйчатые зверушки, которых Путин целует в живот. Этот смехотворный **бодибилдинг** с переодеванием во время рыбалок и купаний, который должен пленить тоскующих без мужчин одиноких женщин. (...) Зачем так презирать свой народ, думая о нём, как о бессмысленной и безмозглой массе?

Dette er, som nemnd, døme på ei negativ forståing og ei latterleggjering av *bodibilding*. Slik eg ser det, forstår forfattaren det slik at folket blir framstilt som ei tanke- og hjernelaus masse, og *bodibilding* er brukt som eit middel for å få grep om folket. På denne måten kan ein seia at Putin undervurderer folket, gjennom blant anna *bodibilding*.

*Bodibilding* kan her forståast som den veltrente kroppen som er resultat av aktiviteten *bodibilding*, men ved referanse til *bodibilding* som ein person eller kropp hadde det ikkje vore mogleg å modifisera ordet med *s pereodevaniem* (med av- og påkledning), og *bodibilding* har såleis fyrst og fremst tyding av *aktivitet*. Ein kan altså ikkje seia at *bodibilding* har ei rein tyding av å referera til *person*, eller til *resultat av verbalhandlinga*. Ei tyding av *bodibilding* som person er heller ikkje funne i resten av materialet, men ein kan ikkje utelukka at den kan finnast i anna materiale enn det eg har teke føre meg.

#### 6.4.5 Bodibilding i 2000 og 2011

Eg har stort sett funne dei same tydingane hjå ordet *bodibilding* i russiske ordbøker over lånord og i avistekst: ordet har tyding av ein aktivitet eller ein idrett. Eg har ikkje funne teikn til at *bodibilding* blir utøvd på ein spesiell måte for kvinner.

I materialet frå Integrum frå 2000 og 2011 har eg funne bruk av *bodibilding* som kan forståast som uttrykk for noko moderne, i positiv eller negativ forståing. Ordet opptre i somme høve som eit mogleg uttrykk for eit endra kroppsideal for menn og/eller kvinner. Sjølv om *bodibilding* ikkje er av dei nyaste ing-orda er det ein mogleg formidlar av ein moderne, ny handling. Den positive eller

negative forståinga av ordet er knytt til talaren si evaluering av realia bak ordet. I ein del andre døme har ikkje *bodibilding* konnotasjonar. Det er såleis ikkje mogleg å seia at ordet i seg sjølv uttrykkjer positiv eller negativ verdilading.

Bruk av *bodibilding* i overført tyding ser ikkje ut til å vera utbreidd: det er eitt døme på dette frå 2000 og eitt frå 2011. I materialet frå 2000 er det døme på at ordet blir forklart ved hjelp av *kul'turizm*, medan det ikkje er døme på liknande forklaringar frå 2011. Dette kan vera eit teikn på at det er mindre behov for forklaring av ordet i 2011, men funna mine kan vera tilfeldige.

Ordet *bodibilding* uttrykkjer i materialet mitt ein *aktivitet*, og blir ikkje brukt for å uttrykkja ei einskild hending. *Bodibilding* blir i mitt materiale ikkje brukt i fleirtal med nyansar i tyding som *ulike former for bodibilding* eller *fleire utøvarar av bodibilding*, så der skil funna mine seg frå Marinova (2008:200,205f.) sine funn. Eg har heller ikkje funne tydinga *varietet av bodibilding* i eintalsform. Det er mogleg at den tydinga som fleirtalsforma av ordet uttrykkjer ikkje er utbreidd. Eit søk på Google stadfester at fleirtalsform i alle fall er i bruk i russisk, og det kan vera tilfeldig at fleirtalsform av ordet ikkje har dukka opp i mine treff.

## 6.5 *Lifting*

Lånordet *lifting* har opphav i engelske *lifting*, og kan i den mest utbreidde tydinga i russisk omsetjast til norsk som *andletslyfting*. *Lifting* er det ing-ordet som finst i færrest dokument i NKRJa-ak, berre 41 dokument. *Lifting* har få treff òg i Integrum, særleg i 2000. Søkjematerialet er som fylgje av dette mindre i 2000 enn det er for dei andre ing-orda i undersøkinga.

### 6.5.1 *Lifting* i russiske ordbøker over lånord

Eg har funne definisjonar av *lifting* i fem ordbøker over lånord.<sup>82</sup> Felles for alle definisjonane er målet med *lifting*, som er definert som å oppnå at huda blir lyfta, å fjerna rynker eller bår delar. Zenovič og Krysin understrekar at ordet høyrer til fagfeltet kosmetologi. Dette kan tyda på at dei forstår *lifting* som eit ord frå ein spesialisert del av språket.

Eit skilje mellom definisjonane i ordbøkene går ut på gjennomføring av *lifting*. Krysin knyt *lifting* til kirurgi. Om du utfører *lifting*, gjennomgår du «innan kosmetologi: ein kirurgisk operasjon som

---

82 Bunimovič (2002), Zenovič (2002), Krysin (2009, 2010), Šagalova (2009).

inneber å strekkja huda og fjerna rynker i andletet, med mål om forynging». <sup>83</sup> Šagalova sin definisjon syner at *lifting* tvert imot blir gjennomført «...oftast gjennom ikkje-kirurgiske metodar (som resultat av bruk av spesielle masker og kremar, stimulering av musklane ved hjelp av elektrodar og liknande)». <sup>84</sup>

Skilnaden mellom *lifting* som operasjon og ikkje-operasjon gjev bakgrunn for ulike forståingar av om substantivet er teljeleg eller ikkje, og om ein kan forstå noko telisitet bak handlinga *lifting* uttrykkjer. Når *lifting* er utført ved hjelp av ikkje-kirurgiske midlar kan *lifting* tenkjast å gå føre seg over eit uavgrensa tidsrom, utan naturleg avslutning. Så sant metodane verkar er det då tenkjeleg at ein kan oppnå *lifting* i ulik grad (såkalte *degree achievements*, sjå Hay m. fl. 1999). Denne typen *lifting* ber teikn av atelisitet: dersom *lifting* blir avbroten, har ein likevel oppnådd og utført *lifting*. *Lifting* er eit uteljeleg substantiv: ein kan utføra prosessen *lifting* over ei viss tid, men ein kan ikkje utføra fleire *lifting*. Ei forståing av telisitet er tenkjeleg i tilfelle der *lifting* er ein kur eller eit produkt. I slike tilfelle vil *lifting* ha ei indre grense på same måte som operasjonar, og det vil vera mogleg med ei fleirtalsform av ordet.

Der *lifting* er nemning på ein kirurgisk operasjon, som hjå Krysin, kan ein forstå ei naturleg avgrensing i tid. Ein kan tenkja seg ei eller fleire *lifting*. Handlinga bak *lifting* kan då, prototypisk, forståast som telisk. Hjå Bunimovič er *lifting* òg ein operasjon. Bunimovič uttrykkjer spesielle forventingar til *lifting*: «resultata av denne kosmetiske operasjonen varer inntil ti år.» <sup>85</sup> Bunimovič ser ut til å forstå *lifting* som ei telisk handling: den er avgrensa i tid, og den gjev resultat. Om det kan utførast éin operasjon, burde det i tillegg vera mogleg å utføra fleire operasjonar – fleire *lifting*, men Krysin sin definisjon gjev merknad om at ordet ikkje har fleirtalsform.

### 6.5.2 *Lifting* i engelske ordbøker

Det russiske lånordet *lifting* har opphav i engelske *lifting*, som er ei form av verbet *to lift* (Chambers, OED) eller òg eit substantiv (OED). *Lifting* kan i somme tydingar omsetjast til norsk som *lyfting*, *lyft*. I både OED og Chambers er det definert ei rekkje tydingar av verbet *to lift*, og eg vil visa den tydinga som er lånt til russisk. <sup>86</sup>

---

83 В косметологии хирургическая операция по подтягиванию кожи и устранению морщин на лице с целью его омоложения (Krysin 2009).

84 ... чаще нехирургическими методами (в результате применения специальных масок и кремов, стимуляции мышц при помощи электродов и т.п.) (Šagalova 2009).

85 результаты этой косметич. операции сохраняются до 10 лет (Bunimovič 2002).

86 For fleire tydingar av *to lift*, sjå OED og Chambers.



*To lift* blir i ei av tydingane i OED (tyding 1g) definert som synonym til verbet *to face-lift*, i direkte og overført tyding. I Chambers opptrer verbet *to lift* berre i eit uttrykk der det er knytt til andletslyfting: «to have one's face lifted: to have a facelift» (Chambers). *To lift* blir berre brukt i denne tydinga når det er del av det nemnde uttrykket. *To face-lift* har i OED fylgjande definisjon:

*trans.* To subject to a face-lifting operation or process (...). Chiefly in extended use: to redesign, refurbish (something).

Definisjonen over syner at *face-lifting* er attributt i nomenfraser med *operation* eller *process*, og ikkje har substantivert tyding i seg sjølv. Substantivet *lifting* er i OED definert med tre relaterte tydingar, der to av dei kan forståast som spesialisert bruk av språket.<sup>87</sup> Den tredje tydinga er:

«The action of *lift* v. in various senses» (OED).

Den sistnemnde tydinga syner at *lifting* kan opptre som eit verbalsubstantiv med tydingar som *to lift* òg inneheld. I og med at verbet *to lift* kan brukast i tydinga *to face-lift* opnar definisjonane i OED for at *lifting* kan vera eit verbalsubstantiv som inneheld handlinga *to face-lift*. Å driva med *lifting* kan då vera å driva med prosessen andletslyfting.

Den tydinga av *lifting* i russisk som er nedteikna i russiske ordbøker fell saman med tydinga til substantivet *facelift* i OED, som er definert slik:

1. A cosmetic surgical operation to remove unwanted wrinkles by tightening the skin of the face. 2. *fig.* and in extended use. A procedure carried out to improve the appearance of something; a redesign or refurbishment. (OED)

Medan det berre er den fyrste av desse tydingane som er lånt til russiske ordbøker vil eg visa at den andre tydinga òg er i bruk i russisk presse. Det kan vera ulike grunnar til at det er *lifting*, og ikkje (*face-*)*lift* som har blitt lånt til russisk. Ei mogleg forklaring er at det allereie eksisterer eit lånord *lift* i russisk. Dette burde likevel ikkje hindra tilkomsten av eit homonym *lift* i russisk, eller av *facelift*. Ei anna mogleg forklaring på at ing-forma har blitt lånt til russisk er etter mi meining analogi. Marinova (2008:201) hevdar at alle abstrakte ing-ord har tyding av prosess. Ei generell forståing av prosess hjå abstrakte ing-ord eller hjå ing-ord generelt, eventuelt blant språkbrukarar som har kunnskapar i engelsk, kan ha ført til at ein har vald å låna ing-forma av det engelske verbet òg for *lifting*, i staden for *lift*, sidan *lifting* inneber ein prosess.

---

<sup>87</sup> The raising of sick or weak cattle to enable them to stand; In competitive walking, the raising of the rear heel before the front foot touches the ground. (OED)

### 6.5.3 *Lifting* i aviser frå 2000

Eg har undersøkt alle førekomstar av *lifting* i *central press* Integrum i 2000, til saman 16 dokument. Talet er forholdsvis lite, og syner at ordet ikkje er omtalt i pressa i like stor grad som andre ord i undersøkinga i 2000.

#### 6.5.3.1 Bruk av *lifting* i materialet frå 2000

Dei russiske ordbøkene over lånord varierer mellom å definera *lifting* som operasjon og som anna slags prosedyre. Eg har funne døme på både delar i mitt materiale. I fylgjande døme er *lifting* nemning på ein operasjon:

6.60 - На что идут после коррекции век? - Второй по популярности по-прежнему остается круговая подтяжка лица. Кстати, именно ее называют **лифтингом**.

I fylgjande døme er det uttalt at *lifting* er eit alternativ til operasjonar:

6.61 Нынешние косметологические новшества способны заменить некоторые виды пластических операций. Например, положительный результат часто приносит **лифтинг** с витамином С (альтернатива круговой подтяжке).

I dømet er det uttrykt at *lifting* ikkje er noko operasjon: det er eit alternativ til *krugovaja podtjazka*. Det er like fullt noko som gjev resultat. Materialet syner òg at *lifting* kan brukast i konkretisert tyding, som namn på ein type hudkrem. *Lifting* kan vera del av namnet på hudkremen, som *Sijajuščij lifting*, eller del av samansetjinga *krem-lifting*. Blant døma mine har eg ikkje funne døme på at *lifting* åleine kan vera nemning på ein hudkrem.

*Lifting* har ei tyding relatert til køyrety i to av dokumenta frå 2000, som i dette dømet:

6.62 К тому же для 4 Runner выпускается огромный ассортимент дополнительного оборудования. От всяческих подножек-"кенгуринов" до лебедок и комплектов для **лифтинга** и принудительных блокировок мостов.

Den tydinga som er relatert til køyrety er ikkje dokumentert i dei ordbøkene eg har undersøkt.

#### 6.5.3.2 Konnotasjonar

*Lifting* i den tydinga som er relatert til kosmetikk ser ut til å vera knytt til del av ein moderne livsstil. I den grad *lifting* har verdilading i materialet står det i samband med evaluering av realia bak nemninga. I dømet under blir det danna eit portrett av ei kvinne som er oppteken av å ta vare på seg sjølv. Kvinna drikk kefir, et frukt, går til hudpleiar, og ho har fått utført *lifting*. Portrettet som

blir danna av kvinna kan tolkast som positivt, idet det viser at ho bryr seg om kroppen sin. Portrettet kan òg tolkast negativt, dette er avhengig av lesaren si evaluering av kvinna sin livsstil.

6.63 Наташа тщательно следила за собой. Склонная к полноте, она ограничивала свой дневной рацион обезжиренным кефиром и фруктами. Бегала как сумасшедшая по косметологам, узрев на лице подобие морщинки. Даже сделала **лифтинг**, чтобы не казаться старше своих "двадцати пяти".

*Lifting* ser i dette og andre døme ut til å vera knytt til det å framstå som ung eller ungdommeleg. Det er likevel ikkje naudsynleg knytt konnotasjonar til *lifting*, som òg ser ut til å vera brukt berre med rein referanse til realia, for å visa til *lifting*, andletslyfting.

### 6.5.3.3 Bruk i overført tyding

I dømet under er *lifting* brukt i overført tyding om fornying av orkesteret *Virtuozы Moskvy*. *Lifting* kan forståast som drastiske midlar for å oppnå fornying. *Lifting* er her nemnd ved sidan av *kosmetičeskie operacii*. Dette kan forståast som om *lifting* er noko anna ein ein kosmetisk operasjon. Dømet viser at *lifting* kan vera ein måte å framstå som yngre på:

6.64 - Теперь РНО - ваше любимое дитя, тогда как "виртуозы" ушли на второй план... - Разве можно сказать, какого ребенка больше любишь первого или второго? - Первый ребенок, как я слышал, сильно помолодел... - Да, причем это произошло без **лифтинга** и без различных косметических операций. Просто пришли по конкурсу молодые люди, они хорошо играют, вжились в оркестр и работают быстрее.

Det kan her føreliggja ei forståing av *lifting* og kosmetiske operasjonar som noko konstruert eller kunstig, til skilnad frå det at flinke musikarar byrjar i orkesteret og gjer orkesteret yngre, som er situasjonen i dømet.

### 6.5.3.4 Nærleggjande ord: *lifting* og *podtjažka*

*Lifting* kan fungera som synonym til *podtjažka* (*koži*), eller det kan vera differensiert mellom *lifting* og *podtjažka*. I dømet under er *podtjažka koži* brukt som forklaring på lånordet *lifting*, og dei to orda kan oppfattast som synonyme:

6.65 Для женщин бальзаковского возраста спасением от старости часто становится **лифтинг** (подтяжка кожи). После него исчезают морщины, кожа зрительно молодеет на добрый десяток лет.

I dømet under opptrer *lifting* derimot som eit hyponym til *podtjažka*:

6.66 - На что идут после коррекции век? - Второй по популярности по-прежнему остается круговая подтяжка лица. Кстати, именно ее называют **лифтингом**. Именно она дала начало целому ряду манипуляций с лицом без хирургического вмешательства.

*Krugovaja podtjažka lica* er i det siste dømet synonymt med *lifting*. Ein kan forstå det slik at det finst ulike typar *podtjažka*, mellom anna *lifting*, som uttrykkjer *andletslyfting*. Ein slik differensierande prosess blir av Ermakova (2008:49ff.) kalla hyperonymisering. Det at eit lånord, som *lifting*, opptreer som hyponym til eit russisk ord er ifylgje henne ikkje uvanleg.

Døme frå artikkelen *Lica sterty, kraski tuskly* viser at forholdet mellom *lifting* og *podtjažka* kan vera uklårt. I denne artikkelen blir *lifting* brukt i tre setningar:

6.67 а) Читатели "Профиля" уже знакомы с некоторыми методами омоложения лица (см. N11 за этот год). Это **лифтинг** (круговая подтяжка), удаление избытков ткани в области верхних и нижних век, вживление "золотых нитей", лазерная дермабразия (шлифовка верхних слоев кожной ткани), а также устранение морщин при помощи ботекса, рестилайна и других подкожных наполнителей.

б) По словам президента Центра косметологии "ОстМедКонсалт" Ольги Цукановой, одна [маска Эксодерм] заменяет круговой **лифтинг**, подтяжку верхних и нижних век и лазерную шлифовку лица вместе взятые.

в) Растительные экстракты способствуют также **лифтингу** (подтяжке) кожи.

Her er det mogleg at forfattaren ikkje har eit skilje mellom *lifting* og *podtjažka* klårt føre seg, og oppfattar tydinga til orda som nær synonyme. I døme a) er *krugovaja podtjažka* brukt som forklaring og synonym til ordet *lifting*. *Lifting* er altså ein meir spesifikk variant av *podtjažka*. I døme b) er adjektivet *krugovoj* brukt for å spesifisera *lifting*. Dette kan uttrykkja at *lifting* kan spesifiserast ytterlegare, og at det finst fleire typar *lifting*, men det kan òg uttrykkja at *lifting* og *podtjažka* kan brukast synonymt. Det kan tenkjast at grunnen til at *krugovoj* blir nemnd er at det føreligg eit ynskje hjå forfattaren om å gje ei forklaring for kvar gong *lifting* blir nemnd, og å variera desse forklaringane. I døme c) er *podtjažka* brukt som forklaring og synonym til *lifting*. Her er *lifting* tilsynelatande eit synonym til *podtjažka*. Bruken av gjentekne forklaringar til *lifting* kan vera eit uttrykk for at forfattaren vurderer ordet som ukjend, eller sjølv ikkje er klar over eventuelle skilnader mellom orda.

### 6.5.3.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2000

I materialet frå 2000 har eg funne *lifting* i tyding av ein aktivitet og ei hending. I døme der *lifting* er ein operasjon er *lifting* òg ei hending. Det er eitt treff i materialet frå 2000 der *lifting* er brukt i fleirtalsform, i nettopp denne tydinga:

6.68 "Если заботиться о своем организме начинают только после сорока, то вряд ли удастся обойтись без помощи пластического хирурга, многочисленных **лифтингов** и прочих подтяжек,-- утверждает представитель 'Академии научной красоты' врач-косметолог Елена Антия.

I det nemnde dømet er *lifting* eit teljeleg substantiv, og står i fleirtalsform. I tydinga *operasjon* kan ein forstå ei naturleg avslutning for verbalhandlinga bak ordet, og difor ei tyding av telisitet. Handlinga kan gjentakast gjennom at ein utfører *fleire* operasjonar – fleire hendingar.

I dømet under har *lifting* òg ei tyding av telisitet. Her er *lifting* ein prosess som er utført av kirurgar. Prosessen er avgrensa i tid, og kan difor kallast ei *hending*. I laupet av *lifting* utfører kirurgane ei handling: dei får musklane til å slappa av. Dette blir gjort før hendinga *lifting* er ferdig, altså har *lifting* ei naturleg avslutning – når kirurgane ikkje lenger utfører den nemnde handlinga.

6.69 Обычно хирурги используют возможность ослабить во время **лифтинга** мышцы, ответственные за появление на лбу горизонтальных и вертикальных морщин...

*Lifting* kan òg brukast med *atelisk* tyding, som nemning på noko som fører til resultat i større eller mindre grad. Om *lifting* blir avbroten, vil det i slike tilfelle framleis ha gått føre seg *lifting*. Dette ser ein i det tidlegare nemnde dømet:

6.70 Растительные экстракты способствуют также **лифтингу** (подтяжке) кожи.

Her er *lifting* meir å rekna som ein aktivitet enn som ei handling. Det ser ut til at *lifting* kan vera nemning på ein operasjon eller prosedyre som er avgrensa i tid og kan gjentakast, men òg på ei samling av fleire økter med verbalhandlinga bak *lifting*, som gjev gradvise resultat, jamfør Hay m. fl. (1999).

Eg har operert med eit materiale på berre 16 dokument frå 2000, og berre eitt av desse dokumenta syner bruk av *lifting* i fleirtalsform. Det er naudsynt med eit større materiale for å kunna avgjera om ei fleirtalsform av *lifting* er vanleg, og om den kan uttrykkja fleire tydingar enn den av operasjon.

#### **6.5.4 *Lifting* i aviser frå 2011**

Eg har undersøkt 36 dokument frå perioden 1. mai til 31. desember 2000 som inneheld førekomstar av *lifting*.

##### **6.5.4.1 Bruk av *lifting* i materialet frå 2011**

Som i materialet frå 2000 har eg i 2011 funne tydingar av *lifting* både med tyding av aktivitet og hending, som nemning på operasjon og andre prosedyrar. Ei tyding eg har funne i 2011-materialet, men ikkje i 2000-materialet, er *lifting* som resultatet av prosessen *lifting*. Denne vil eg visa i avsnitt

6.5.4.2 og 6.5.4.5. I materialet frå 2011 er det òg ein del førekomstar av *lifting* i overført tyding, som eg vil diskutera under. Som i 2000 har eg funne eit par tilfelle der *lifting* er brukt innan køyrety-terminologi.

Materialet viser at *lifting* i 2011 dannar ei rekkje samansetjingar.<sup>88</sup> *Lifting* er i dei fleste orda førestilt i samansetjinga, som til dømes i *lifting-dieta*:

6.71 Как вариант можно использовать диету Николаса Перриконе, т. н. диету для кожи или **лифтинг-диету**. Доктор Перриконе утверждает, что его диета не только избавляет от лишних килограммов, но и разглаживает морщины!

Det store talet på samansetjingar kan tyda på ei utvikling av realia bak nemninga *lifting*: at det har kome fleire middel på marknaden som skal føra til andletslyfting eller ein effekt av andletslyfting, men dette har eg ikkje undersøkt spesielt.

### 6.5.4.2 Konnotasjonar til *lifting*

I fylgjande døme er *lifting* noko ein kan observera: det er med i skildringa av ein kvinnekropp. Difor må *lifting* vera resultatet av prosessen *lifting*. *Lifting* blir nemnd som ein av fleire ting som står i kontrast til ei *verkeleg sexy kvinne*, og blir forstått negativt. Som i døma frå 2000 er det her snakk om ei evaluering av realia bak ordet:

6.72 В наше время стало невероятно трудно найти по-настоящему сексуальную женщину. Этот **лифтинг**, губы, которые надувают до невероятных размеров, лица, как маски (из-за пластики), не имеют отношения к эротике.

*Lifting* utgjer i dømet ein del av forståinga av kunstig venleik.

### 6.5.4.3 Overført tyding

I materialet frå 2011 har eg funne døme på at tydinga av *lifting* kan tolkast som anten overført eller ei ny tyding. I fylgjande døme vil *social'nyj lifting* seia *heving av livskvalitet*:

6.73 Сейчас одна из ключевых задач социального **лифтинга** в России — это вложение символического капитала (репутации, престижа) в указанные жизненные траектории, повышение «социальной капитализации» таких судеб. Иначе говоря, необходимо расширить поле тех социальных позиций, которые воспринимаются широкими слоями населения как престижные и элитные.

Det er mogleg å forstå *social lifting* som ei heving av same type som andletslyfting: *social'nyj lifting* skal få ein til å sjå betre, yngre og friskare ut. I større grad er det òg eit *løft*, på same måte

---

<sup>88</sup> *lifting-krem/krem-lifting*, *lifting-effekt* (og *effekt liftinga*), *lifting-dieta*, *lifting-kompleks*, *3D-lifting*, *lifting-maska*, *lifting-formula*, *lifting-syvorotka*, *lifting-programma*

som hud blir lyfta under ein kosmetisk operasjon eller prosedyre. Likevel ligg tydinga fjernt frå *andletslyfting*: *social'nyj lifting* inneber å klatra på rangstigen. *Lifting* er ikkje brukt på denne måten i andre dokument eg har sett på. Ut frå materialet mitt er det difor ikkje mogleg å seia om det her er snakk om ei ny tyding eller ikkje.

I det neste dømet er kyrkja samanlikna med ei kvinne som treng *lifting*. Her er det ei klår kopling til tydinga av *andletslyfting*. Dømet syner at *lifting* inneber forynging, og med dette òg fornying:

6.74 Церковь сегодня, простите за сравнение, напоминает даму не первой молодости, которой нужен **лифтинг**.

Ein av artiklane eg har undersøkt har namnet *Kadrovyy nedolifting*. Overskrifta kan omsetjast som «Mangel på fornying i personalet». I artikkelen finn ein fylgjande utdrag:

6.75 Совсем беда с кадрами у либералов. "Яблоко", накануне выборов вытаскивающее из рукава Григория Явлинского, который даже в лучшие годы проигрывал все, что мог, выглядит уже просто жалко. "Правое дело", заявившее перед съездом Аллу Пугачеву и Александра Любимова (вот уж новые лица-то, давно не виделись), смотрится еще более странно: все мы любим Примадонну, но неужели из случая с Плющенко нельзя извлечь уроки? Все это похоже на **лифтинг**, который делается лет в 90 от отчаяния, - вроде и результат какой-то есть, но на 25 все равно не выглядишь, как ни старайся.

Samanlikninga i dette dømet liknar det førre dømet: noko eller nokon treng fornying. Den kreative nydanninga *nedolifting* frå overskrifta er sett saman av *lifting* og prefikset *nedo-* (*ne-do-*). Dette prefikset kan kallast *verbalt* (Townsend 1975). Det semantiske innhaldet i *nedolifting* er *mangel på fornying*. At det blir brukt eit verbalt prefiks saman med *lifting* indikerer at forfattaren forstår ei verbalhandling bak *lifting*.

*Lifting* og *fejs lifting* blir brukt i overført tyding for å visa til fornying innan bilterminologi. Eg har slått opp *fejslifting/fejs lifting*, og funne ut at *fejslifting/fejs lifting* utelukkande er brukt i relasjon til køyrety i september/oktober 2011<sup>89</sup>:

6.76 Маттин в первую очередь займется обновлением Lada Calina. Кроме того, "**фейс лифтинг**" не помешает и внедорожнику Lada 4x4".

*Fejslifting/fejs lifting* er likevel relaterte til *andletslyfting*, ved at båe delar syner til ein slags fornying. Difor kan ein seia at det er snakk om overført tyding av *lifting*.

---

89 Altså kan ein kritisera mitt val om å slå saman *lifting* og *fejslifting* i lista over ing-ord frå NKRJa-ak, men det er samstundes diskutabelt om *fejslifting* syner noko frittståande tyding.

#### 6.5.4.4 Nærleggjande ord

I materialet frå 2011 har eg ikkje funne døme på at *lifting* er brukt saman med *podtjažka*, som i 2000, men det er eitt døme der *lifting* er forklart med ordet *vyvešivanie*, opphenging:

6.77 Реставрация идет путем **лифтинга**, или "вывешивания": все семь ярусов церкви будут отделены друг от друга специальными металлическими конструкциями, что даст возможность поочередно извлекать для переборки отбракованные бревна при помощи технических домкратов.

Dømet syner ein bruk av *lifting* som kan vera ei ny tyding av ordet. Det ser her ut til å vera tale om fysiske, vertikale lyft som ikkje er relaterte til fornying eller forynging, men til praktisk utføring av ein jobb: restaurering av ei kyrkje. Tydinga kan vera eit sekundærlån frå den mest utbreidde tydinga til *to lift* i engelsk: det å lyfta, altså flytta noko i vertikal retning. Denne tydinga av *lifting* ser ut til å vera sjeldan: den er berre observert i eitt av dei 36 dokumenta eg har undersøkt frå 2011. Eg har ikkje funne døme på at andre nemningar enn *vyvešivanie* er brukte som forklaring på *lifting* i 2011.

#### 6.5.4.5 Ei utforsking av band mellom ing-ordet og verb i materialet frå 2011

Som i 2000 har eg funne tyding av *hending* og av *aktivitet* bak bruk av *lifting*. Ei tyding eg har funne i 2011-materialet, men ikkje i 2000-materialet, er *lifting* som resultatet av prosessen *lifting*. I dømet under er *lifting* resultatet av behandlingar ein går gjennom:

6.78 Грамотно проведенная аппаратная чистка кожи с помощью ультразвука не только глубоко очищает загрязнения, не травмируя кожу, но и нормализует pH кожи, стягивает поры и обеспечивает стойкий **лифтинг**.

I og med at materialet mitt både frå 2000 og 2011 er avgrensa, er det ikkje mogleg å seia at det er i denne perioden det har utvikla seg ei tyding av *lifting* som resultatet av prosessen *lifting*. Det er mogleg at denne tydinga òg har eksistert tidlegare.

Fleirtalsforma av *lifting* i materialet frå 2011 uttrykkjer, som i 2000, fleire operasjonar eller prosedyrar, altså fleire hendingar av *lifting*:

6.79 Да вышло по-другому. Зашевелилась Рублевка. Львицы светские от **лифтингов** и СПА оторвались и взгляд свой томный на героя нашего сосредоточили.

Fire av dokumenta i materialet frå 2011 inneheld fleirtalsformer av *lifting*. I dei ulike døma på bruk av fleirtalsform frå 2000 og 2011 kan tyda *fleire lifting* eller *ulike typar lifting*, her er det mogleg å gjera ulike tolkingar. Eg meiner likevel at tydinga *ulike typar lifting* og tydinga *fleire hendingar lifting* har til felles at dei er fleire enn ei hending som ein kan ha fleire av. I eitt døme frå 2011 er det



klårt at *lifting* kan vera ei hending som er avgrensa i tid i tilfelle der det er ikkje er snakk om operasjon, men ein annan type prosedyre:

6.80 Так, стандартный уход за телом включает глубокое очищение кожи, ручной или аппаратный пилинг, тонизацию, массаж, питательную или увлажняющую маску или **лифтинг** - все это в зависимости от задач, которые стоят перед косметологом.

### 6.5.5 *Lifting* i 2000 og 2011

Materialet mitt viser at *lifting* blir brukt som nemning på ein *operasjon* eller ein annan prosedyre i både 2000 og 2011, så vel som å vera nemning på ein hudkrem eller ein aktivitet. I 2011 er det langt fleire døme på at *lifting* blir brukt i samansetjingar enn i 2000. Det er dessutan meir bruk av *lifting* i overført tyding.

Både i ordbøker og i avistekst er det mogleg å finna at handlinga bak *lifting* kan vera telisk eller atelisk, at det kan vera eit teljeleg eller ikkje-teljeleg substantiv. Ei telisk forståing av *lifting* er mogleg der *lifting* er nemning på ei hending. Der *lifting* har tyding av aktivitet er det mogleg både med ei telisk og ei atelisk forståing, avhengig av om ein kan forstå ei naturleg avslutning for handlinga eller ikkje. I 2011 fann eg ei tyding av *resultatet av prosessen lifting* som eg ikkje fann i 2000. Denne tydinga kan ha utvikla seg i laupet av perioden, og representerer i så fall ein ny type utslag av verbalhandling. I 2011 er det fleire tilfelle av *lifting* i fleirtalsform, men talet på *lifting* i 2000 er lågt, og det er difor ikkje mogleg å seia sikkert om det har skjedd ei utvikling eller ikkje.

Materialet mitt kan tyda på at det er ei utvikling frå 2000 til 2011 når det gjeld ulike tydingar av *lifting*. Den terminologiske tydinga av *lifting* som er relatert til køyrety er ikkje dokumentert i russiske ordbøker over lånord, men finst i Integrum. Dette gjeld òg den tydinga der *lifting* er synonymt med *vyvešivanie*.

I materialet har eg i 2000 funne døme på at *lifting* kan bli forstått som del av ein moderne livsstil, og både i 2000 og 2011 har eg funne at *lifting* kan opplevast som kunstig. Evalueringar av *lifting* kan vera positive eller negative, eller dei kan vera nøytrale. Nikolaeva (2008) meiner det kan knytast ei forståing av *prestisje* ved ing-ord, og at denne er knytt til at gjerne ikkje alle kjenner tydinga av dei. I analysen av *lifting*, men òg av ein del av dei andre orda, har eg funne døme på ei mogleg forståing av *prestisje* bak bruk av ordet, men orda blir òg brukte utan ei slik tyding. Endringar i ord si verdilading er ifylgje Ermakova (2008:69) eit uttrykk for ei nyorientering i det russiske samfunnet og ei endring av verdiar. Ing-ord kan tenkjast å ta del i denne nyorienteringa.

## 6.6 Samanfating av resultat frå kapittel 6

I den fylgjande tabellen har eg summert opp funn frå kapittel 6. Tabellen inneber ei forenkling av resultatata, og for å få eit fullstendig bilete av analysen vil eg rå lesaren til å lesa tabellen saman med resten av kapittel 6. Punkt 10-15 syner til informasjon frå underkapitla 6.x.3.5, 6.x.4.5. Tala i parantes syner elles til dei underkapitla der ein kan finna utdjupande informasjon.

		<i>rejting</i> (6.1)	<i>kasting</i> (6.2)	<i>trening</i> (6.3)	<i>bodibilding</i> (6.4)	<i>lifting</i> (6.5)
1	treff i dokument i NKRJa-ak (2000-2008) (6.x)	6917	569	456	134	41
2	absolutte tal i Integrum for heile 2000-2008-2011, når 2000 = 1 (4.3.2)	1 – 3 – 4,5	1 – 12 – 20	1 – 6,5 – 6,5	1 – 2 – 2,4	1 – 3 – 6,5
3	ei eller fleire tydingar i engelske ordb. som ikkje finst i russiske ordb. (6.x.1, 6.x.2)	ja	ja	ja	ja	ja
4	ei eller fleire tydingar i russiske ordb. som ikkje finst i engelske ordb. (6.x.1, 6.x.2)	ja, «grad av popularitet»	ja, «utveljing av kva eller kven som helst»; «utveljing av jenter til catwalk»	nei	nei	ja, «andletslyfting»
5	tyding i Integrum som ikkje finst i russiske ordbøker (6.x.3, 6.x.4)	nei	nei	2011: mogleg spesialisert bruk innan teater	nei	term innan køyrey; metode innan restaurering
6	konnotasjonar (6.x.3.2, 6.x.4.2)	nei	2000; modernitet. 2011: eksklusivitet.	2000: modernitet. 2011: modernitet, suksess.	2000: modernitet. 2011: modernitet, balansert livsstil.	2000: modernitet. 2011: modernitet, fornying, noko kunstig.
7	verdilading (6.x.3.2, 6.x.4.2)	2000: positiv. 2011: positiv eller negativ	nei	positiv	nei	2000: nei 2011: døme på negativ verdilading
8	overført tyding	2000: (ja)	2000/2011: ja	nei	2000/2011: ja	2000: ja

	(6.x.3.3, 6.x.4.3)	2011: nei				2011: ja, om køyrety
9	brukt saman med nærliggande ord (6.x.3.4, 6.x.4.4) (S) = synonym (N) = nærliggjande ord	2000: nei 2011: stепен' doverija (S)	2000: otbor (S); 2011: nei	2000: trenirovka (S/N) 2011: nei	2000: kul'turizm (S/N) 2011: nei	2000: podtjažka 2011: - vyvešivanie (S) (gjeld ikkje vanleg tyding)
10	tyding av aktivitet (verbalhandling)	2000: (ja) 2011: nei Om aktivitet: <i>rejtingovanie</i>	ja	2000: nei (ja) 2011: ja	<b>ja</b> <sup>90</sup>	ja
11	tyding av hending	nei	<b>ja</b>	ja	nei	<b>ja</b>
12	tyding av ei samla eining av hendingar	nei	nei (ja)	<b>ja</b>	nei	nei
13	tyding av resultat av verbalhandling	<b>(ja)</b> <sup>91</sup>	2000: ja 2011: ja, òg som «eigenskap»	nei	2000: nei 2011: eitt uklårt tilfelle	2000: nei 2011: ja
14	fleirtalsform	ja	ja	ja (opp kraftig frå 2000 til 2011)	nei	ja
15	tyding av telisitet bak handlinga	telisk, om ein føreset at <i>rejting</i> = resultat av ei handling; elles er telisitet irrelevant	telisk eller atelisk	telisk eller atelisk	atelisk	telisk eller atelisk
16	tyding som har treff i berre i 2000 eller berre i 2011 (6.x.5)	nei	2011: term innan fiske	2011: mogleg spesialisert bruk innan teater	nei	2011: metode innan restaurering (eitt treff)

Tabellen syner at ing-ord vart nemnde i NKRJa-ak i svært ulik grad. Generelt ser det til dømes ut til å bli snakka mykje meir om *rejting* enn om *bodibilding* eller *lifting* i russiske aviser i 2000-2008. Absolutte tal frå Integrum indikerer at orda sin popularitet i forhold til kvarandre forandra seg i den perioden eg har undersøkt. Tala til *kasting* auka i langt større grad enn tala til dei andre orda. At det var skilnad på kor ofte orda vart nemnde i materialet syner at språket, her representert ved

90 Den tydinga som er mest vanleg for ordet er utheva.

91 I den grad *rejting* kan seiast å uttrykkja verbalhandling er det som resultat av verbalhandling. *Rejting* har lite att av noko tyding av verbalhandling.

tekstsamlingar, er uttrykk både for *korleis* folk snakkar og *kva* dei snakkar om (sml. Plungjan 2006, Kopotev og Mustajoki 2008).

Det var ikkje fullt samsvar mellom tydingane til orda eg har undersøkt i engelsk og russisk. Undersøkinga mi viste at alle dei engelske orda var førte opp med ei eller fleire tydingar som eg ikkje fann att i russiske ordbøker. Alle tydingane til dei engelske orda var altså ikkje overførte til det russiske ing-ordet. Ryazanova-Clarke og Wade (1999) og Marinova (2008) skriv at eit ord ofte blir lånt i ei tyding, men eg har funne døme på at ing-orda kan bli lånte i fleire tydingar, sml. *trening* og *rejting*. Dette er mest sannsynleg lån som er gjort uavhengige av kvarandre, altså sekundærlån. Med andre ord kan ein seia at det har blitt lånt ei og ei tyding, fleire gongar. I dei russiske ordbøkene hadde *rejting*, *kasting* og *lifting* tydingar som ikkje var ført opp i engelske ordbøker. Materialet mitt viser såleis òg liknande funn som dei Lebedeva (2010) har gjort for russisk slang: tydinga som eit lånord har i målspråket treng ikkje finnast i kjeldespråket.

Materialet mitt synte at det heller ikkje var fullt samsvar mellom ordet slik det vart definert i russiske ordbøker og slik det vart brukt i avistekst i 2000 og 2011. Dette har synt seg på ulike måtar hjå dei ulike orda. Eg fann tydingar av *trening* og *lifting* i Integrum som ikkje var førte opp i russiske ordbøker. Tydinga av *trening* kan vera relatert til den mest vanlege tydinga av *trening*, medan tydinga av *lifting* ikkje såg ut til å vera relatert til tydinga *andletslyfting*. Det kan vera fleire grunnar til at desse tydingane ikkje var nedteikna i ordbøkene eg har sett på. Tydingane kan vera nye, eller dei kan vera rekna som for spesialiserte til å bli nedteikna i generelle ordbøker over lånord. Funna av desse tydingane i materialet mitt kan òg vera tilfeldige, og visa til sporadisk bruk. Materialet mitt var ikkje stort nok til å avgjera dette. Utvikling av spesialisert tyding blir oppfatta som typisk for lånord i dag (sml. Marinova 2008), og funna for *trening* og *lifting* kan vera eit utslag av ei slik utvikling.

Krysin (1996:158) nemner bruk i overført tyding som eit teikn på at lånord er integrerte i språket. *Kasting*, *lifting* og *bodibilding* er brukte i overført tyding både i 2000 og 2011. *Rejting* og *trening* vart ikkje observerte i bruk i overført tyding i materialet mitt, med unntak av eitt mogleg døme frå 2000. Eg vil likevel ikkje tolka dette som eit uttrykk for at *rejting* og *trening* ikkje er integrerte i språket: mangelen på observasjonar som gjeld desse orda kan vera tilfeldig, og overført tyding er heller ikkje den vanlegaste bruken av dei andre orda.

Dei vanlegaste konnotasjonane eg fann i materialet mitt var konnotasjonar til *modernitet*, som eg fann for alle ord bortsett frå *rejting*. I mange tydingar var det snakk om moderne *realia* bak dei fem orda, altså konsept som ikkje fanst tidlegare. *Trening*, utanom idrett, *lifting* og *rejting av popularitet* er nye forståingar. Dette gjeld òg kanskje *kasting*: dei fleste former for handlingane eller resultatane av handlingane *kasting* var ikkje aktuelle i sovjettida. *Bodibilding* er uttrykk for ei noko eldre forståing i russisk, men kan ha fått nye konnotasjonar som del av ein moderne livsstil. Sterkare enn «konnotasjon til modernitet» kan ein altså seia at ing-orda i undersøkinga mi ofte er uttrykk for moderne, nye handlingar. Som nemnd i kapittel to viser Marinova (2008) at *kopiering* av tydinga til eit ord i kjeldespråket er typisk der *realia* blir lånte frå ein annan kultur. Undersøkingane mine kan ikkje utelukka at det har skjedd nettopp ei kopiering av tydinga i engelsk, men at denne har utvikla seg vidare i russisk. Positiv og negativ verdilading kan oppstå på bakgrunn av evaluering av *realia* bak lånord (sml. Marinova 2008). Materialet synte at det var mogleg å forstå ei positiv verdilading bak somme ord i somme døme, men at evalueringa i slike tilfelle var avhengig av talaren sine vurderingar.

Materialet viste at ing-orda i ulik grad vart brukte saman med synonym eller nærliggjande ord. *Lifting* og *kasting* vart i 2000 forklarte, høvesvis med *podtjazka* og *otbor*. Eg observerte ikkje dei same forklarande orda i 2011. Likeeins vart *trening* brukt med tilsynelatande nær synonym tyding med *trenirovka* i 2000, men ikkje i 2011. Sjølv om det er mogleg at funna er tilfeldige, kan dette vera eit teikn på at orda i større grad vart forstått i 2011 enn i 2000. Dette kan tyda på at det har skjedd ei utvikling av orda mot å bli meir integrerte. Som Marinova (2008) peiker på kan lånord dra nytte av å ha ein ekvivalent i målspråket, men vil sidan fjerna seg frå tydinga til ekvivalenten. Når lånordet utviklar ein eigen semantikk er det lettare for det å festa seg. *Rejting* vart ikkje forklart i 2000, men vart forklart med *stepen' doverija* i eitt treff i 2011. Samla sett er dette teikn at *rejting* vanlegvis ikkje blir forklart i perioden etter 2000, og sannsynlegvis er det ikkje lenger behov for dette. I det tilfellet det vart forklart i 2011 var det etter mi meining ikkje for å avklara innhaldet i ordet, men for å tilføra ekstra tydingar til ordet.

Ing-orda synte ulike utslag av verbalhandling i materialet mitt. Den mest typiske tydinga av kvart einskild ord, når det gjeld utslag av verbalhandling, er utheva i tabellen. Som vist er hovudtydinga, og kanskje den einaste tydinga til *bodibilding* i mitt materiale, aktivitet. Tydinga til *bodibilding* ligg altså nært substantiveringa av ei verbalhandling. I mi forståing av *telisitet* har *bodibilding* rein atelisk tyding, sjå kapittel 3.1.7. *Bodibilding* har ikkje andre tydingar i mitt materiale, men *bodibilding* kan òg finnast i andre tydingar, sjå til dømes Marinova (2008). *Rejting* har hovudsakleg

tyding av resultat av verbalhandling. Tydinga av verbalhandling har så godt som forsvunne, og *rejtigovanie* blir difor i 2011 brukt for å visa til aktiviteten bak *rejtig*. Dei andre orda i undersøkinga kan alle brukast i tyding av aktivitet eller hending, og dei kan brukast i telisk eller atelisk forståing. *Kasting* kan brukast i forståing av resultat av verbalhandling, noko òg *lifting* kan i 2011. *Trening*, og kanskje *kasting*, kan i somme tilfelle uttrykkja ei samling av hendingar.

Med unntak av *bodibilding* har alle ing-orda i undersøkinga fleirtalsform. Bruk av fleirtalsform har auka kraftig for *trening*. Det er òg fleire døme på bruk av *lifting* i fleirtalsform i 2011 enn i 2000, men i og med at *lifting* har få treff i 2000 er det vanskeleg å seia om dette er tilfeldig. For *rating* er det observert fleire tydingar av fleirtalsform i 2011 enn i 2000. *Kasting* har hatt ein nedgang i talet på dokument der det førekjem i fleirtalsform. Det er ikkje noko generell utvikling mot meir bruk av fleirtalsform for dei fire orda som har fleirtalsform.

## 7.0 Konklusjonar

Som eg viste i kapittel tre, vurderte eg det som sannsynleg at ing-ord kunne bli assosierte med noko framand i russisk, av di dei er lånord. Eg såg òg på det som mogleg at ing-orda kunne ha felles tydingar basert på tilknytning til verbalhandling. I kapittel fem og seks har eg presentert ein del ulike trekk i tyding og utvikling av tyding hjå ing-ord. Her vil eg trekkja fram observasjonar eg har gjort som gjeld ing-ord si tyding og utvikling av tyding.

I lista over ing-ord, som er basert på eit søk i NKRJa-ak, er det fleire ing-ord enn det Bobrova (1980) og Sešan (1996) tidlegare har funne. Lista mi tyder altså på at det har kome fleire ing-ord inn i det russiske språket etter at deira undersøkingar vart gjort, sjølv om undersøkinga mi er avgrensa til å femna om avisspråket. Lista viste heterogene trekk ved ing-ord: dei høyrer til ulike sfærar av språket, noko som stemmer med blant anna Nikolaeva (2008) sine observasjonar om at ing-ord høyrer til ulike sfærar. Lista synta at det ikkje var noko direkte, utvitydig band mellom eit russisk ing-ord og ei form av eit engelsk verb, noko eg har vist at heller ikkje kvalitetane til suffiksa *-ing* i engelsk gav grunnlag for å tru, sjå kapittel tre.

Ordbøkene eg har sett på har synt semantiske skilnader mellom engelsk og russisk for dei fem ing-orda eg undersøkte spesielt. Det kom fram at ing-orda ikkje hadde lånt alle tydingar av dei engelske orda. Definisjonane i russiske ordbøker skilde seg frå dei engelske definisjonane òg innanfor tydinga(ne) som var lånt. Det var teikn til at minst eitt av orda, *rejting*, hadde lånt ulike tydingar frå engelsk ved ulike tidspunkt. Sidan lån av ulike tydingar kan ha vore gjort ved ulike tidspunkt er det mogleg at ing-orda fylgjer Ryazanova-Clarke og Wade (1999) og Marinova (2008) sine observasjonar om at lånord gjerne blir lånte i ei tyding. Ein kan i så fall snakka om fleire lån som til saman fører til polysemi hjå ordet. Lån ved analogi kan ha skjedd i tilfelle der det blir forstått fellestrekk i tyding og morfologisk struktur, jamfør Krysin (2007) og Marinova (2008). Analogi kan av og til vera grunnen til at det har blitt lånt eit ing-ord framfor eit anna ord. Eg har diskutert om dette kan ha skjedd med *monitoring* og *lifting*, sjå høvesvis kapittel 5.1.3 og 6.5.2.

Det å undersøkje eit ord i kontekst er grunnleggjande ulikt frå det å undersøkje eit ord som står i isolasjon. Som eg har vist er det diskutabelt om ein kan snakka om ei tyding hjå leksikalsk eining som er totalt isolert frå kontekst. Samstundes er det i somme høve utfordrande å skilja mellom den tydinga eit ord har og den tydinga konteksten gjev, som vist av Warren (1999). Eg fann oftast att dei isolerte tydingane som var skildra i ordbøker i kontekstar i Integrum, men i Integrum fann eg fleire

moglege tydingar av ordet. I Integrum var det òg eit meir nyansert bilete av ordet si tyding. Dei fleste tydingane kunne plasserast som del av dei tydingane ordbøkene viste. Slik Marinova (2008) har kommentert at fleirtalsforma av ing-ord kan gje grunnlag for nye tydingar som seinare kan bli festa i ordbøker, meiner eg at konnotasjonar, bruk i overført tyding og ulike utslag av verbalhandling på sikt kan føra til nye tydingar, jamfør Warren (1999). Som diskutert i kapittel seks er den konnotasjonen som eg har funne oftast, relatert til ordet sin modernitet, alternativt kan ein snakka om ei forståing av moderne realia bak orda. Somme av ing-orda viste seg å ha utvikla tydingar i russisk som ikkje var skrivne ned i ordbøker. Dette galdt *kasting* og *lifting*. *Kasting* kan ha utvikla ei tyding som er spesialisert, medan *lifting* kan ha lånt ei ny tyding frå engelsk.

I mitt materiale har eg observert ei utvikling frå bruk av forklaringar for nokre av orda i 2000 (*lifting*, *kasting*), mot fråvere av bruk av forklaring for orda i 2011. Eg meiner at dette er eit teikn på at orda har blitt meir integrerte i språket.

Undersøkinga har vist at orda i ulik grad har bevart ei tyding av verbalhandling. Dei fleste kombinerer ulike typar verbalhandling, som gjev ulike deltydingar med små skilnader i tyding. *Kasting* kan til dømes ha tyding av hending, verbalhandling og resultat av verbalhandling, og kanskje òg ei samling av hendingar. *Bodibilding* har på den andre sida berre tyding av aktivitet i mitt materiale, og andre tydingar ser ut til å vera sjeldne for dette ordet. Ein mogleg forklaring på dette er at *bodibilding* har gått inn i språket som ei idrettsgrein på lik linje med til dømes fotball og handball, og teke over strukturar i tyding som er typiske for idrettsgreiner. *Rejting* har hovudsakleg tyding av resultat av verbalhandling, og har som fylgje av dette mindre igjen av ei tyding av verbalhandling enn dei andre orda i undersøkinga. Avleiinga *rejtingovanie* er i bruk både i NKRJa-ak og Integrum. *Rejtingovanie* er uttrykt i materialet mitt frå 2011, men ikkje frå 2000. Dette kan hengja saman med at *rejting* i mitt materiale ser ut til å ha mista den tydinga av aktivitet som ordet kunne tenkjast å ha, men som var sjeldan, i 2000. For dei fire andre orda er det per dags dato (20.8.2012) ikkje noko tilsvarande verbalsubstantiv i bruk i NKRJa-ak, og heller ikkje i Integrum, med unntak av *kastingovanie*, som er nemnd i eitt dokument i heile Integrum (22.8.2012). For tre av orda (*trening*, *lifting* og *kasting*) har eg funne at ing-ordet kan opptre med både atelisk og telisk tyding, medan telisitet kan seiast å vera irrelevant eller marginalt for *rejting*.

Marinova (2008) la fram tal som viste at dei fleste ing-orda ho undersøkte hadde fleirtalsform. Fire av mine fem ing-ord var dokumenterte i fleirtalsform i mitt materiale. Materialet mitt viste at særleg *trening* hadde ein oppgang frå 2000 til 2011 når det gjeld fleirtalsform, frå 30,3 % av treffa i 2000



til 65,7 % av treffa i 2011. Som eg har vist i kapittel 6.6 er det ikkje grunnlag for å hevda at bruken av fleirtal går opp generelt sett. Marinova (2008) viser at det går føre seg konkretisering av alle abstrakte substantiv som dannar fleirtalsform i russisk, og at det er mest utbreidd at den abstrakte handlinga får tyding av eit konkret, teljeleg uttrykk for handlinga eller tyding av resultat av handlinga. Eg har funne ei av desse tydingane, eller begge to, hjå alle ing-orda i undersøkinga mi som dannar fleirtalsform. Dette viser at ing-ord tek del i generelle semantiske prosessar i russisk, som altså ikkje berre er typiske for ing-ord.

Ein kan diskutera om den endringa i samfunnet som ing-ord kan uttrykkja kan hengja saman med *-ing* sin status i låneverksemd ikkje berre til russisk, men til andre språk. *-Ing* er eitt av suffiksa Krysin (2004) nemner som utslag av internasjonalisering av både ord, røter og morfem, jamfør kapittel 3.2.2.2. Parallelt med at det russiske samfunnet har endra seg ser ein altså at òg tradisjonar for låneverksemd har endra seg. Ein kan spørja seg om samfunnet til ein viss grad blir internasjonalisert saman med språket. Sosiolingvistiske undersøkingar kan bringa oss nærare eit svar på om desse endringane er to sider av same sak.

Finst det så teikn til felles tydingar blant ing-ord i russisk presse i perioden etter år 2000? Mitt materiale tyder på at det er somme tydingar som er felles for ing-ord:

- Alle ing-orda eg har sett på har bevart noko av tydinga som verbalsubstantiv, sjølv om dette har fått ulike utslag. Ing-ordet kan til dømes ha ein tyding av aktivitet, hending, resultat av verbalhandling eller ei samla eining av hendingar. Nokre har bevart utslag av telisiteten som det opphavlege engelske verbet òg hadde.
- Det ser ut til å utvikla seg fleire tydingar av ing-orda i teljeleg form i det materialet eg har sett på, hjå *rejting*, *kasting* og *lifting*. Dette kan tyda på at ing-ord kan ta del i prosessar for ing-ord der det i større grad enn før blir utvikla fleirtalsform.

- Det ser ut til å vera typisk i materialet mitt at ing-ordet kan vera del av skildringa av eit moderne samfunn. Denne forståinga skil seg frå mi forventning om at ing-ord skulle kunna forståast som noko framand. Bruk av orda uttrykkjer at det har skjedd endringar i samfunnet, som sjølvsagt kan opplevast som framande, eller vurderast som positive eller negative, men som fyrst og fremst er uttrykk for endringar i realia. Dette er eit utslag av at ing-ord er lånord, og at lånord kan uttrykkja nye realia. Uttrykket for modernitet gjeld ikkje for alle døma eg har sett på.
- Materialet tyder på at somme ing-ord kan utvikla nye tydingar i russisk. Ikkje alle desse tydingane er skildra i russiske ordbøker over lånord. Tydinga(ne) som er lånte frå engelsk har blitt modifisert og/eller utvida på vegen frå engelske til russiske ordbøker hjå alle dei fem orda eg har sett på. To av ing-orda, lifting og trening kan ha utvikla tydingar som ikkje har blitt festa i ordbøker.

Som nemnd tidlegare i denne oppgåva må eit eventuelt verbalt band hjå ing-ord vurderast for det einskilde ordet. Eg vil vera varsam med å generalisera nokon av funna mine, men meiner at eg har peikt på tydingar som ein sannsynlegvis vil finna att òg for andre ing-ord.

Med ei stadig større mengd digitalisert tekstmateriale tilgjengeleg er det mogleg å utføra undersøkingar av den typen eg har skildra òg i andre typar tekst. Undersøkinga mi har danna grunnlag for vidare undersøkingar, gjennom at det blir presentert ein oversikt over alle ing-ord i ei avgrensa mengd tekst, med opplysningar om kor ofte det einskilde ordet er nemnd i materialet. Detaljar om korleis materialet er samla, om materialet som lista er basert på og om sjølve lista gjer det mogleg å tilpassa lista etter eigne kriterium og forska vidare på ing-ord.

# Kjelder

## Litteraturliste

